

Årsmelding og årsrekneskap 2025



ALVER
KOMMUNE

Innhald

Kommunedirektøren si innleiing.....	4
Høgdepunkt frå 2025	6
Samandrag.....	11
Befolkningsutvikling	12
Økonomiske hovudoversikter	13
Status drift for kommunen (§5-4 første ledd).....	13
Status drift for tenesteområda (§5-4 andre ledd)	14
Økonomisk oversikt (§5-6)	14
Kommentar til økonomisk oversikt	15
§ 5-8 Balanse	16
Nærare forklaring av hovudoversiktene	20
Sentrale inntekter.....	20
Finansinntekter og -utgifter	21
Status økonomiske måltal	23
Disposisjonsfond	23
Utvikling i netto driftsresultat	24
Netto lånegjeld.....	24
Netto renteberande gjeld	25
Risikofaktorar og kommunens økonomiske stilling	27
Investeringar.....	30
Løyvingsoversikt investering etter §5-5 første ledd	30
Løyvingsoversikt investering etter §5-5 andre ledd.....	32
Status investeringsprosjekt	38
Samfunnssikkerhet og beredskap	44
Personal og organisasjon.....	45
Årsverk.....	45
Likestilling	45
Etikk	46
Internkontroll	47
Sjukefråver	49
Oppfølging av verbalvedtak	51
Finansrapport	55
Kommunens sektorar	65
Politisk styring	65

Organisasjon.....	66
Helse og omsorg	71
Oppvekst.....	81
Samfunnsutvikling	99
Årsrekneskap	116
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd.....	116
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd.....	117
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd.....	118
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd.....	120
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd.....	121
Balanse	126
Økonomisk oversikt drift etter § 5-6.....	128
Løyvingsoversikt samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonaretter etter § 5-9.....	129
Rekneskapsprinsipp.....	131
Note 1 - Endring i arbeidskapital.....	133
Note 2 - Ytingar til leiande personer og revisor	134
Note 3 - Pensjon	135
Note 4 - Varige driftsmidler (anleggsmidler).....	138
Note 5 - Aksjar og andelar	140
Note 6 - Langsiktig gjeld og avdrag på lån.....	141
Note 7 - Oppgåve over kommunale garantier	144
Note 8 - Avsetningar og bruk av avsetninger	145
Note 9 - Sikring av finansielle eiendeler og forpliktelser	148
Note 10 - Kapitalkonto	149
Note 11 - Utlån	151
Note 12 - Gebyrfinansierte sjølvkosttenester.....	152
Note 13 - Interkommunale samarbeid.....	155
Note 14 - Spesifikasjon av vesentlege postar i rekneskapen	158
Note 15 - Finansielle instrumenter og obligasjoner.....	159
Note 16 - Usikre forpliktingar, betinga eigedelar eller hendingar etter balansedagen.....	160
Note 17 - Tidlegare endringar i rekneskapsprinsipp.....	161

Kommunedirektøren si innleiing

Alver kommune i endring, ansvar og framtidstru

2025 vart eit år som i stor grad handla om å ta ansvar for heilskapen. Ved inngangen til året stod Alver kommune i ein krevjande økonomisk situasjon. Det var tydeleg at vi måtte handle raskt, målretta og samla for å sikre ei berekraftig drift og unngå å miste det økonomiske handlingsrommet vårt. Dei vala vi stod overfor, var ikkje enkle. Samstundes var det heilt nødvendig å møte utfordringane med realisme, tydeleg leiing og vilje til omstilling.

Gjennom året har vi arbeidd systematisk for å finne løysingar som kan bringe kommuneøkonomien i betre balanse. Organisasjonsprosjektet som kommunestyret vedtok hausten 2023, gav retning for eit omfattande kartleggings- og omstillingsarbeid på tvers av sektorane. Med støtte frå PwC starta vi tidleg i 2024 eit grundig arbeid for å identifisere tiltak som kunne gje store og varige innsparingar. Målet var å leggje grunnlaget for ein meir robust kommuneøkonomi, samstundes som vi skulle verne om dei viktigaste tenestene til innbyggjarane.

Systematisk arbeid for å få kommuneøkonomien på rett kjøl

2024 vart difor ikkje berre eit år for å kartleggje utfordringar, men også eit år for å ta reelle grep. I budsjett- og økonomiplanarbeidet for 2025 vart det understreka at Alver kommune framleis hadde ein jobb å gjere for å få økonomien på rett kjøl, friskmelde kommuneøkonomien og byggje kraft til å vidareutvikle kommunen for framtida. Nettopp dette perspektivet har vore styrande for arbeidet vårt gjennom heile året: Vi må både handtere den akutte økonomiske ubalansen og samstundes halde fast ved ambisjonen om å utvikle ein sterk, attraktiv og framtidsretta kommune.

To område peika seg særleg ut som avgjerande i omstillingsarbeidet: Helse og omsorg, og barnehage- og skulestrukturen. Dette er område som både betyr mykje for kommuneøkonomien og som er heilt sentrale for kvardagen til innbyggjarane våre. Difor har det vore viktig å arbeide grundig, involverande og kunnskapsbasert. Samstundes har vi vore opne om at omstilling også krev prioriteringar som kan opplevast krevjande for mange.

Innan helse og omsorg har sektoren teke store og nødvendige steg i løpet av året. Med store innsparingskrav har det vore behov for endringar i turnusar, bemanning og organisering av tenestene. Dette har stilt mykje av både leiarar og tilsette. Eg er imponert over den innsatsen som er lagd ned for å finne nye arbeidsmåtar og for å halde oppe kvaliteten i tenestene i ein krevjande periode. Gjennom mellom anna Tørn-prosjektet, ROS-analysar og målretta utviklingsarbeid har sektoren vist stor evne til omstilling. Det er nettopp denne evna vi må byggje vidare på i åra som kjem.

Barnehage- og skulebruksplanen har på si side vore eitt av dei mest omfattande og engasjerande arbeid. Det store talet på høyringssvar og det breie engasjementet frå innbyggjarar, tilsette og politiske miljø viser kor viktig denne saka er for lokalsamfunna våre. Når vi gjer strukturelle grep i oppvekstsektoren, handlar det ikkje berre om økonomi, men om kvalitet, tryggleik, tilhøyrse og framtidstru. Målet har vore å leggje til rette for ein struktur som er fagleg god, økonomisk berekraftig og betre rusta for framtida. Arbeidet med oppvekstsektoren vil òg framover vere ein viktig del av det samla omstillingsarbeidet i kommunen.

Også i den sentrale organisasjonen har 2025 vore prega av endring. Vi har gjennomført tiltak for å bruke ressursane betre, forenkle strukturar og styrkje gjennomføringsevna. Samanslåinga av funksjonar innan HR, løn, økonomi og rekneskap, og ei tydelegare og meir kompakt leiargruppe, er døme på grep som skal gi betre samordning, raskare avgjerdsprosessar og meir tydeleg leiing. Samstundes har vi arbeidd vidare med organisasjonskulturen vår. I møte med store endringar er det avgjerande at vi byggjer ein kultur

prega av tryggleik, ansvar, openheit og samhandling. Det er dette som gjer oss i stand til å stå i omstilling over tid.

Sjølv om 2025 i stor grad har vore prega av økonomisk innstramming og krevjande prioriteringar, er det viktig å minne om at Alver kommune også er ein kommune med store moglegheiter. Vi er ein av dei viktigaste industrikommunane i landet, og vi har sterke fagmiljø, eit aktivt næringsliv og strategiske fortrinn som gir grunnlag for vidare vekst og utvikling. Med Mongstad, Equinor og Framo, som sentrale aktørar spelar Alver ei viktig rolle i industriutviklinga og det grønne skiftet. Initiativ som Greenspot Mongstad viser at vi både kan handtere krevjande omstilling i eigen organisasjon og samstundes vere ein offensiv samfunnsutviklar. Det perspektivet er viktig å halde fast ved: Økonomisk ansvarlegheit og framtidsretta utvikling må gå hand i hand.

Samarbeid

Ingen omstilling av denne storleiken let seg gjennomføre utan tett samarbeid. Eg vil difor rette ein særleg takk til dei tillitsvalde, vernetenesta, leiarane og alle tilsette som gjennom året har bidrege med innsats, faglege vurderingar, motførestellingar, forslag og løysingar. Omstilling krev både mot og tillit. Det krev evne til å stå i usemje, og samstundes halde fast ved eit felles mål: Å skape gode og berekraftige tenester for innbyggjarane i Alver.

2025 har vore eit år med krevjande avgjerder, men også med viktige milepålar. Vi har teke grep som var nødvendige, og vi har styrkt grunnlaget for vidare arbeid i 2026 og åra framover. Arbeidet er ikkje ferdig, men retninga er tydeleg. Vi skal halde fram med å byggje ein kommune som er økonomisk berekraftig, fagleg sterk og rusta for framtida. Alver kommune står i endring, men vi står også samla – med ansvarskjensle, gjennomføringsevne og tru på at vi saman kan lukkast.

Christian Fredrik Fotland
Kommunedirektør

Høgdepunkt frå 2025

Januar



- **Heider til heidersmann:** Under nyttårskonserten til Meland Musikklag deler ordførar Sara Sekkingstad ut Kongens Fortenestemedalje til Knut Sagstad. Han får medaljen etter mange tusen timar dugnadsarbeid i musikklaget.
- **Friluftslivets år:** Kulturavdelinga sparkar i gang Friluftslivets år 2025 med kaffi og kakao på bålpanne utanfor rådhuset i Knarvik.



Februar

- **12 nye sjukeheims plassar:** Sjukeheimstenesta opnar 12 nye plassar demenssjuke på Såta bu- og servicesenter i Knarvik. Oppretting av tilbodet har gått i rakettfart med god hjelp frå tilsette på drift og reinhald.
- **Gull og sølv i brass-NM:** Manger Musikklag stikker av med sigeren i NM i brass. Eikanger-Bjørsvik Musikklag får 2. plassen. Fleire lokale brassband deltar og gjer ein imponerende innsats.
- **Sirkus Juvikstølen:** Tilsette i Juvikstølen inviterer til det årlege sirkuset i barnehagen – med klovnar og sprell



Mars

- **Den kulturelle spaserstokken:** Tine Taule, Kai Taule og Christian Øvreaas reiser på turne til sjukeheimar, dagsenter og seniorsenter med førestillinga «Tidsmaskina» - som består av eit utval slagerar frå 50-talet og fram til i dag. Turneen er ein del av Den kulturelle spaserstokken.
- **Kultur- og idrettsstipend:** Ordførar Sara Sekkingstad delar ut kultur- og idrettsstipend til 10 ungdomar med spennande prosjekt og framtidsplanar.
- **Barnehagemøte:** Vi samlar alle dei 25 barnehagane i kommunen til sektormøte – der mellom anna barnehagemynde og «universell pedagogikk» er tema.
- **Bordtenningskongen:** Vår lokale bordtennisstjerne Tommy Urhaug imponerer igjen - med tre gull og kongepokal i NM.

April

- **Fem nye Miljøfyrtårn:** Fem nye bedrifter i Alver får kvalitetsstempelen Miljøfyrtårn: Feste trafikksskule, Dekkhuset, Hammar-Kameratane, XL-Bygg Knarvik og Helland Elektro.
- **Påskekyllingar:** Heldige barn i Prestmarka barnehage får følgje eit lite påskemirakel. Ein gut i barnehagen lånar vekk rugekasse og egg – og før påske klekkar dei ut fleire kyllingar.
- **12 nye sjukeheims plassar:** Vi opnar ei ny avdeling på helsehuset i Knarvik. Avdelinga skal vere ei mellomlanding for pasientar som ikkje kan dra heim etter at dei har vore på sjukehus.



Mai

- **2. plass i EM:** Eikanger Bjørsvik tar nok eit sølv i europameisterskap for brassband. I tillegg dirigerer Eline Storheim til sølv i direksjon og Hordaland Ungdomsbrassband med mange lokale ungdomar spelar til gull
- **Camp Håøy:** Elevar frå 8. trinn får to skuledagar utanom det vanlege på Håøy. I fantastisk solskinn lærar dei redning i vatn, livreddande førstehjelp, bruk av kart og kompass og mykje meir. BUA, Nordhordland brann og redning og Nordhordland Røde Kors Hjelpekorps gjer opplegget mogleg
- **Startlån til førstegongsetablerarar:** Alver blir med i ei forsøksordning med startlån for dei som skal kjøpe bustad for første gong. Ordninga skal hjelpe fleire inn på bustadmarknaden.
- **Nytt bibliotek:** Meir enn 650 personar tar turen for å vere med på opninga av det nye biblioteket på Frekhaug.

Juni

- **BUA-satellitt på Lindås:** Vi opnar ein ny BUA-satellitt på Lindås – vegg i vegg med Lindåshallen.
- **BUA-satellitt på Vikebø:** Vi opnar endå ein BUA-satellitt, denne gong på Vikebø. Her kan innbyggjarar i nabolaget låne utstyr til sport og friluftsliv.
- **Inkluderingspris:** Sæbø skule får inkluderingsprisen til Falck Nordhordland for arbeidet med å gi menneske i sårbare situasjonar ein sjanse til å teste sine moglegheiter i arbeidslivet.



Juli

- **EM-gull:** Andrea Nygård Vie frå Holsnøy tar eit imponerende EM-gull på 3000-meter hinder i klassen U20.
- **Hopp i havet:** Miljøretta helsevern drar på sin årlege rundtur til 16 badeplassar i kommunen, og rapporterer om utmerka vasskvalitet på alle badeplassane.



August

- **Trygg sykkelparkering:** Med midlar frå Miljøløftet set kommunen opp sykkelskap på kollektivterminalen på Flatøy. Skapa gjer at kollektivreisande trygt kan setje ifrå seg sykkelen sin på kaia.
- **Kurs for tenåringsforeldre:** Eit tverrfagleg team med fagpersonar frå ulike delar av sektorane helse og omsorg og oppvekst inviterer til kurs for tenåringsforeldre. Kurset gir innspel til korleis foreldre kan styrke relasjonen til ungdomane sine.
- **Kurs for ungdom:** Psykologitenesta inviterer ungdom som sliter med å få venner, er redd for å reise vekk eller opplever at livet blir vanskeleg på andre måtar til angstmeistringskurs.

September

- **Alver helsetorg:** Vi opnar ei ny rettleiingsteneste for dei som treng hjelp til å meistre kvardagen eller har behov for informasjon om ulike helsetilbod i kommunen. Målet med etableringa er å bidra til innbyggjarane i Alver kan klare seg sjølv og bu heime lenger
- **Full fart for Alver:** Rekordmange lag frå Alver kommune stiller til start under den årlege Knarvikmila-stafetten. Det sterke gymmlærarlaget til Knarvik ungdomsskule stikker av med sigeren. Nordhordland brann og redning kjem på 3. plass.



Oktober

- **Digital sikkerheit:** Vi markerer den nasjonale sikkerheitsmånaden. Målet er at tilsette skal lære meir om kva digital beredskap er og bli betre kjent med kommunen sine digitale verdier.
- **Innspel til framtida:** Eit førsteutkast til kommunen sin nye arealdel blir sendt på høyring. Planavdelinga inviterer til ei aktiv høyringsperiode med informasjonsmøte i kommunesenteret og alle lokal- og nærsentera, og får til slutt 400 innspel til den viktige framtidsplanen.
- **Frivilligsentral i nytt lokale:** Frekhaug Frivilligsentral feirar nytt lokale i Havnevegen 45 med ope hus.
- **Nynorskdagane 2025:** Vi inviterer til ei durabeleg feiring av nynorsken – med små og store arrangement frå 18. til 28. oktober. Festivalen innheld alt frå konsertar til opplesingar og stadnamnvandringar, og blir arrangert i samarbeid med dei lokale mållaga.
- **Søkjer trygge vaksne:** Barnevernstenesta i Alver rullar ut ei kampanje for å rekruttere fleire fosterheimar til barn og unge i kommunen. I kampanjen møter vi mellom anna Lena, som jobbar i barnevernstenesta i Alver. Ho fortel om det viktige samarbeidet mellom fosterforeldre og barnevernstenesta.

November

- **Allmøte om ungdomsmiljø:** Korleis vi skal vi jobbe for ein trygg og god oppvekst for barn og unge i Alver? Spørsmålet er overskrifta på eit allmøte i regi av fleire avdelingar i kommunen, politi og frivillige lag og organisasjonar i kommunen.
- **Klinisk etisk komite:** Vi etablerer ein klinisk etisk komite, som skal gi eit kvalitetsløft til det etiske arbeidet i helse og omsorg. Komiteen skal behandle problemstillingar der fagleg skjønn og juss ikkje gir klare svar.



- **Innspel til frivilligstrategi:**

Frivilligsentralane i Alver inviterer til innspelsmøte på helsehuset i Knarvik. Spørsmåla er: Kva er viktig for deg som frivillig eller din organisasjon? Korleis vil du at frivilligheita skal sjå ut i framtida?

- **Kulturpris til eldsjel:** Ordførar Nina Bognøy heidrar Inge A. Alver med kulturprisen for arbeidet han har gjort for kultur og fellesskap gjennom mange år.

- **50-årsfeiring:** Bebuarar, pårørende, tilsette, frivillige og andre inviterte feirar at Meland sjukeheim er 50 år.

- **Nye fagarbeidarar:** Gjennom året tar fleire av kommunen sine tilsette ulike fagbrev. I november feirar vi to nye fagarbeidarar i reinhaldsfaget – Nadine Thiele og Ann Kristin Risnes.



Desember

- **Service på flyttefot:** Innbyggjarservice flyttar frå senteret til rådhuset i Knarvik.
- **Juleglede til 1000:** Responsen på julegåveaksjonen 2025 er enorm! Alver frivilligsentralar og Nordhordland Røde Kors oppsummerer: Over 1000 innbyggjarar har fått julehjelp.
- **Frivilligpris til Kløvheim:** Varaordførar Torgeir Andvik deler ut frivilligprisen til Kløvheim bygdelag og Kløvheim ungdomslag – to lag som har betydd mykje for lokalsamfunnet på Kløvheim.
- **Vedtak på budsjett og økonomiplan:** Kommunestyret vedtar budsjett for 2026 og økonomiplanen for 2026-2029. Økonomiplanen inneheld ei rekkje innsparings- og omstillingstiltak. Vi skal mellom anna flytte midlar frå oppvekst til helse og sjå på barnehage- og skulestruktur på ny, setje tenestepensjon på anbod og hente ut fleire gevinstar ved bruk av kunstig intelligens.



Samandrag

Rekneskapsresultat 2025 - oppsummert

Netto driftsresultat for Alver kommune i 2025 viser eit meirforbruk på 42,8 millionar kroner (-1,2 %). Det politisk vedtekne budsjettet la opp til eit meirforbruk på 64,8 millionar kroner (-2,0 %). Resultatet er 22 millionar kroner betre enn det som var budsjettert for 2025.

Det vart nytta 68,1 millionar kroner frå disposisjonsfondet i 2025. Dette er 8,1 millionar kroner mindre enn det som var budsjettert. Årsaka til at betringa i driftsresultatet er større enn reduksjonen i bruken av disposisjonsfondet, er at meir pengar enn planlagt vart sette av til bundne driftsfond.

Det betre resultatet kjem særleg av mindreforbruk i sektor samfunnsutvikling, høgare skatteinntekter enn venta og høgare avkastning på midlar og fond.

Du finn utfyllande informasjon og kommentarar til dei sentrale postane i kapitla [Økonomiske hovudoversikter](#) og [Nærare forklaring av hovudoversiktene](#).

Resultata for dei ulike sektorane er omtala under [Kommunens sektorar](#).

Den lovpålagde årsrapporteringa for Alver kommune

Den lovpålagde årsrapporteringa for Alver kommune i 2025 består av årsrekneskap med notar og årsmelding.

Kommunelova stiller krav til kva årsmeldinga skal innehalde. Etter kommunelova § 14-7 skal årsmeldinga gjere greie for:

- forhold som er viktige for å vurdere den økonomiske utviklinga og den økonomiske stillinga til kommunen, og om utviklinga gir kommunen økonomisk handlingsrom over tid
- vesentlege avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå føresetnadene kommunestyret har lagt til grunn for bruken av løyvingane
- måloppnåing i verksemda og andre forhold som er viktige for kommunen eller innbyggjarane, også forhold som ikkje er økonomiske
- tiltak som er sette i verk, og tiltak som er planlagde, for å sikre ein høg etisk standard
- den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling mellom kjønna
- kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgivaren si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringslova § 26


Årsmeldinga skal vere lagd fram seinast 31. mars.

Befolkningsutvikling

Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2025

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Folketal ved inngangen av kvartalet	29 224	29 337	29 593	29 920	29 986	30 169
Fødde	288	265	265	281	235	265
Døde	182	190	216	224	236	217
Fødselsoverskot	98	98	49	57	-1	48
Innvandring	83	111	207	129	449	208
Utvandring	53	91	93	99	119	133
Innflytting, innanlands	991	1 084	1 165	1 076	1 048	1 099
Utflytting, innanlands	1 006	943	1 006	1 105	1 192	1 107
Netto innvandring og flytting	15	161	273	1	186	67
Folkevekst	113	256	327	66	183	116
Folketalet ved utgangen av kvartalet	29 337	29 593	29 920	29 986	30 169	30 285

År



Folketalet i Alver auka med 116 personar i 2025, noko som svarer til ein vekst på om lag 0,38 %. Dette er lågare enn veksten i 2024, då folketalet auka med 183 personar. I motsetnad til året før var det i 2025 igjen eit fødselsoverskot, med 48 fleire fødte enn døde. Samstundes var netto innvandring og flytting lågare enn i 2024. Innvandringa gjekk ned frå 449 til 208 personar, medan utvandringa auka noko. Samla sett bidreg både fødselsoverskot og netto tilflytting til folkevekst i 2025, men veksten er svakare enn året før.

Økonomiske hovudoversikter

Status drift for kommunen (§5-4 første ledd)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev.bud. 2025	Avvik i kr
Rammetilskot		-1 226 489	-1 284 290	-1 318 865	-1 302 913	-1 318 865	-15 952
Inntekt- og formuesskatt		-990 646	-1 105 810	-1 102 927	-1 132 433	-1 102 927	29 506
Eigedomsskatt		-108 693	-96 000	-94 700	-93 604	-94 700	-1 096
Andre generelle driftsinntekter		-180 197	-131 857	-127 720	-119 976	-127 720	-7 744
Sum generelle driftsinntekter		-2 506 026	-2 617 957	-2 644 212	-2 648 925	-2 644 212	4 713
Korrigert sum løyvingar drift, netto		2 373 137	2 479 596	2 512 659	2 500 566	2 512 659	12 094
Avskrivningar	4	146 961	158 697	158 697	148 290	158 697	10 407
Sum netto driftsutgifter		2 520 098	2 638 293	2 671 356	2 648 855	2 671 356	22 501
Brutto driftsresultat		14 073	20 336	27 144	-70	27 144	27 215
Renteinntekter		-46 382	-35 220	-56 080	-59 506	-56 080	3 426
Utbytte		-45 126	-35 000	-36 100	-36 101	-36 100	1
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	15	-15 103	0	-7 000	-10 953	-7 000	3 953
Renteutgifter	6	167 783	145 760	182 171	184 238	182 171	-2 067
Avdrag på lån	6	110 095	118 800	113 400	113 496	113 400	-96
Netto finansutgifter		171 266	194 340	196 391	191 175	196 391	5 216
Motpost avskrivningar		-146 961	-158 697	-158 697	-148 290	-158 697	-10 407
Netto driftsresultat		38 378	55 979	64 838	42 815	64 838	22 023
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering		6 677	6 400	8 650	10 370	8 650	-1 720
Avsettingar til bundne driftsfond	8,12	14 819	3 434	3 434	24 207	3 434	-20 773
Bruk av bundne driftsfond	8,12	-9 142	-717	-717	-9 275	-717	8 557
Avsettingar til disposisjonsfond	8	558	0	0	579	0	-579
Bruk av disposisjonsfond	8	-51 288	-65 096	-76 205	-68 696	-76 205	-7 509
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen		0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		-38 378	-55 979	-64 838	-42 815	-64 838	-22 023
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0	0	0

Status drift for tenesteområda (§5-4 andre ledd)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Sentrale postar		-970	0	0	550	0	-550
Politisk styring		49 682	46 585	46 856	45 937	46 924	987
Organisasjon		109 376	212 209	229 632	118 094	124 560	6 466
Helse og omsorg		1 016 396	982 442	987 546	1 064 324	1 044 978	-19 345
Oppvekst		951 132	992 547	994 638	1 025 652	1 024 848	-804
Samfunnsutvikling		325 426	327 668	335 642	343 052	353 005	9 953
Sum løyvingar drift, netto		2 451 042	2 561 451	2 594 314	2 597 608	2 594 314	-3 294
Av dette:							
Avskrivinger		31 318	35 125	35 125	36 100	35 125	-975
Netto renteutgifter og -inntekter		41 639	44 013	43 813	46 394	43 813	-2 581
Overføring til investering		369	0	0	730	0	-730
Avsetninger til bundne driftsfond		14 613	3 434	3 434	23 561	3 434	-20 127
Bruk av bundne driftsfond		-9 142	-717	-717	-9 275	-717	8 557
Avsetninger til disposisjonsfond		0	0	0	10	0	-10
Bruk av disposisjonsfond		-892	0	0	-479	0	479
Korrigert sum løyvingar drift, netto		2 373 137	2 479 596	2 512 659	2 500 566	2 512 659	12 094

Økonomisk oversikt (§5-6)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Rammetilskot		-1 226 489	-1 284 290	-1 318 865	-1 302 913	-1 318 865	-15 952
Skatt på inntekt og formue		-990 646	-1 105 810	-1 102 927	-1 132 433	-1 102 927	29 506
Eigedomsskatt		-108 693	-96 000	-94 700	-93 604	-94 700	-1 096
Andre skatteinntekter		-143	0	0	-154	0	154
Andre overføringer og tilskot frå staten		-180 654	-133 407	-129 270	-121 253	-129 270	-8 017
Overføringer og tilskot frå andre		-511 237	-289 847	-297 931	-508 930	-294 969	213 961
Brukarbetalingar		-77 864	-72 626	-70 301	-81 417	-70 788	10 629
Sals- og leigeinntekter	12	-228 588	-240 588	-240 084	-236 411	-240 084	-3 673
Sum driftsinntekter		-3 324 314	-3 222 568	-3 254 078	-3 477 114	-3 251 603	225 511
Utgifter til løn	2	1 745 062	1 708 445	1 700 492	1 787 947	1 696 864	-91 083
Sosiale utgifter	3	435 921	467 047	484 495	480 379	485 504	5 125
Kjøp av varer og tenester		846 593	806 993	842 304	901 272	842 718	-58 553
Overføringer og tilskot til andre		163 849	101 722	95 234	159 157	94 964	-64 193
Avskrivningar	4	146 961	158 697	158 697	148 290	158 697	10 407
Sum driftsutgifter		3 338 387	3 242 904	3 281 222	3 477 044	3 278 747	-198 297
Brutto driftsresultat		14 073	20 336	27 144	-70	27 144	27 215
Renteinntekter		-46 382	-35 220	-56 080	-59 506	-56 080	3 426
Utbytte		-45 126	-35 000	-36 100	-36 101	-36 100	1
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	15	-15 103	0	-7 000	-10 953	-7 000	3 953
Renteutgifter		167 783	145 760	182 171	184 238	182 171	-2 067
Avdrag på lån	6	110 095	118 800	113 400	113 496	113 400	-96

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Netto finansutgifter		171 266	194 340	196 391	191 175	196 391	5 216
Motpost avskrivningar		-146 961	-158 697	-158 697	-148 290	-158 697	-10 407
Netto driftsresultat		38 378	55 979	64 838	42 815	64 838	22 023
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering		6 677	6 400	8 650	10 370	8 650	-1 720
Avsetningar til bundne driftsfond	8,12	14 819	3 434	3 434	24 207	3 434	-20 773
Bruk av bundne driftsfond	8,12	-9 142	-717	-717	-9 275	-717	8 557
Avsetningar til disposisjonsfond	8	558	0	0	579	0	-579
Bruk av disposisjonsfond	8	-51 288	-65 096	-76 205	-68 696	-76 205	-7 509
Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		-38 378	-55 979	-64 838	-42 815	-64 838	-22 023
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0	0	0

Kommentar til økonomisk oversikt

I dei obligatoriske oppstillingane i rekneskapen er det egne kolonnar for politisk vedteke budsjett og revidert budsjett. Avviket mellom desse to kjem av budsjettjusteringar som kommunedirektøren har fått fullmakt til å gjere. I 2025 er budsjettet mellom anna justert for å fordele sentralt avsette midlar til lønns- og pensjonsaukar i sektorane etter lønnsoppgeret.

Driftsinntekter

Driftsinntektene til Alver kommune består av:

- rammetilskot
- skatt på inntekt og formue
- eigedomsskatt og andre skatteinntekter
- andre overføringer og tilskot frå staten
- overføringer og tilskot frå andre
- brukarbetalingar og sals- og leigeinntekter

Samla driftsinntekter i 2025 var 3 477 millionar kroner. Det er 225,5 millionar kroner meir enn budsjettet.

Du finn nærare kommentarar til rammetilskot, skatt, eigedomsskatt og andre generelle driftsinntekter i kapittelet [Nærare forklaring av hovudoversiktene](#).

Posten *overføringer og tilskot frå andre* omfattar mellom anna refusjonar frå stat, fylkeskommune, andre kommunar og private. Dette kan vere refusjon for tenester kommunen har levert, eller delfinansiering av slike tenester. I 2025 viser rekneskapen meirinntekter på 214 millionar kroner på denne posten samanlikna med revidert budsjett.

Hovudårsaka er refusjon av sjukepengar og foreldrepengar frå Nav på til saman 125,2 millionar kroner, som ikkje blir budsjetttert. Når ein tilsett er sjuk eller i permisjon, vil eininga ofte ha tilsvarende utgifter til vikar, og desse er heller ikkje budsjetterte. Momskompensasjon gav ei meirinntekt på 62,7 millionar kroner. Dette har ei tilsvarende meirutgift på utgiftssida under posten *overføringar og tilskot til andre*. For ressurskrevjande tenester er inntektene 8 millionar kroner lågare enn budsjetttert. Dette kjem mellom anna av lågare kostnader til pensjonspremie.

Brukarbetalingar og sals- og leigeinntekter utgjorde 317,8 millionar kroner i 2025. Det er 7,0 millionar kroner meir enn budsjetttert.

Driftsutgifter

Driftsutgiftene til Alver kommune er fordelte på desse hovudpostane:

- lønn og sosiale utgifter
- kjøp av varer og tenester
- overføringar og tilskot til andre
- avskrivningar

Samla driftsutgifter i 2025 var 3 477 millionar kroner. Det er 198,3 millionar kroner meir enn budsjetttert.

Lønn og sosiale utgifter var til saman 86,0 millionar kroner høgare enn budsjetttert. Dette må sjåast i samanheng med meirinntekter frå refusjon av lønn frå Nav på 125,2 millionar kroner.

Kommunen har også brukt 45,8 millionar kroner meir enn budsjetttert på vikarbyråtenester. Dette heng saman med behov for vikarar ved sjukefråvær og permisjon.

Utgiftene til kjøp av varer og tenester er 58,6 millionar kroner høgare enn budsjetttert. Hovudårsaka er meir bruk av vikarbyråtenester.

Posten overføringar og tilskot til andre omfattar mellom anna momskompensasjon og overføringar til private. Desse utgiftene er 64,2 millionar kroner høgare enn budsjetttert. Det meste av avviket gjeld momskompensasjon på 62,7 millionar kroner, som har ei tilsvarende meirinntekt på inntektssida.

I 2025 utgjorde lønn og sosiale utgifter 65,2 prosent av dei samla driftsutgiftene som er på omtrent same nivå som i 2024. I tillegg er det kjøpt vikartenester for 62,4 millionar kroner i 2025 mot 61,7 millionar kroner i 2024.

§ 5-8 Balanse

Rekneskapsskjema § 5-8 - Balanserekneskap

Rekneskapsskjema §5-8 - Balanserekneskap	Noter	Rekneskap 31.12.2025	Rekneskap 31.12.2024	Endring i året
EIENDELER				
A. Anleggsmidler	3, 4, 5, 11	9 592 915	8 921 480	671 435

I. Varige driftsmidler	4	4 369 478	4 306 361	63 117
1. Faste eiendomar og anlegg		4 219 193	4 158 354	60 839
2. Utstyr, maskiner og transportmidlar		150 285	148 007	2 278
II. Finansielle anleggsmidler		1 397 690	1 225 338	172 351
1. Aksjar og andelar	5	522 661	515 765	6 896
2. Obligasjonar		-	-	-
3. Utlån	11	875 029	709 573	165 455
III. Immaterielle eigendeler		-	-	-
IV. Pensjonsmiddel	3	3 825 747	3 389 780	435 967
B. Omløpsmidlar	1	1 240 621	1 185 470	55 151
I. Bankinnskott og kontantar		502 998	404 670	98 328
II. Finansielle omløpsmidlar		182 122	171 168	10 954
1. Aksjar og andelar	15	39 748	171 168	-131 420
2. Obligasjonar		142 374	-	142 374
3. Sertifikat		-	-	-
4. Derivat		-	-	-
III. Kortsiktige fordringar		555 501	609 632	-54 131
1. Kundefordringar	13	32 354	272 709	-240 354
2. Andre kortsiktige fordringar		257 705	19 703	238 002
3. Premieavvik	3	265 442	317 220	-51 779
Sum eigendeler		10 833 536	10 106 950	726 586
EGENKAPITAL OG GJELD		-	-	-
C. Eigenkapital		2 026 438	2 050 252	-23 814

I. Eigenkapital drift		228 444	281 628	-53 184
1. Disposisjonsfond	8	151 438	219 555	-68 117
2. Bundne driftsfond	8, 12	77 005	62 073	14 933
3. Merforbruk i driftsrekneskap		-	-	-
4. Mindreforbruk i driftsrekneskap		-	-	-
II. Eigenkapital investering		122 610	116 985	5 625
1. Ubunde investeringsfond	8	24 030	23 904	126
2. Bundne investeringsfond	8	98 580	93 081	5 499
3. Udekka beløp i investeringselskapet		-	-	-
III. Annen egenkapital		1 675 385	1 651 639	23 746
1. Kapitalkonto	10	1 658 693	1 634 947	23 746
2. Prinsippendringar som påverke arbeidskapital drift	17	16 692	16 692	-
3. Prinsippendringar som påverke arbeidskapital investering		-	-	-
D. Langsiktig gjeld		8 226 254	7 485 286	740 968
I. Lån	6, 7, 9	4 227 290	3 968 830	258 460
1. Gjeld til kredittinstitusjonar		2 510 526	2 499 066	11 460
2. Obligasjonslån		849 264	864 500	-15 236
3. Sertifikatlån		867 500	605 264	262 236
II. Pensjonsforplikting	3	3 998 964	3 516 456	482 508
E. Kortsiktig gjeld	1	580 844	571 413	9 431
I. Kortsiktig gjeld		580 844	571 413	9 431
1. Leverandørgjeld		118 119	110 246	7 873

2. Likviditetslån		-	-	-
3. Derivat		-	-	-
4. Annan kortsiktig gjeld	14, 16	438 033	430 605	7 428
5. Premieavvik	3	24 692	30 562	-5 870
Sum egenkapital og gjeld		10 833 536	10 106 950	726 586
F. Memoriakonti		-	-	-
I. Ubrukte lånemidler		292 016	198 737	93 279
II. Andre memoriakonti		25 634	25 634	-
III. Motkonto for memoriakontiane		-317 650	-224 370	- 93 279

Nærare forklaring av hovudoversiktene

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev.bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Frie disponible inntekter og andre sentrale inntekter					
Rammetilskot	-1 226 489	-1 284 290	-1 318 865	-1 302 913	-15 952
Inntekt- og formuesskatt	-990 646	-1 105 810	-1 102 927	-1 132 433	29 506
Eigedomsskatt	-108 693	-96 000	-94 700	-93 604	-1 096
Andre generelle driftsinntekter	-180 197	-131 857	-127 720	-119 976	-7 744
Sum Frie disponible inntekter og andre sentrale inntekter	-2 506 026	-2 617 957	-2 644 212	-2 648 925	4 713

Rammetilskot og skatteinntekter

Inntekter frå skatt og rammetilskot var til saman 2 435 millionar kroner i 2025. Det er 13,6 millionar kroner meir enn i revidert budsjett. Samanlikna med opphavleg budsjett er inntektene 45 millionar kroner høgare, og samanlikna med rekneskapen for 2024 er dei 218 millionar kroner høgare. Tabellen under viser ei spesifisering av postane som inngår i rammetilskotet.

Rammetilskot og skatt	Rekneskap 2024	Opphavleg budsjett 2025	Revidert budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik 2025
Innbyggjartilskot	-894 266	-949 222	-949 222	-949 222	0
Utgiftsutjamning	-42 609	-4 535	-4 535	-4 535	0
Korreksjon for barn i statlege og private skular	18 525	21 667	21 667	21 667	0
Tilskot til INGAR inntektsgarantiordninga	2 189	-3 066	-3 066	-3 066	0
Saker med særskild fordeling	-29 578	-74 190	-74 190	-74 190	0
Skjønstilskot	-6 900	-7 400	-7 400	-7 400	0
Kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på produksjonsutstyr	-103 511	-103 511	-103 511	-103 511	0
Revidert nasjonalbudsjett og andre endringar	-29 525	-20 114	-65 360	-65 360	0
Regionsentertilskot	-5 891	0	0	0	0

Inndelingstilskot	-33 503	-34 877	-34 877	-34 877	0
Sum rammetilskot utan inntektsutjamning	-1 125 069	-1 175 248	-1 220 494	-1 220 494	0
Netto inntektsutjamning	-101 420	-109 042	-98 371	-82 420	15 951
Sum rammetilskot	-1 226 489	-1 284 290	-1 318 865	-1 302 914	15 951
Skatt på formue og inntekt	-990 646	-1 105 810	-1 102 927	-1 132 433	-29 506
Sum skatt og ramme	-2 217 135	-2 390 100	-2 421 792	-2 435 347	-13 555

Eigedomsskatt

Inntektene frå eigedomsskatt i 2025 var 93,6 millionar kroner. Dette er 2,4 millionar kroner lågare enn opphavleg budsjett, som var 96 millionar kroner. Lågare inntekter kjem i hovudsak av fritak frå eigedomsskatt etter søknad.

Andre generelle driftsinntekter

Posten omfattar mellom anna integreringstilskot for busetjing av flyktningar, utbetaling frå havbruksfondet og rentekompensasjon frå Husbanken. Samla inntekter på posten var på om lag 120 millionar kroner i 2025. Utbetaling frå havbruksfondet var 10,9 millionar kroner, noko som er 8,1 millionar kroner lågare enn i revidert budsjett. Tilskot knytte til busetjing av flyktningar og drift av asylmottak var til saman 101,9 millionar kroner i 2025. Dette er 2,8 millionar kroner høgare enn revidert budsjett.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev.bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Finansinntekter/-utgifter					
Renteinntekter	-45 867	-35 000	-55 660	-59 014	3 354
Utbytte	-45 126	-35 000	-36 100	-36 101	1
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-15 104	0	-7 000	-10 954	3 954
Renteutgifter	125 628	101 527	137 938	137 353	585
Avdrag på lån	110 095	118 800	113 400	113 496	-96
Sum Finansinntekter/-utgifter	129 627	150 327	152 578	144 781	7 797

Renteinntekter

Renteinntektene i 2025 var 59 millionar kroner. Det er 3,4 millionar kroner meir enn i revidert budsjett. Avkastninga på bankinnskota vart høgare enn venta, samstundes som kommunen hadde meir midlar i banken mot slutten av året.

Renteutgiftene

Renteutgiftene i 2025 var 137,4 millionar kroner. Dette er i tråd med revidert budsjett.

Utbytte

Utbyttet frå Eviny var 36,1 millionar kroner i 2025. Utbyttet gjeld rekneskapsåret 2024 og blir utbetalt til kommunen og rekneskapsført i 2025. For rekneskapsåret 2024 vedtok selskapet å dele ut 70 prosent av overskotet til eigarane. Utbytte for rekneskapsåret 2025 blir behandla på generalforsamlinga til Eviny 21. mai 2026.

Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel

Avkastninga på fondsmidlane i 2025 var 11 millionar kroner, som er 4 millionar kroner meir enn venta. Til samanlikning var avkastninga 15,1 millionar kroner i 2024. Avkastninga på fondsmidlane er marknadsstyrt og vil difor variere år til år.

Status økonomiske måltal

Disposisjonsfond

Alver kommune har vedteke eit økonomisk måltal om at disposisjonsfondet bør vere 15 prosent av kommunen sine frie inntekter. Storleiken på disposisjonsfondet må sjåast i samanheng med risikoen kommunen er utsett for. Måltalet kan derfor variere mellom kommunar.

Alver kommune har tidlegare hatt inntekter frå eigedomsskatt på verk og bruk. Desse inntektene blir i dag kompenserte gjennom auka overføringar i rammetilskotet frå staten. Denne kompensasjonen blir ikkje justert for prisvekst. Det betyr at verdien av kompensasjonen gradvis blir lågare over tid. Samstundes har kommunen ingen garanti for at staten vil vidareføre kompensasjonen på same nivå frå eitt år til det neste. Dersom staten endrar eller reduserer ordninga, er det derfor viktig at kommunen har sett av midlar til å handtere dette.

Per 31. desember 2025 utgjer disposisjonsfondet 6,2 prosent av dei frie inntektene. Det er 8,8 prosentpoeng lågare enn måltalet på 15 prosent.

Disposisjonsfond (tal i 1000 kroner)	31.12.25
Fond for langsiktig plassering:	
Fond for svingningar i langsiktig plassering	20 000
Langsiktig plasserte midlar	100 000
Sum fond langsiktig plassering per 31.12	120 000
Ordinære disposisjonsfond:	
Generelt disposisjonsfond 01.01	99 555
Bruk i 2025	-68 117
Sum generelt disposisjonsfond per 31.12	31 438
Sum disposisjonsfond per 31.12	151 438
<u>Delar av disposisjonsfond med historisk spesifisert formål</u>	
Herav næringsfond	1 830
Herav infrastruktur og trafikkisikringsfond	7 947
Herav andre formålsfond	1 124
Frie inntekter	2 435 346
Disposisjonsfond i % av frie inntekter	6,2 %

Utvikling i netto driftsresultat

(tal i 1000 kr)	Rekneskap 2025	Rev. bud.	Oppr. bud.	Rekneskap i fjor
Bruk av avsetninger:				
Bruk av bundne driftsfond	-9 275	-717	-717	-9 142
Bruk av disposisjonsfond	-68 696	-76 205	-65 096	-51 288
Sum bruk av avsetnader	-77 971	-76 922	-65 813	-60 430
Avsetninger:				
Overføring til investering	10 370	8 650	6 400	6 677
Avsetninger til bundne driftsfond	24 207	3434	3434	14 819
Avsetninger til disposisjonsfond	579	0	0	558
Sum avsetnader	35 156	12 084	9 834	22 053
Netto driftsresultat	42 815	64 838	55 979	38 378
Sum driftsinntekter	-3 477 114	-3 254 078	-3 222 568	-3 324 314
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	-1,2 %	-2,0 %	-1,7 %	-1,2 %

Netto lånegjeld

Netto lånegjeld er berekna etter same metode som i Statistisk sentralbyrå (SSB) sin KOSTRA-statistikk. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld, utan pensjonsforpliktingar, med frådrag for totale utlån og ubrukte lånemidlar. I totale utlån inngår både formidlingslån og ansvarlege lån.

Ordinære lån til investeringar og vidareutlån utgjorde 4 227 millionar kroner ved utgangen av 2025. Netto lånegjeld var 3 061 millionar kroner. Netto lånegjeld per innbyggjar var 101 062 kroner, ein reduksjon på 379 kroner per innbyggjar samanlikna med året før. I 2025 tok kommunen opp 200 millionar kroner i lån til investeringar, både innan sjølvkostområde og til andre investeringar. I tillegg vart det teke opp 200 millionar kroner i lån frå Husbanken til vidareutlån. Samla låneopptak i 2025 var dermed 400 millionar kroner. Kommunen betalte 141,5 millionar kroner i avdrag i løpet av året inklusiv avdrag på vidareutlån. Lån til vidareutlån blir formidla vidare som startlån til innbyggjarane i kommunen.

Folketal	31.12.2025	31.12.2024	31.12.2023	Endring 2025	Endring 2024
Innbyggjarar	30 285	30 169	29 986	116	183
Lånegjeld, utlån og ubrukte lånemidlar (tal i 1000 kr)	Rekneskap 31.12.2025	Rekneskap 31.12.2024	Rekneskap 31.12.2023	Endring 2025	Endring 2024
Langsiktig gjeld	4 227 290	3 968 830	3 796 342	258 460	172 488
Utlån formidlingslån	-804 172	-675 126	-539 655	-129 046	-135 471
Utlån egne midlar	-70 440	-34 591	-36 781	-35 849	2 190
Ubrukte lånemidlar	-292 016	-198 737	-226 137	-93 279	27 400
Sum netto lånegjeld	3 060 662	3 060 376	2 993 769	286	66 607
Netto lånegjeld pr. innbyggjar (kr)	101 062	101 441	99 839	-379	1 602

Netto renteberande gjeld

Alver kommune har vedteke som eitt av dei økonomiske måltala at netto renteberande gjeld skal vere lågare enn 100 prosent av kommunen sine frie inntekter.

Kommunen definerer netto renteberande gjeld som all langsiktig gjeld, minus utlån og lån knytte til sjølvkostfinansierte investeringar innan vatn og avløp (VA). Lån til investeringar innan vatn og avløp er sett lik verdien av anleggsmidlar i desse sjølvkostområda. I utrekninga av netto renteberande gjeld legg kommunen derfor til grunn at investeringar innan vatn og avløp er fullt lånefinansierte, og at årlege avdrag er lik dei årlege avskrivningane på desse investeringane.

Tabellen viser at netto renteberande gjeld per 31. desember 2025 utgjer 93,5 prosent av dei frie inntektene. Det er ein reduksjon frå 102,5 prosent per 31. desember 2024, og dermed under målalet på 100 prosent. Reduksjonen kjem av at inntektene har auka meir enn gjelda i løpet av 2025.

For å halde gjeldsgraden på eller under målalet på 100 prosent, vil det framleis vere behov for eit moderat investeringsnivå. Gjeldsveksten bør vere lågare enn den årlege veksten i inntektene.

Netto renteberande gjeld (millionar kroner)	31.12.25	31.12.24	31.12.23
Langsiktig gjeld	4 227	3 969	3 796
Utlån formidlingslån	-804	-675	-540
Utlån egne midlar	-70	-35	-37
Lån til investeringar innan vatn og avløp finansiert med gebyrinntekter	-1 075	-987	-939
Netto renteberande gjeld	2 278	2 272	2 280

Frie inntekter (skatt og rammetilskot)	2 435	2 217	2 110
Netto renteberande gjeld i prosent av frie inntekter	93,5 %	102,5 %	108,1 %
Eigedomsskatt	96	109	96
Frie inntekter og eigedomsskatt	2 531	2 326	2 206
Netto renteberande gjeld i prosent av sum frie inntekter og eigedomsskatt	90 %	98 %	103 %

Risikofaktorar og kommunens økonomiske stilling

Alver kommune er utsett for fleire risikofaktorar som kan påverke den økonomiske stillinga og utviklinga framover. Dette gjeld mellom anna renteutvikling, utvikling i inntekter, avkastning på plasserte midlar, demografi og endringar i statlege rammevilkår. Tabellen nedanfor gir ei samla oversikt over dei viktigaste risikofaktorane. Desse er nærare omtala under tabellen.

Risikofaktorar	Tal per 31.12.2025	Effekt ved endring
Renteauke på gjeld	Lånegjeld 4 227 mill. kroner	1 prosentpoeng renteauke gir auka rentekostnader på 32,2 millionar kroner
Redusert disposisjonsfond	151 mill. kroner	Fondet er siste året redusert frå 220 mill til 151 mill. kroner i 2025. Reduksjonen utgjør 31 prosent frå 2024 til 2025
Pensjonspremieavvik	241 mill. kroner	Meirkostnad som skal kostnadsførast over dei neste sju åra, i tillegg kjem årlege pensjonskostnader. Avviket kan auka ytterlegare kommande år
Endring i eigedomsskatt	Inntekter 93,6 mill. kroner	Eigedomsskatt blir vedteken år for år
Tidlegare eigedomsskatt på verk og bruk	Inntekter 103,5 mill. kroner	Mellombels statleg kompensasjon, kan falle bort
Refinansieringsrisiko (lån til forfall neste 12 månader)	1 360 mill. kroner	Lån som må fornyast i 2026, og det er risiko for høgare rente og dårlegare tilgang på lån i låne marknaden
Rentebinding under eitt år	76 %	Stor del av gjelda blir raskt påverka av renteendringar
Bortfall av utbytte	36,1 mill. kroner	Utbyttet frå Eviny vil variere med marknaden og selskapet sin utbyttepolitikk
Avdrag på minimumsnivå	113 mill. kroner	Opptak av meir lån enn det som blir betalt ned, fører til auka lånegjeld over tid
Demografiendring	skule og helse	Færre barn og fleire eldre gir behov for omstilling
Digital utvikling	innføring av kunstig intelligens	Manglande digital omstilling kan gi lågare gevinstar

Innsparingstiltak	98 mill. kroner	Realisert 98 mill. kroner i innsparingar 2025. Risiko for at planlagde innsparingar på kr. 260 mill. i sektorane for 2026-2029 ikkje blir nådde
Auke i driftsutgifter utover budsjetterte demografikostnader innan helse og omsorg		Utgifter aukar meir enn budsjettert

Samla risikovurdering

Alver kommune har midlar plasserte i bank, kortsiktige fond og langsiktige plasseringar, i samsvar med finansreglementet. Kommunen har opphavleg plassert 100 millionar kroner i langsiktige finansielle plasseringar.

Kommunen er utsett for risiko knytt til lågare rente på bankinnskott og lågare avkastning på fond, i tillegg til risiko for verdifall og lågare avkastning på langsiktige plasseringar. For å handtere denne risikoen på kort sikt har kommunestyret oppretta eit fond kalla «Fond for lågare avkastning» på 20 millionar kroner.

Den største økonomiske risikoen for kommunen er knytt til:

- renteutvikling på lånegjelda
- endringar i eigedomsskatt
- endringar i statleg kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på tidlegare verk og bruk

Gjeld og renterisiko

Alver kommune har høg lånegjeld. Ved utgangen av 2025 var lånegjelda 4 227 millionar kroner, opp frå 3 969 millionar kroner i 2024. Den vekta gjennomsnittrenta var 4,25 prosent per 31. desember 2025, mot 4,33 prosent året før.

Ein renteauke på 1 prosentpoeng vil gi om lag 32,2 millionar kroner i auka netto renteutgifter per år. For å dekke dette må kommunen redusere driftsnivået tilsvarande, noko som svarar til om lag 36 årsverk.

Refinansieringsrisiko

Kommunen har fleire lån som skal fornyast i 2026. Dette gir risiko for høgare rente dersom marknadsforholda blir dårlegare. Mange fornyingar i løpet av året gjer at kommunen er sårbar for raske renteendringar. Dersom renta stig raskt, vil kostnadsauken slå raskt inn i økonomien.

Renteutvikling og usikkerheit

Styringsrenta frå Noregs Bank var 4 prosent ved utgangen av 2025, mot 4,5 prosent ved starten av året. Uro i internasjonale marknader gjer det vanskeleg å vurdere den vidare utviklinga i rentenivået. Endringar i renta kan få stor effekt for kommunen på grunn av høg gjeld. Kommunen vil i 2026 vurdere tiltak for å redusere renterisikoen i delar av låneporteføljen.

Disposisjonsfond og økonomisk buffer

Det er viktig at kommunen har tilstrekkelege midlar på disposisjonsfond for å handtere:

- uventa renteauke
- endringar i eigedomsskatt og statleg kompensasjon
- auka behov i tenestene, til dømes innan helse og omsorg

Disposisjonsfondet er redusert med 31 prosent det siste året. For å sikre ein meir føreseieleg økonomi må fondet byggjast opp att i åra framover.

Pensjon og utbytte

Negativt premieavvik for pensjon på 241 millionar kroner vil gi auka kostnader dei neste sju åra i tillegg til ordinære pensjonsutgifter. Utbyttet frå Eviny var 36,1 millionar kroner i 2025, ned frå 45,6 millionar kroner i 2024. Utbytte kan variere frå år til år.

Eigedomsskatt og statleg kompensasjon

I 2025 hadde kommunen 93,6 millionar kroner i inntekter frå eigedomsskatt. I tillegg fekk kommunen 103,5 millionar kroner i kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på verk og bruk. Kompensasjonsordninga er mellombels, og endringar kan få store økonomiske konsekvensar for kommunen.

Demografi og tenester

Befolkningsutviklinga viser at kommunen får:

- færre barn i barnehage og skule
- fleire eldre med behov for helse- og omsorgstenester

Dette krev omstilling, med reduksjon i skule- og barnehage tilbud og auka ressursar til helse og omsorg.

Omstilling og innsparing

Alver kommune er i ein krevjande omstillingsperiode. Fleire år med svake resultat, har redusert disposisjonsfondet. Det er vedteke innsparingstiltak på om lag 260 millionar kroner over fire år. Det er risiko for at ikkje alle tiltaka blir gjennomførte eller gir venta effekt. Arbeidet vil bli følgt opp tett, med jamleg rapportering på framdrift i perioden 2026 – 2029.

Investeringar

Løyvingsoversikt investering etter §5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Investeringar i varige driftsmidlar	4,10	198 280	480 588	355 041	267 274	355 041	87 767
Tilskot til andre sine investeringar		2 878	10 647	4 339	3 175	4 339	1 164
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		6 307	6 400	6 900	6 896	6 900	4
Utlån av egne midlar	11	0	0	0	40 000	0	-40 000
Avdrag på lån		0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter		207 465	497 635	366 280	317 344	366 280	48 936
Kompensasjon for meirverdiavgift		-17 130	-58 082	-46 854	-25 897	-46 854	-20 957
Tilskot frå andre		-20 999	-40 196	-67 307	-85 840	-67 307	18 533
Sal av varige driftsmiddel		-9 404	0	0	-47 776	0	47 776
Sal av finansielle anleggsmiddel		0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap		0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel		-2 500	-2 500	-2 500	-3 673	-2 500	1 173
Bruk av lån		-150 882	-390 457	-240 968	-143 914	-240 968	-97 054
Sum investeringsinntekter		-200 914	-491 235	-357 630	-307 100	-357 630	-50 530
Vidareutlån	10	186 518	150 000	230 000	188 581	230 000	41 419
Bruk av lån til vidareutlån		-186 518	-150 000	-200 000	-162 806	-200 000	-37 194
Avdrag på lån til vidareutlån		27 416	35 000	35 000	28 044	35 000	6 956
Mottatte avdrag på vidareutlån	10	-51 121	-35 000	-35 000	-59 317	-35 000	24 317
Netto utgifter vidareutlån		-23 705	0	30 000	-5 499	30 000	35 499
Overføring frå drift		-6 677	-6 400	-8 650	-10 370	-8 650	1 720
Avsetningar til bundne investeringsfond	8	23 705	0	0	31 273	0	-31 273
Bruk av bundne investeringsfond	8	0	0	-30 000	-25 774	-30 000	-4 226
Avsetningar til ubunde investeringsfond	8	126	0	0	126	0	-126
Bruk av ubunde investeringsfond		0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekka beløp		0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar		17 154	-6 400	-38 650	-4 745	-38 650	-33 905
Framført til inndekning i seinare år (udekt)		0	0	0	0	0	0

Tabellen over viser investeringane til Alver kommune i 2025 og korleis dei er finansierte.

Sum investeringsutgifter

I 2025 brukte kommunen 267,3 millionar kroner på investeringar i varige driftsmidlar, som bygningar, vegar og anlegg. I tillegg kjem tilskot til andre sine investeringar på 3,2 millionar kroner og kjøp av aksjar og andelar på 6,9 millionar kroner. Kommunen har òg gitt utlån av eigne midlar på 40 millionar kroner i samband med salet av Geco-bygget til Kvassnesvegen Allé AS. Etter avtale skal resten av kjøpesummen betalast når igangsetjingsløyve er gitt.

Samla investeringsutgifter i 2025 var 317,3 millionar kroner, medan revidert budsjett var 366,3 millionar kroner. Avviket knytta til investeringane er på 88,9 millionar kroner og kjem av lågare framdrift enn venta i 2025. Utlån knytta til sal av Geco-bygget trekkjer ned avviket med 40 millionar kroner. Det totale avviket er på 48,9 millionar kroner.

Kommunestyret vedtok i mars 2026 å overføre 73,1 millionar kroner i unytta investeringsmidlar frå 2025 til budsjettet for 2026. Samstundes vedtok kommunestyret at 20,1 millionar kroner i unytta investeringsmidlar ikkje blir overførte. Budsjettet for 2026 blir auka tilsvarende dei overførte midlane. Budsjettet for 2025 blir ikkje redusert, sidan kommunen ikkje kan vedta budsjettendringar etter at rekneskapsåret er avslutta. Dette påverkar ikkje den samla ramma for prosjekta.

Du finn kommentarar til kvart prosjekt i tabellen **Status investeringsprosjekt** nedanfor.

Sum investeringsinntekter

Samla investeringsinntekter i 2025 var 307,1 millionar kroner.

Av dette utgjorde:

- bruk av lån: 143,9 millionar kroner
- kompensasjon for meirverdiavgift: 25,9 millionar kroner
- andre finansieringsinntekter: 3,7 millionar kroner
- tilskot og refusjonar frå andre: 85,8 millionar kroner
- sal av varige driftsmidlar: 47,8 millionar kroner

Postane tilskot og refusjonar frå andre og sal av varige driftsmidlar er nærare omtala under.

Tilskot og refusjonar frå andre:

- Kommunen mottok 17,8 millionar kroner i spelemidlar frå tidlegare år. Desse midlane var ikkje budsjetterte.
- Prosjektet Mjåtveitstø bufellesskap fekk 14,0 millionar kroner i tilskot frå Husbanken, mot 13,4 millionar kroner i budsjettet.
- Det vart mottatt 17,4 millionar kroner frå Miljøløftet/byvekstavtalen til delprosjekt i Knarvik-utbygginga. Budsjettet var 19,4 millionar kroner.
- Kommunen mottok 20,0 millionar kroner i kontantbidrag frå utbyggjarar i Knarvik, i tråd med budsjettet.
- Refusjon frå Equinor til prosjektet Industri- og drikkevatt til Mongstad var 13,1 millionar kroner, mot 14,5 millionar kroner i budsjettet. Dette kjem av noko lågare framdrift enn planlagt.
- Andre mindre tilskot og refusjonar utgjorde 3,5 millionar kroner.

Sal av varige driftsmidler:

- Salet av Geco-bygget til Kvassnesvegen Allé AS gav 44,4 millionar kroner. Dette er basert på avtalt salssum på 50 millionar kroner, med frådrag for renter og husleige.
- Sal av bustader og tomter gav 2,9 millionar kroner.
- Andre sal utgjorde 0,4 millionar kroner.

Netto utgifter til vidareutlån og overføring frå drift og netto avsetningar

Vidareutlån (startlån) utgjorde 188,6 millionar kroner i 2025. Dette er 41,4 millionar kroner lågare enn budsjettet. Avviket kjem særleg av at utlån av startlån til førstegongsetablerarar blei lågare enn venta. Startlåna er delvis finansierte med bruk av bundne investeringsfond på 25,8 millionar kroner. Resten er finansiert med lån til vidareutlån på 162,8 millionar kroner. Differansen mellom avdrag på lån til vidareutlån og mottatte avdrag på startlån er sett av til bundne investeringsfond.

Samla investeringsinntekter, netto utgifter til vidareutlån og overføring frå drift og netto avsetningar var i 2025 på 317,3 millionar kroner. Dette balanserer med finansieringsbehovet som er oppsummert i § 5-5 Løyvingsoversikt investering, andre ledd.

Løyvingsoversikt investering etter §5-5 andre ledd**1. Investeringar i varige driftsmidler**

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
IKT og administrasjon							
Digitalisering Nordhordland		4 614	4 795	4 795	4 786	4 795	9
Diverse datautstyr, PC-er mm.		1 040	1 400	1 400	1 553	1 400	-153
Fellesanskaffingar elev-pc'ar, nettbrett og interaktive tavler skule		2 549	2 000	3 201	3 328	3 201	-127
Sjukesignalanlegg - sjukeheimar		0	10 000	500	0	500	500
IKT-utstyr møterom		326	300	434	215	434	219
Utbygging WiFi og datanett kommunale bygg		640	800	2 300	1 597	2 300	703
Digitalt kartverk		23	250	477	326	477	151
Møblement skular - investering		0	0	0	790	0	-790
Sum IKT og administrasjon		9 191	19 545	13 107	12 597	13 107	510
Administrasjonsbygg							
Investering kommunale bygg		9 766	5 000	4 694	5 322	4 694	-628
Rehabilitering tak diverse kommunale bygg		8 881	3 800	4 919	0	4 919	4 919
Skilt kommunale bygg		0	2 180	1 680	1 237	1 680	443
Rådhuset - Ombygging innbyggjarservice og formannskapssal		0	5 000	5 000	5 460	5 000	-460
FDV-prosjekt dokumentasjon		0	3 000	1 000	664	1 000	336
Inventar NAV, alver sin andel		199	0	0	0	0	0
Sum Administrasjonsbygg		18 846	18 980	17 293	12 682	17 293	4 611
Barnehagebygg							
Lindås barnehage		183	0	0	0	0	0
Bø Barnehage		875	0	0	0	0	0
Investering barnehagebygg		649	400	841	657	841	184

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Samle Prestmarka barnehage i Solhall		0	23 000	4 500	1 515	4 500	2 985
Sæbø barnehage, rehabilitering		0	3 500	0	0	0	0
Sum Barnehagebygg		1 707	26 900	5 341	2 171	5 341	3 170
Skulebygg							
Ny Alversund barneskule inkl hall og infrastruktur		836	500	500	275	500	225
Knarvik ungd.sk. Uteområde		130	3 640	6 028	6 247	6 028	-219
Leikeplassutstyr		1 043	500	587	427	587	160
Investering skulebygg		5 318	3 000	4 702	4 921	4 702	-219
Ny ungdomsskule - Frekhaug-området		145	0	1 316	1 041	1 316	275
Vaskerobot Alversund skule		31	0	0	31	0	-31
Ombygging Rossland skule		2 824	0	0	0	0	0
Møteleghetsstudier barnehage- og skulebruksplan		0	2 000	0	0	0	0
Lindås barneskule - tilrettelegging mottaksskule		0	5 000	2 500	1 993	2 500	507
Hordabø skule - tilrettelegging mottaksskule		0	2 600	3 100	2 079	3 100	1 021
Tiltak for å oppretthalde Eikanger skule		0	6 000	1 000	584	1 000	416
Manger skule - ny paviljong		0	0	3 600	4 022	3 600	-422
Meland ungdomsskule oppgradering - innelima		0	0	1 500	1 054	1 500	446
Sum Skulebygg		10 329	23 240	24 833	22 676	24 833	2 157
Kultur og idrett							
Utstyr idrettsanlegg		104	300	300	241	300	59
Kommunehuset på Manger - kulturhus/ kino - rehabilitering		275	0	0	0	0	0
Tilpasning til ny forskrift kunstgrasbaner		0	0	1 495	942	1 495	553
Utstyr Kultur		315	300	300	165	300	135
Stisikring Eldsfjellet		0	0	0	130	0	-130
Etablere bibliotek i Kommunehuset på Manger		0	3 000	3 000	462	3 000	2 538
Etablere kulturskolen i Kommunehuset på Manger		317	0	3 678	361	3 678	3 317
Ombygging Biblioteket - Kommunehuset på Frekhaug		2 295	4 160	3 490	3 507	3 490	-17
Diverse BUA		129	0	131	100	131	31
Sum Kultur og idrett		3 435	7 760	12 394	5 908	12 394	6 486
Bustader							
Nye bustader rus og psykiatri		1 793	0	0	0	0	0
Investering bustader		1 532	1 000	1 000	219	1 000	781
Kjøp og sal av bustader		4 091	5 000	17 287	3 703	17 287	13 584
Mjåtveitstø Bufellesskap		7 765	32 070	27 195	26 728	27 195	467
Utbetring tak kommunale bustader		0	0	1 938	914	1 938	1 024
Sum Bustader		15 182	38 070	47 420	31 565	47 420	15 855
Institusjon og omsorgsbustader							
Investering institusjon og omsorgsbustader		703	2 000	3 287	3 642	3 287	-355
Samlokalisering omsorgsbustader pluss - habiliteringstenesta		447	0	0	0	0	0

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Oppussing Kvasten avlastingsbustad, ny del		297	0	0	0	0	0
Ombygging Lindås Bu og Servicesenter		41	0	0	0	0	0
Ombygging Meland sjukeheim - dagsenter		1 519	0	181	227	181	-46
Såtabu - Ombygging til nytt pasientrom		173	0	1 427	1 422	1 427	5
RIB Manger kjøkken og anna enkel oppgradering		0	2 000	1 200	1 118	1 200	82
Nyinvestering kjøp/frys/varme		0	1 550	1 550	1 841	1 550	-291
Sum Institusjon og omsorgsbustader		3 182	5 550	7 645	8 250	7 645	-605
Kyrkjer og gravplassar							
Lindås Gravplass		216	0	0	0	0	0
Sum Kyrkjer og gravplassar		216	0	0	0	0	0
Transportmidlar og teknisk utstyr							
Ny feiarbil		1 011	0	0	0	0	0
Utsifting og behov maskinar og utstyr		197	2 000	2 268	409	2 268	1 859
Kommandobil Nordhordland brann og redning		0	0	2 082	887	2 082	1 195
Kjøp av bil - Felles biladministrasjon		14 441	0	2 360	2 780	2 360	-420
Utsifting lyskilder og armatur		0	2 000	2 000	1 839	2 000	161
Sum Transportmidlar og teknisk utstyr		15 648	4 000	8 710	5 914	8 710	2 796
Brann og redning							
Brann- og driftstasjon Manger		2 580	36 740	26 146	22 076	26 146	4 070
Nye brannbilar		5 670	0	1 430	490	1 430	940
Diverse investeringar brann		749	500	500	220	500	280
Redningsbåt Brann		1 933	0	0	0	0	0
Sum Brann og redning		10 932	37 240	28 076	22 785	28 076	5 291
Sjølvkost Vatn							
Hestdal - Nytt vannbehandlingsanlegg		500	0	0	0	0	0
Birkeland - Hella vatn		3 712	0	300	153	300	147
Mindre tiltak vatn, 2024-2034		8 554	10 000	12 359	4 510	12 359	7 849
Bøvågen - Marøy VA-anlegg, vatn		434	22 280	469	18	469	451
Frekhaugkrysset - Sagstad skule, vassleidning (NHP) / Vatn-del		4 180	4 160	4 965	3 135	4 965	1 830
Myrvollane - Moldekleiv, VA- anlegg, vatn-del		8 624	7 550	6 376	3 311	6 376	3 065
Moldekleiv - Fosse (NHP), VA- anlegg / Vatn-del		239	1 040	1 101	415	1 101	686
Separering prosessvatn frå vassverket på Holsnøy		0	0	10 000	8 956	10 000	1 044
Knarvikplanen, VA-anlegg / Vatn-del		3 665	7 710	6 049	4 842	6 049	1 207
Rimmo - Dalen - Hilland VA- anlegg - Vatn-del		11	5 210	2 979	578	2 979	2 401
Ringledning Mongstad- Austrheim-Radøy (Ringledning nord) / Vatn		0	1 000	0	7	0	-7

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Austmarka - trykkøkning mot Olsvoll / Vatn		602	21 030	11 907	5 934	11 907	5 973
Industri- og drikkevatt til Mongstad		20 280	15 620	24 206	22 105	24 206	2 101
Utgjeing av oppgradering - vassbehandling		0	1 040	0	0	0	0
Brannvassbasseng Eikanger		473	9 890	12 500	10 594	12 500	1 906
Vikebø - Fløksand - Vollo, overføring vatn og avløp / Vatn-del		96	520	520	0	520	520
Vetås - Storheim - Solheim, VA- anlegg, / Vatn-del		28	0	0	0	0	0
Manger skule VA-anlegg, vatn		925	0	0	0	0	0
Sum Sjølvkost Vatn		52 324	107 050	93 731	64 559	93 731	29 172
Sjølvkost Avlaup							
Hestdal Vannbehandlingsanlegg - Avlaup		652	0	348	0	348	348
Mongstad base, avløpsleidningar kommunal del		0	0	0	-825	0	825
Mindre tiltak avlaup 2024-2034		7 636	10 000	12 363	6 891	12 363	5 472
Bøvågen - Marøy VA-anlegg, avløp		466	8 950	506	6	506	500
Frekhaugkrysset - Sagstad skule, vassleidning (NHP) / Avlaups-del		1 869	1 040	1 472	733	1 472	739
Myrvollane - Moldekleiv, VA- anlegg avlaupsdel		8 847	7 550	6 278	5 309	6 278	969
Moldekleiv - Fosse (NHP), VA- anlegg / Avlaups-del		331	1 040	1 040	501	1 040	539
KNARA, hovedrenseanlegg / avlaup		11 089	41 640	22 551	27 806	22 551	-5 255
KNARA, overføring i Knarvik / Avlaup		3	37 480	1 082	589	1 082	493
Knarvikplanen, VA-anlegg / Avlaups-delen		4 207	13 220	8 747	5 788	8 747	2 959
Hilland, Ikenberg, Isdalstø, Klubbstøa, avløpsanlegg (KNARA)		0	2 080	80	252	80	-172
Rimmo - Dalen - Hilland VA- anlegg, avlaup		0	5 210	2 991	544	2 991	2 447
Mongstad Base, reinseanlegg og avløpsleidning		196	3 120	4 998	2 842	4 998	2 156
Vikebø - Fløksand - Vollo, overføring vatn og avløp / Avlaups-del		101	520	520	0	520	520
Vetås - Storheim - Solheim, VA- anlegg, / Avlaups-del		18	0	0	0	0	0
Manger skole VA-anlegg		5 392	0	0	0	0	0
Sum Sjølvkost Avlaup		40 809	131 850	62 976	50 437	62 976	12 539
Veg og samferdsle							
Kommunale vegar		526	2 000	7 858	3 882	7 858	3 976
Trafikksikringstiltak		36	5 402	866	358	866	508
Veglys; Oppgradering av anlegget		0	3 232	3 232	1 871	3 232	1 361
Holme-Tveit - Veg (tilskotsfinansiert)		298	0	0	0	0	0

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Veglys gangveg Mjåtveitflaten - Miljøløftet (belønningsmidlar)		0	0	0	278	0	-278
Sum Veg og samferdsle		860	10 634	11 956	6 390	11 956	5 566
Areal og anna utbygging							
Universell utforming/ særlig tilrettelegging		3 676	1 500	2 000	1 989	2 000	11
Planlegging Knarvik, nærsentra og byvekstprosjekt		1 563	2 200	2 200	2 359	2 200	-159
Knarvik - Forskottering utbygging		2 342	40 324	9 864	12 233	9 864	-2 369
Mindre tomte kjøp og -sal/ grensejusteringar		2 638	2 000	2 000	897	2 000	1 103
Offentlege pålegg		294	250	2 000	2 517	2 000	-517
Sykkelskap og sykkelparkering - miljøløftet		454	0	0	635	0	-635
Makebyte med Coop (Gjeld Gecobygget)		0	3 495	3 495	0	3 495	3 495
Sum Areal og anna utbygging		10 968	49 769	21 559	20 631	21 559	928
Diverse prosjekt							
Justeringsavt 2019 Sommerro Panorama		-172	0	0	-172	0	172
Justeringsavt 2021 Langhøyane		-236	0	0	-236	0	236
Justeringsavtale 2019 F.G. Eiendom		-29	0	0	-29	0	29
Forsikringssak		89	0	0	0	0	0
Forsikringssak Røsvikhaugen 5 a og b		481	0	0	24	0	-24
Forsikringssak Radøyhallen		1 775	0	0	0	0	0
Forsikringssak Alverhallen		2 743	0	0	115	0	-115
Forsikringssak Lindåsvegen 131		0	0	0	789	0	-789
Forsikringssak Lindås barnehage		0	0	0	218	0	-218
Sum Diverse prosjekt		4 651	0	0	709	0	-709
Investeringar i varige driftsmidlar		198 280	480 588	355 041	267 274	355 041	87 767

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Lindås Gravplass		1 031	6 450	10	838	10	-828
Investeringsmidler kyrkjeleg fellesråd		750	1 000	1 000	1 000	1 000	0
Birkeland - Hella vatn		80	0	0	0	0	0
Frekhaugkrysset - Sagstad skule, vassleidning (NHP) / Vatn-del		15	0	0	0	0	0
Industri- og drikkevatt til Mongstad		0	0	0	421	0	-421
Myrvollane - Moldekleiv, VA- anlegg / Avlaups-del		0	0	0	12	0	-12
Knarvik - Forskottering utbygging		100	3 197	3 329	0	3 329	3 329

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Justeringsavt 2019 Sommerro Panorama		298	0	0	298	0	-298
Justeringsavtale 2020 Sommerro Panorama		47	0	0	47	0	-47
Justeringsavt 2021 Langhøyane		246	0	0	246	0	-246
Justeringsavtale 2019 F.G. Eiendom		151	0	0	151	0	-151
Justeringsavtale 2022 Sommerro Panorama		161	0	0	161	0	-161
Tilskot til andre sine investeringar		2 878	10 647	4 339	3 175	4 339	1 164

3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Egenkapitalinnskot KLP		6 307	6 400	6 900	6 896	6 900	4
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		6 307	6 400	6 900	6 896	6 900	4

4. Utlån av egne midlar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Utlån egne midlar		0	0	0	40 000	0	-40 000
Utlån av egne midlar		0	0	0	40 000	0	-40 000
Sum del 1-4		207 465	497 635	366 280	317 344	366 280	48 936

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

	Budsjett for året			
Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
Austmarka - trykkøkning mot Olsvoll / Vatn	11 907	5 934	5 973	Første del av arbeidet som gjeld utskifting og oppgradering av hovedledning er ferdig. Delar av resterande arbeid er tildelt entreprenør og har oppstart i 1. kvartal 2026. Restmidlar vert foreslått overført til 2026.
Birkeland - Hella vatn	300	153	147	Prosjektet er avslutta.
Brann- og driftstasjon Manger	26 146	22 076	4 070	Arbeidet starta opp våren 2025, og er forventa ferdigstilt i 3. kvartal 2026. Restmidlar vert foreslått overført til 2026.
Brannvassbasseng Eikanger	12 500	10 594	1 906	Prosjektet starta opp i mai 2025. Høgdebasseng og leidningsarbeid fullført. Arbeid med ventilrom pågår og utearbeidet gjenstår. Restmidlar vert foreslått overført til 2026.
Bøvågen - Marøy VA-anlegg, avløp	506	6	500	Prosjektet er ferdig prosjektert og klar til utlysing, men står på vent grunna manglande grunneigaravtale i området. Restramma vert foreslått overført til 2026.
Bøvågen - Marøy VA-anlegg, vatn	469	18	451	Prosjektet er ferdig prosjektert og klar til utlysing, men står på vent pga manglande grunneigaravtale i området. Restramma vert foreslått overført til 2026.
Digitalisering Nordhordland	4 795	4 786	9	Prosjektet gjeld Alver sin del av Regionrådet sine investeringar i IKT-utvikling for regionen formulert i Handlingsplanen for digitalisering og innovasjon.
Digitalt kartverk	477	326	151	Nytt digitalt kartverk i samsvar med godkjent Geodataplan for Vestland fylkeskommune. Restramme er foreslått overført til 2026.
Diverse BUA	131	100	31	Prosjekt er ferdig.
Diverse datautstyr, PC-er mm.	1 400	1 553	-153	Prosjektet gjeld utskifting av gamle PC'ar og anna datautstyr. Eit lite meirforbruk i 2025 vert dekkja inn med reduksjon av ramma i 2026.
Diverse investeringar brann	500	220	280	Budsjetterte investeringar går som planlagt. Restmidlar er behov for i 2026 og vert overført.
Egenkapitalinnskott KLP	6 900	6 896	4	Alver kommune sin pensjonsleverandør er KLP, som er eit medlemseigd selskap. Det er difor naudsynt å gå inn med eigenkapital tilsvarande kommunen sin del av selskapet si totale forvaltning.
Etablere bibliotek i Kommunehuset på Manger	3 000	462	2 538	Prosjektering pågår. Start byggjearbeid første kvartal 2026. Forventa ferdig haust 2026. Restramme vert foreslått overført til 2026.
Etablere kulturskolen i Kommunehuset på Manger	3 678	361	3 317	Rivingsarbeid gjennomført. Prosjektering pågår. Start byggjearbeid første kvartal 2026. Forventa ferdig haust 2026. Restramme vert foreslått overført til 2026.
FDV-prosjekt dokumentasjon	1 000	664	336	Prosjektet pågår. Det omfattar innsamling, utbetring og implementering av dokumentasjon på alle bygg til nytt FDV-system. Gjeld og brann dokumentasjon. Prosjektet er vurdert til å ha tilstrekkeleg budsjett i 2026, og restramme vert ikkje overført.
Forsikringssak Alverhallen	0	115	-115	Forsikringssaka er avslutta.
Forsikringssak Lindås barnehage	0	218	-218	Forsikringssaka er avslutta.
Forsikringssak Lindåsvegen 131	0	789	-789	Bygget skal gjenreisast, er ikkje starta opp.
Forsikringssak Røsvikhaugen 5 a og b	0	24	-24	Forsikringssaka er avslutta.
Frekhaugkrysset - Sagstad skule, vassledning (NHP) / Avlaups-del	1 472	733	739	I hovudsak ferdigstilt i 2025, mindre arbeid gjenstår. Vatn og avløpsgrøft frå Frekhaug torg mot Langeland pågår, forsinka på grunn av frost. Asfaltering og støypekantar gjenstår. Det er

	Budsjett for året			
Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
				forventa at prosjektet vert avslutta med mindreforbruk, og difor er det ikkje nødvendig å overføre heile restramma.
Frekhaugkrysset - Sagstad skule, vassleidning (NHP) / Vatn-del	4 965	3 135	1 830	I hovudsak ferdigstilt i 2025, mindre arbeid gjenstår. Vatn og avløpsgrøft frå Frekhaug torg mot Langeland pågår, forsinka på grunn av frost. Asfaltering og støypekantar gjenstår. Det er forventa at prosjektet vert avslutta med mindreforbruk, og difor er det ikkje nødvendig å overføre heile restramma.
Hestdal Vannbehandlingsanlegg - Avlaup	348	0	348	Prosjektet er i hovudsak avslutta. Ein liten del av restramma vert foreslått overført til 2026.
Hilland, Ikenberg, Isdalstø, Klubbstøa, avløpsanlegg (KNARA)	80	252	-172	Prosjektering i 2025 og 2026. Gjennomføring 2027. Det er påløpt noko meir kostnader i 2025 enn i revidert budsjett, dette vert justert mot ramma i 2026.
Hordabø skule - tilrettelegging mottaksskule	3 100	2 079	1 021	Ombygging av bibliotek til to klasserom, grupperom og garderobe er ferdig. Vidare har det vore ein prosess med omdisponering av areala på skulen. Oppstart ombygging er planlagt i 2026. Restramme vert foreslått overført til 2026.
IKT-utstyr møterom	434	215	219	Kostnader til audiovisuelt utstyr ved etablering og bytting av møterom. I 2025 er det blant anna nytta midlar til oppgraderinga av formannskapssalen på rådhuset. Restramme vert foreslått overført til 2026.
Industri- og drikkevatt til Mongstad	24 206	22 527	1 679	Alt av grøfte- og leidningsarbeid er utført. Utbygging av siste demning hadde oppstart 3. kvartal 2025. Noko forsinka på grunn av avklaringar med NVE og verforhold. Restmidlar vert foreslått overført til 2026.
Investering barnehagebygg	841	657	184	Post for løpande investeringar på barnehagebygg. I 2025 er midlane brukt på Bø barnehage, der det blant anna er bygd ein gapa-huk og vognskuret er oppgradert. Budsjettmidlane for 2026 er vurdert tilstrekkelege, og restramme vert ikkje overført.
Investering bustader	1 000	219	781	Ramme for løpande investeringar i kommunale bustader. Midlane i 2025 er brukt ut frå prioriterte behov og intern kapasitet. Restramme vert foreslått overført til 2026.
Investering institusjon og omsorgsbustader	3 287	3 642	-355	Tiltak er planlagt og utført i 2025 i samråd med tenestene som har behov. Store deler av midlane i 2025 har gått til takbytte på omsorgsbustad Manger. Arbeidet var ferdig i 2025.
Investering kommunale bygg	4 694	5 322	-628	Post for løpande investeringar på kommunale bygg. Arbeidet pågår i samråd med tenestene som har behov. Investeringsprosjekt utført i 2025: Nytt lysanlegg i Radøyhallen, flytting og innbygging av container til BUA Lindås, nytt varmepumpeanlegg til kommunale leiligheter på Frekhaug, utvendig solskjerming på Meland sjukeheim, ombygging resepsjon i kommunehuset på Frekhaug og kontor Frekhaug legekontor.
Investering skulebygg	4 702	4 921	-219	Ramme til løpande investeringar på skulebygg. Mindre delprosjekt er planlagt og er utført i 2025 i samråd med skulane som har behov. Dei største prosjekta som er utført i 2025 er løfteplattform Rosslund skule, ekstra klasserom i paviljong Knarvik ungdomsskule, skallsikring Hordabø skule, utvendig skrårampe ved Knarvik barneskule og prosjektering ballbinge Manger barneskule.
Investeringsmidler kyrkjeleg fellestråd	1 000	1 000	0	Midlar tilført til Kyrkjeleg fellestråd i henhold til vedteke budsjett.
Kjøp av bil - Felles biladministrasjon	2 360	2 780	-420	Målet i 2025 var å avslutte leigeavtalar for 60 bilar. Talet på avslutta leigeavtalar blei 30 bilar. Dette skuldast manglande investeringsmidlar hausten 2025. Leikekontraktane blei derfor forlenga med 6-9 månader til sommaren 2026.
Kjøp og sal av bustader	17 287	3 703	13 584	Midlar avsett til kjøp og sal av bustader. Vert nytta løpande etter behov. Det har i 2025 vore få aktuelle bustader å kjøpe.

	Budsjett for året			
Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
				Budsjettet i 2026 er vurdert tilstrekkeleg og restmidlar vert difor ikkje overført.
KNARA, hovedrenseanlegg / avlaup	22 551	27 806	-5 255	Utsleppssøknad, reguleringsplan og rammesøknad er godkjent. Oppstart bygging i februar 2026. Forventa ferdig i løpet av 2027. Det er påløpt noko meir kostnader i 2025 enn i revidert budsjett, dette vert justert mot ramma i 2026.
KNARA, overføring i Knarvik / Avlaup	1 082	589	493	Detaljprosjektering pågår. Planlagt oppstart april 2026. Restramma vert foreslått overført til 2026.
Knarvik - Forskottering utbygging	13 193	12 233	960	Prosjektet gjeld kommunal forskottering for bygging av infrastruktur med meir knytt til utbyggingsavtalar. Bruk av midlane er avhengig av tidspunkt for signering av utbyggingsavtalar, og kva som følgjer av desse avtalane. Det er ikkje kommunen sjølv som styrer framdrifta, det avheng av når utbyggerane er klare til å inngå slike avtalar. Samt planane utbyggingane vil gjere. Kommunen sine egne utgifter med prosjektering og gjennomføring av offentleg anlegg har ein oversikt over og er i hemnhold til plan. 2025 vert avslutta med kostnader i høve til budsjett og inntekter i hovudsak i tråd med reviderte budsjett grunna tilskot frå Miljøløftet og framskunda kontantbidrag frå utbyggjar.
Knarvik ungdomsskule. Uteområde	6 028	6 247	-219	Prosjektet er fullført. Plen må såast i april 2026.
Knarvikplanen, VA-anlegg / Avlaups-delen	8 747	5 788	2 959	Heving Kvassnesvegen blir planlagt ut frå framdriftsplan til Coop. I forbindelse med heving av Kvassnesvegen blir og Bruvegen ferdigstilt frå kryss Kvassnesvegen-Bruvegen til Haugen barnehage. Uforutsett stort behov for masseutskiftning i Bruvegen gjer at arbeidet er noko forsinka. Restramme vert foreslått overført til 2026.
Knarvikplanen, VA-anlegg / Vatn-del	6 049	4 842	1 207	Heving Kvassnesvegen blir planlagt ut frå framdriftsplan til Coop. I forbindelse med heving av Kvassnesvegen blir og Bruvegen ferdigstilt frå kryss Kvassnesvegen-Bruvegen til Haugen barnehage. Uforutsett stort behov for masseutskiftning i Bruvegen gjer at arbeidet er noko forsinka. Restramme vert foreslått overført til 2026.
Kommandobil Nordhordland brann og redning	2 082	887	1 195	Leveransen er noko forsinka grunna årsak utanfor vår kontroll/påverknad. Forventa leveranse Q1 2026. Restmidlar er overført til 2026.
Kommunale vegar	7 858	3 882	3 976	Gjennomførte prosjekt i 2025: Asfaltert Hopsdalsvegen (tidlegare grusveg). Ferdigstilling av mur på Bøkevoll. Utviding av veg til Stussdalen. Utviding av parkering Austmarka. Fleire prosjekt med oppstart i 2026. Restramma vert foreslått overført til 2026.
Leikeplassutstyr	587	427	160	Ramme til løpande investeringar på leikeplassar. Arbeidet prioriterast ut frå vedlikehaldsplan for skule og barnehage. Restramma vert ikkje overført.
Lindås barneskule - tilrettelegging mottaksskule	2 500	1 993	507	Prosjektet er ferdigstilt. Oppgraderte og utvida garderobefasiliteter og toalett. Nytt belegg i garderobe og to klasserom. Malte overflater garderobe. Det er også gjort utbetringar på ventilasjonsanlegg. Restmidlar vert ikkje overført.
Lindås Gravplass	10	838	-828	Reguleringsplanen vart vedtatt vår 2025. Prosjektering/planlegging pågår og bygging av byggetrinn 1 kan starte i løpet av 2026 og ferdigstillast i 2028/2029. Det er Alver kyrkjelege fellesråd som driv prosjektet. Overforbruk i 2025 vert dekkja inn av reduksjon i ramma i 2026.
Makebyte med Coop (Gjeld Gecobygget)	3 495	0	3 495	Utbetaling gjenstår. Restramma vert foreslått overført til 2026.
Manger skule - ny paviljong	3 600	4 022	-422	Oppstart sommaren 2025. Tatt i bruk februar 2026. Prosjektet har noko meirforbruk som blir dekkja av restmidlar på andre prosjekt.

	Budsjett for året			
Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
Meland ungdomsskule oppgradering - inneklima	1 500	1 054	446	Etterisolering fasade mot aust på gamlebygget vart ferdigstilt i desember 2025. Prosjektet har også budsjett i 2026 som er vurdert tilstrekkeleg. Restramme vert difor ikkje overført.
Mindre tiltak avlaup 2024-2034	12 363	6 891	5 472	Gjennomførte prosjekt i 2025: Ferdigstilling Frekhaug brannvassdekning (avløpsleidningar). Installasjon av målarar i pumpestasjonar. Utsifting av leidningsnett og kummar Manger (Kvernhusvegen). Ferdigstilling av Holme avløpsanlegg. Ny pumpestasjon Hellaneset - nesten ferdigstilt. Ny utsleppsleidning på Myking. Fleire prosjekt har oppstart i 2026. Restramma vert foreslått overført til 2026.
Mindre tiltak vatn, 2024-2034	12 359	4 510	7 849	Gjennomførte prosjekt i 2025: Ferdigstilling Frekhaug brannvassdekning. Ny reduksjonskum Sæbø. Ny vasskum Toskavegen. Utsifting av leidningsnett og kummar Manger (Kvernhusvegen). Nye kummar og vassleidning kryss Melandskaret/Håtuft. VA-leidningar i Frekhaug sentrum. Fleire prosjekt har oppstart i 2026. Restramma vert foreslått overført til 2026.
Mindre tomtekjøp og -sal/ grensejusteringar	2 000	897	1 103	Midlar nyttast til mindre tomtekjøp eller grensejusteringar etter behov. Sal av Lindåstunet er blant anna ført her. Budsjett i 2026 er vurdert tilstrekkeleg, og restramma vert ikkje overført.
Mjåtveitstø Bufellesskap	27 195	26 728	467	Prosjektet nærmar seg ferdig. Montering av innvendige dører og listverk pågår. Forventa overlevering av åtte leiligheter er satt til primo 2026. Restramme vert foreslått overført til 2026.
Moldekleiv - Fosse (NHP), VA-anlegg / Avlaups-del	1 040	501	539	Prosjekt saman med Vestland fylkeskommune. Ferdig prosjektert og forventa oppstart april 2026. Restramme vert foreslått overført.
Moldekleiv - Fosse (NHP), VA-anlegg / Vatn-del	1 101	415	686	Prosjekt saman med Vestland fylkeskommune. Ferdig prosjektert og forventa oppstart april 2026. Restramme vert foreslått overført.
Mongstad base, avløpsleidningar kommunal del	0	-825	825	Beløpet ført i 2025 gjeld kreditnota frå eit tidlegare år. Prosjektnummeret er ikkje lenger i bruk.
Mongstad Base, reinseanlegg og avløpsleidning	4 998	2 842	2 156	Reinseanlegg Mongstad. slamtankar er bestilt og blir levert mars 2026. Grøftarbeida samt sprenging for reinseanlegget startar februar/mars 2026. Restramma vert foreslått overført til 2026.
Myrvollane - Moldekleiv, VA-anlegg avlaupsdel	6 278	5 321	957	Avløpsleidning frå Myrvollane til Moldekleiv. Overflatearbeid gjenstår på grunn av frost. Det meste av ramma vert foreslått overført til 2026.
Myrvollane - Moldekleiv, VA-anlegg, vatn-del	6 376	3 311	3 065	Vassleidning frå Myrvollane til Moldekleiv. Overflatearbeid gjenstår på grunn av frost. Resten av prosjektet er ferdig med forventa mindreforbruk. Deler av restramma vert foreslått overført til 2026.
Ny Alversund barneskule inkl hall og infrastruktur	500	275	225	Skulen har no vore i drift ei stund. 2025 var siste året med investeringsmidlar. I 2025 er det utbetra akustikk i garderobar. Restramme vert ikkje overført.
Ny ungdomsskule - Frekhaug-området	1 316	1 041	275	Konseptfase for ny ungdomsskule på Frekhaug. Prosjektet er på vent. Restramme vert ikkje overført.
Nye brannbilar	1 430	490	940	Prosjektet er ikkje ferdig. Restmidlar vert foreslått overført til 2026.
Nyinvestering kjøp/frys/varme	1 550	1 841	-291	Prosjektet er fullført med meirforbruk. Midlane er brukt på Knarvik sjukeheim, Meland sjukeheim og Rossland barne- og ungdomsskule.
Offentlege pålegg	2 000	2 517	-517	Løpande prosjekt for diverse mindre tiltak knytta til offentlege pålegg. i 2025 er midlane i hovudsak brukt til pålegg gjeldande Knarvik ungdomsskule, Rossland barne- og ungdomsskule og Sagstad skule.

	Budsjett for året			
Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
Ombygging Biblioteket - Kommunehuset på Frekhaug	3 490	3 507	-17	Prosjektet er ferdig.
Ombygging Meland sjukeheim - dagsenter	181	227	-46	Prosjektet er ferdig.
Planlegging Knarvik, nærsentra og byvekstprosjekt	2 200	2 359	-159	Midler for overordna planlegging av Knarvik, byvekstprosjekt og nærsentra. I 2025 har midlane blitt nytta til reguleringskostnader i Knarvik. Det er krav om felles regulering av eit utbyggingsfelt (BOP3) i forbindelse med regulering av tomt til robuste bustader. I tillegg er det nytta lønnsmidlar til overordna arbeid med Knarvikutbygginga.
Rehabilitering tak diverse kommunale bygg	4 919	0	4 919	Gjeld rehabilitering av tak på kommunale bygg. Avklaringar angående kva bygg som skal prioriterast pågår. Restramme vert foreslått overført til 2026.
RIB Manger kjøkken og anna enkel oppgradering	1 200	1 118	82	Prosjektet er ferdig.
Rimmo - Dalen - Hilland VA-anlegg - Vatn-del	2 979	578	2 401	Oppstart med borehol ved Hilland i 4. kvartal 2025. Detaljprosjektering pågår. Restramme vert foreslått overført til 2026.
Rimmo - Dalen - Hilland VA-anlegg, avlaup	2 991	544	2 447	Oppstart med borehol ved Hilland i 4. kvartal 2025. Detaljprosjektering pågår. Restramme vert foreslått overført til 2026.
Ringledning Mongstad-Austrheim-Radøy (Ringledning nord) / Vatn	0	7	-7	Prosjektet planleggast saman med Austrheim Kommune. Prosjektering av anlegget planlagt i 2026-2027 og gjennomføring i 2028-2029.
Rådhuset - Ombygging innbyggjarservice og formannskapssal	5 000	5 460	-460	Prosjektet er ferdig, og både innbyggjarservice sine lokalar og formannskapssal og kantine er klare. Kostnadane viser eit meirforbruk som blir dekkja av restmidlar på løpande poster for investering som ikkje blir overført til 2026. Det er også nytta midlar frå løpande poster for lkt- og datanett kommunale bygg.
Samle Prestmarka barnehage i Solhall	4 500	1 515	2 985	Løysingane må prosjekterast på nytt for å tilpasse dei til totalramma. Restramma vert foreslått overført til 2026.
Separering prosessvatn frå vassverket på Holsnøy	10 000	8 956	1 044	Separering av prosessvatn frå Hestdal vannbehandlingsanlegg. Prosjektet er venta å ha litt mindreforbruk, og berre deler av restramma vert foreslått overført til 2026.
Sjukesignalanlegg - sjukeheimar	500	0	500	Sjukesignalanlegga på sjukeheimane viser seg å vera i dårleg stand og har behov for utskifting og oppgradering. Arbeidet fram til no har dreia seg om utgreiing av behov. Prosjektet har ei netto ramme på 13,4 millionar kroner, der det ligg utgifter på 23,8 millionar kroner og tilskot frå husbanken på 10,4 millionar kroner. Restramme frå 2025 vert foreslått overført til 2026.
Skilt kommunale bygg	1 680	1 237	443	På grunn av redusert ramme prioriterast utvendig skilting av dei større administrasjons-, helse- og skulebygga. Alle bygg som var prioritert for 2025 er ferdig skilta. Restramme vert foreslått overført til 2026.
Stisikring Eldsfjellet	0	130	-130	Planlagt bygging i mai-juni 2026. Tiltaket vert fullfinansiert av fondsmidlar og tilskot.
Sykkelskap og sykkelparkering - miljøløftet	0	635	-635	Kostnader i dette prosjektet vert dekkja av midlar frå Miljøløftet.
Såtabu - Ombygging til nytt pasientrom	1 427	1 422	5	Prosjektet er ferdig.
Tilpasning til ny forskrift kunstgrasbaner	1 495	942	553	Ramme til å dekkje behov for omstilling miljøtiltak. Ferdig bytta kunstgras med innfyll-granulat til kunstgras-sand på fire ballbingar haust 2025. Vidare tiltak vert gjort på kunstgrasbanar. Restramme vert foreslått overført til 2026.

	Budsjett for året			
Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
Tiltak for å oppretthalde Eikanger skule	1 000	584	416	Midlar er brukt til utbetringar for mottak av elevar til skulestart august 2025. Restramme vert ikkje overført.
Trafikksikringstiltak	866	358	508	Arbeid med Temaplan trafikksikring - ferdigstilling haust 2025. Tiltak vil bli utført 2026 etter godkjent plan. Gjennomført eit mindre tiltak i 2025 - ny rekkekanthar Skarpaneset. Restramma vert overført til 2026.
Universell utforming/særleg tilrettelegging	2 000	1 989	11	Budsjetttramma skal dekke løpande behov for tilpassingar til universell utforming og tilgang i kommunale bygg. I 2025 er det påløpt midlar til blant anna solskjerming, akustikkutbetring og universell utforming knytta til det nye biblioteket på Frekhaug.
Utbetring tak kommunale bustader	1 938	914	1 024	I 2025 har store delar av midlane gått til takbytte på bustad på Manger. Restramme vert foreslått overført til 2026.
Utbygging WiFi og datanett kommunale bygg	2 300	1 597	703	Gjeld datakabling, WIFI og utskifting av utstyr i diverse kommunale bygg. I 2025 er det blant anna nytta midlar til oppgradering av formannskapssal på rådhuset og wifi-anlegget på Lindås ungdomsskule. Budsjettet for 2026 er vurdert tilstrekkeleg, og restramme er ikkje foreslått overført.
Utlån egne midlar	0	40 000	-40 000	Utlån Orion-prosjekt gjeld sal av Geco. Etter avtale skal Orion betale resterande kjøpesum ved igangsetjingsløyve.
Utskifting lyskilder og armatur	2 000	1 839	161	Ramma vert brukt etter behov i tenestoområda. Prosjektet gjeld utskifting av lyskilder og armatur etter nye direktiv. Prosjektet er fleirårig. Restramma vert foreslått overført til 2026.
Utskifting og behov maskinar og utstyr	2 268	409	1 859	Prosjektmidlane nyttast til løpande behov maskiner og utstyr for driftsavdelinga. Bruken av midlane i 2025 er knytta til kantslåttapparat, brøyteskjer, store robotgrasklipparar og kjøp av traktor. Anbudssperiode og leveringstid frå produsent gjer at det er restmidlar som vert foreslått overført til 2026.
Utstyr idrettsanlegg	300	241	59	Prosjekt for å dekke behov for løpande investeringar på utstyr til idrettsanlegg.
Utstyr Kultur	300	165	135	Naudsynt utstyr skaffa til bibliotek, kulturskule, scener og frivilligsentralar, i eit fellesinnkjøp. Del sett av til Hjarterommet i samarbeid med eigeidom i 2026. Kjem òg i 2026 mindre investeringar/tilpassingar i Knarvik bibliotek, knytt til akustikk og hørselshemma. Restramme er foreslått overført til 2026.
Vaskerobot Alversund skule	0	31	-31	Årleg beløp finansiell leasing vaskerobot Alversund skule.
Veglys gangveg Mjåtveitflaten - Miljøløftet (belønningsmidlar)	0	278	-278	Prosjektet vert dekkja av midlar frå Miljøløftet.
Veglys; Oppgradering av anlegget	3 232	1 871	1 361	Kjøpt ut dei kommunale veglysa frå Veilys AS. Gjenståande midlar vil nyttast i 2026 for oppgradering av anlegget til LED. Restramma vert foreslått overført til 2026.
Vikebø - Fløksand - Vollo, overføring vatn og avløp / Avlaups-del	520	0	520	Planlagt frå 2027. Prosjekteringsmidlar i 2025 er ikkje nytta, og vert foreslått overført til 2026.
Vikebø - Fløksand - Vollo, overføring vatn og avløp / Vatn-del	520	0	520	Planlagt frå 2027. Prosjekteringsmidlar i 2025 er ikkje nytta, og vert foreslått overført til 2026.
Sum andre prosjekt	3 201	4 584	-1 383	
Sum	366 280	317 344	48 936	

Samfunnssikkerhet og beredskap

Samfunnssikkerheit og beredskap

Kommunane har ein grunnleggjande rolle i totalforsvaret i Noreg, og den geopolitiske utviklinga har påverka både omfanget og måten Alver kommune arbeider med samfunnssikkerheit og beredskap. Fokus har i stor grad vore på kommunen si rolle i beredskapsarbeidet, både gjennom opplæring og øvingar på teneste- og einingsnivå og med kommunal kriseleiing. Endra sikkerhetspolitisk situasjon har auka behovet for kompetansehelevande tiltak i heile organisasjonen.

Det omfattande arbeidet med heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse (ROS) og handlingsplan er i sluttfasen. Overordna ROS gir eit heilskapleg bilete av kva utfordringar og risikoar kommunen kan stå overfor, og er eit viktig verktøy for å sikre at kommunen er budd på ulike typar hendingar/kriser.

I 2025 er det gjennomført systematisk arbeid for å forebygge uønskte digitale hendingar og styrke den digitale beredskapen. Det er gjennomført omfattande arbeid på tema informasjonssikkerheit og personvern, med særleg fokus på risiko, beredskap og bevisstgjerings.

Døme på aktivitetar og tiltak

- risiko og personvernkonsekvensvurderingar av kommunen sine digitale system
- øving i samarbeid med Statforvaltaren i Vestland, politiet, Heimevernet, Røde Kors med fleire
- utarbeiding av retningslinjer og rutinar for digital sikkerheit
- handtering av uønskte digitale hendingar, samt støtte til handtering av andre uønskt hendingar i tenestekområda
- gjennomført verdivurdering på samfunnsskrittiske funksjonar
- støtte til ulike tenestekområde i samband med utarbeiding av beredskapsplanar og gjennomføring av øvingar
- møter i beredskapsrådet
- representant frå Alver kommune med faglege innlegg i regionale samlingar/konferansar med tema samfunnssikkerheit og beredskap
- trening i bruk av loggføringsverktøyet Rayvn
- gjennomgang av lov om digital sikkerheit
- sikkerheitsmånaden i oktober og sikkerheitskonkurranse for å auke kunnskap
- månadlege informasjonskampanjar med ulike tema innan informasjonssikkerheit og personvern
- risikovurdering i forkant av Stortingsval våren 2025
- systematisert oversikt over alle IT-system, roller, avhengigheiter og data knytt til systema
- innført sikkerheitstiltak som til dømes innføring av phishingresistent pålogging

Alver kommune har vist god evne til å handtere utfordringar innan samfunnssikkerheit og beredskap i 2025.

Personal og organisasjon

Årsverk

Årsverk totalt per sektor	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Årsverk bruk 2025	Avvik mellom budsjett og bruk 2025	Sektoren sin del av dei totale årsverka
Organisasjon	73	74	74	72	-2,9	3 %
Helse og omsorg	1032	1078	1025	1024	-0,8	47 %
Oppvekst	798	806	794	791	-2,6	37 %
Samfunnsutvikling	286	288	292	276	-16,1	13 %
Sum kommunen (sektor 2-7)	2 190	2 246	2 185	2 162	-22,4	100 %

Frå 2024 er lærlingar inkluderte i budsjett 2024 og 2025, samt i bruk for 2025. Endringar som er gjorde i samband med 1. og 2. tertialrapport, er ikkje tekne med i årsverkstala for budsjett 2025. Det er større avvik mellom budsjett og bruk i 2025 i sektoren samfunnsutvikling. Større avvik i årsverk er nærare omtala i kapitla for dei enkelte sektorane under «Kommunens sektorar».

Likestilling

Likestilling og diskriminering

Arbeidet med likestilling og ikkje-diskriminering er ein viktig del av kommunen sitt arbeidsgjevaransvar og samfunnsoppdrag. Alver kommune skal vere ein inkluderande organisasjon som legg til rette for like moglegheiter, og som aktivt arbeider for å førebyggje diskriminering i alle delar av verksemda. I 2025 har kommunen vidareført dette arbeidet gjennom utvikling av rutinar, opplæring og ulike tiltak både på overordna nivå og i sektorane. Samstundes viser erfaringane at det er behov for eit meir systematisk og kunnskapsbasert arbeid for å identifisere risiko og setje i verk målretta tiltak.

Arbeidet med likestilling er kontinuerleg, og krev tydeleg leiing, godt partssamarbeid og medvit i heile organisasjonen. I Alver kommune utgjer kvinner om lag 76 prosent av alle tilsette i 2025, og om lag halvparten av dei tilsette arbeider i helse og omsorg. Å arbeide for heiltidskultur er eit viktig tiltak i eit likestillingsperspektiv. Statistikken for Alver kommune viser ein positivt trend med auke i talet på tilsette i 100 prosent stilling sidan 2020. Gjennomsnittleg stillingsstorleik i kommunen var 82 prosent i 2025, jf. PAI-statistikk. Andel heiltidsstillingar er høgare blant menn enn blant kvinner, med høvesvis 64 prosent og 57 prosent. Kommunen har ikkje ei eksakt oversikt over ufrivillig deltid, men sektor helse og omsorg arbeider systematisk med å auke heiltidsandel i samband med turnusarbeidet kvart år. Status for heiltid og deltid vert drøfta årleg med dei tillitsvalde.

Heiltidsprosjektet, som arbeidde systematisk med å bygge kunnskapsgrunnlag og identifisere tiltak, vart avslutta hausten 2024 og tiltaka overført til drift. Døme på tiltak:

- **«Heiltidspraten»:** ein årleg samtale med faste tilsette i deltidstilling, for å auke kunnskap og motivasjon for kompetanseheving og stillingsauke.

- **Jobbgaranti for helsefagarbeidarar:** dei som har læretida hjå kommunen kan teikne ein avtale om 100 prosent fast stilling etter fullført utdanning.
- **Trainee:** studentar i vernepleie og sjukepleiarfaget som har jobba deltid i studietida får tilbod om 100 prosent fast stilling, der dei først går inn i ei traineeordning.
- **Infomøte om pensjon:** årleg digitalt møte om pensjon for unge tilsette.

I 2025 var det 45 kvinner og 6 menn som tok ut foreldrepermisjon -høvesvis 1197 og 87 veker. Kvinner innehar 28 prosent av leiarstillingane i kommunen.

KAPITTEL		Kvinner si gj.snittlege lønn i % av menn si lønn
3	Toppleiing	80,48 %
	Einingsleiarar/tenesteleiarar	94,56 %
	Avdelingsleiarar	97,19 %
5	Rådgjevarar/fagstillingar	90,95 %
	Fagansvarlege	86,77 %
4	Arbeidsleiar	105,71 %
4	Ufaglærte	101,15 %
	Fagarbeidar	99,76 %
	Fagarbeidar + fagskule	106,92 %
	3-årig U/Høgskule	98,55 %
	4-årig U/Høgskule	102,96 %
	5-årig U/Høgskule	99,61 %
	Lektor/Mastergrad	102 %
	Lektor m. tillegg	104,04 %

(Kjelde: HRM Alver kommune)

Det er utarbeidd rutinar og retningslinjer som er tilgjengelege i kvalitetssystemet. Saman med god opplæring skal desse bidra til lik praksis, mellom anna i tilsetjingsprosessar og i oppfølging av sjukefråvær. Leiarkompetanse og etablerte rutinar for «tilsetting frå A til Å» styrkjer kunnskap og medvit om både likestilling og heiltidsproblematikk. Samstundes er det eit kontinuerleg behov for tiltak som vidareutviklar denne kompetansen.

Det går også føre seg arbeid i sektorane for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Medviten bruk av språk, bilete og symbol, samt særskild opplæring av «Kommune-Kari» på innbyggjarportalen, er døme på slike tiltak. Flaggreglementet legg føringar for flagging på og ved kommunale bygg, anlegg og eigedomar, og omfattar mellom anna bruk av sameflagget, FN-flagget og regnbogeflagget.

I Alver kommune er det sett i verk fleire enkelttiltak for å fremje likestilling og førebyggje diskriminering. Samstundes er det behov for ei meir systematisk og kunnskapsbasert kartlegging av risiko, og for vurdering av målretta tiltak.

Etikk

Etikk handlar om verdiane som skal styre oss i det daglege arbeidet - både i møte med innbyggjarane, i avgjerder vi tek og i samarbeidet mellom tilsette. Eit bevisst forhold til etikk er viktig for å bygge og ta vare på tilliten til kommunen, noko som er særleg viktig i tida vi no er inne i. Alver kommune har etiske retningslinjer som skal hjelpe både folkevalde og tilsette til å handle forsvarleg og i tråd med felles verdier. Retningslinjene er ein del av dokumentet *Politisk styringsstruktur og reglement* som vart vedteke i november 2023. Kommunen er også medlem av Transparency International. Kommunen har

etablert rutinar for varsling i tråd med arbeidsmiljølova. Tilsette kan varsle om kritikkverdige forhold gjennom portalen MittVarsel som er tilgjengeleg på intranett, eller på annan eigna måte som er i tråd med retningslinjene for varsling i Alver kommune.

Helse og omsorg har oppretta *Klinisk etisk komité*, som kan gi råd til helsepersonell, pasientar eller pårørande der det ligg føre etiske dilemma. Komitéen kan bistå med å sjå saka frå fleire sider, løfte fram ulike omsyn og foreslå moglege løysingar. Målet er å bidra til gode og gjennomtenkte val og skape tryggleik for dei involverte.

Systematisk arbeid med etikk er viktig for både tilliten mellom kommunen og innbyggjarane, og for kvaliteten på tenestene vi leverer. Det omfattande omstillingsarbeidet gjennom 2025 har likevel påverka kapasiteten til å setje i gang større prosjekt. Sjølv om det ikkje er sett i verk eit samla og systematisk arbeid i heile organisasjonen, er etiske refleksjonar og samtalar om etiske problemstillingar ein del av arbeidskvardagen.

Internkontroll

Internkontroll


Internkontroll er ein grunnleggjande føresetnad for god styring, kvalitet og tillit i Alver kommune. Arbeidet skal vere risikobasert og systematisk, og skal bidra til at kommunen når sine mål, etterlever lovkrav og sikrar gode og trygge tenester til innbyggjarane. I 2025 har kommunen vidareført og styrkt det systematiske internkontrollarbeidet. Det er gjennomført omfattande kartlegging av risiko, brei involvering av leiarar, tillitsvalde og verneombod, og vidareutvikling av styringssystem, rutinar og opplæringstiltak.

Internkontroll er eit kontinuerleg modningsarbeid. Meir enn 300 risikovurderingar er i prosess, og svært mange leiarar, tillitsvalde og verneombod har delteke på ROS-verkstader - i stor grad knytt til omstilling og det systematiske arbeidet med helse, miljø og sikkerheit (HMS). Auka aktivitet innan risikovurderingar, avvikshandtering og særleg merksemd på informasjonssikkerheit og personvern, viser ei positiv utvikling der kommunen i aukande grad arbeider systematisk, førebyggjande og kunnskapsbasert.

Avvik og forbetningsarbeid

Innmeldte avvik ligg omlag på same nivå som i 2024. I 2025 vart det meldt inn totalt 4 516 avvik i kommunen, noko som er 63 fleire enn året før. Det høge talet på avvik tydar på at dei tilsette har høg merksemd om å melde frå når noko ikkje fungerer som det skal. Sjølv om talet er høgt, veit vi også at det er store skilnader både i og mellom dei ulike sektorane. Det er også stor forskjell med omsyn til kva avvikskategori som vert meldt. Det er registrert flest avvik på HMS-området.

Systematisk registrering og behandling av avvik er viktig for tenestekvalitet og del av det kontinuerlege forbetningsarbeidet vårt. Kommunen vil halde fram med å ha fokus på opplæring og kompetansebygging når det gjeld melding og oppfølging av avvik, for å sikre god praksis og varige forbetringar.



(Kjelde: Kvalitetssystemet i Alver kommune)

Kvalitetssystemet er i stadig utvikling og har i 2025 om lag 2 460 rutinar og retningslinjer. Desse er fordelt på felles retningslinjer/rutinar som gjeld for alle tilsette, og sektorvise retningslinjer/rutinar per sektor, tenesteområde og heilt ned til den enkelte avdeling. I 2025 vart det oppretta 260 nye dokument fordelt på alle sektorane. Døme på sektorovergripande rutinar og retningslinjer utarbeidd i 2025:

- Språkbrukplan 2025-2029
- Dokumentasjonsplan for Alver kommune.
- Retningslinje og rutiner for krisekommunikasjon
- Atomberedskapsplan
- Instruks for born og unge sin talsperson i Alver kommune
- Rutine for vurdering av barns rettar på systemnivå
- Digital sikkerheit - Retningslinje for tilgangsstyring og identitetskontroll
- Digital sikkerheit - Retningslinje for fysisk sikkerheit og sikring av IT-utstyr
- Digital sikkerheit - Retningslinje for fjernarbeid og heimekontor

Årshjul

Alver kommune nyttar den digitale årshjulsøysinga Plandisc. Årshjulet strukturerer, systematiserer og samordnar aktivitetar - og bidreg til kontroll og forutsigbarhet for leiarar og tilsette. Det er utarbeidd eit eige årshjul for leiaraktiviteter som eit ledd i internkontrollen i kommunen.

Internkontroll for arkiv

I 2024 gjekk kommunen bort frå verktøyet arkivplan.no, og har systematisert dokumentasjon gjennom kvalitetssystem, systemet Ardoq og intranett. Arkivplanen er eit viktig internt styringsverktøy og arbeidsreiskap i dokumentasjonsforvaltning og arkivarbeidet. Arkivplanen gir ein oversikt over korleis dokumentforvaltning og arkiv er organisert, og gir bindande retningslinjer for handsaming av arkivverdig dokumentasjon i kommunen.

KF delegering

KF Delegeringsreglement er ei digital løysning for å delegere mynde, og systemet inneheld alle lovparagrafar som gjev kommunen mynde eller plikter. Det har over tid vorte gjort ein systematisk gjennomgang av alle lovparagrafar og knytt dei opp mot sektorar og ansvarsområde i kommunen. KF delegering er no oppdatert og publisert.

Juridisk kvalitetssikring

Kommuneadvokatkontoret har ei viktig rolle i internkontrollarbeidet gjennom rådgjeving og juridisk kvalitetssikring av sakshandsamingsprosessar og rutinar, retningslinjer og reglement.

Kurs og opplæring

- leiarutviklingsprogram
- HMS-kurs for leiarar
- HMS grunnkurs (40 t) for verneombod og rep. i Arbeidsmiljøutval
- ROS-verkstader
- digitale frukostmøter ein gong i månaden med viktige tema som er relevant for leiarar
- samling for systemansvarlege og systemeigarar (IKT-system)
- leiarsamlingar
- opplæring for nye leiarar

Tilsyn


- Arbeidstilsynet
 - Dykking – stedlig tilsyn
 - Muskel- og skjelettplager og psykiske plager (barnevern)
 - HMS i helse og omsorgsektoren
- Statsforvalteren i Vestland
 - Avfallsforskriften § 10a
 - Eigenkartlegging av helsetenester til heimebuande eldre
- Forvaltningsrevisjon - sakshandsaming byggesak

System for å klage på service

Som eit ledd i det kontinuerlege forbetningsarbeidet er det etablert ordning for serviceklagar. Føremålet med ordninga er at tilbakemeldingane frå brukarane (innbyggjarar og samarbeidspartnarar) skal styrke brukardialogen og gi kommunen høve til forbetring. Systemet er etablert i samarbeid med representantar for dei tillitsvalde. I 2025 har det komme inn 17 saker fordelt på ulike sektorar, ei auke frå 11 saker i 2024.

Sjukefråver

Sjukefråværet i Alver kommune har hatt ei positiv utvikling i 2025, med nedgang i alle sektorar og ein samla reduksjon frå 11,7 til 10,9 prosent. Utviklinga følgjer trenden i resten av kommune-Noreg, men sjukefråværet er framleis høgt. Kommunen arbeider systematisk og målretta med både generelle og meir spesifikke tiltak tilpassa utfordringsbiletet i dei ulike sektorane. Eit godt partssamarbeid og aktive arbeidsmiljøgrupper er sentrale verkemiddel i dette arbeidet, og bidreg til lokal forankring, tidleg innsats og felles ansvar for utvikling av gode arbeidsplassar.



(Kjelde: HRM, Alver kommune)

I den største sektoren helse og omsorg er det ein nedgang i sjukefråværet i alle tenesteområda i 2025. Sektoren hadde eit samla sjukefråvær på 11,95 % -ein nedgang frå 13,6 % i 2024. Det var høgast sjukefråvær i sjukeheim og heimetenesta. Sektor oppvekst hadde eit samla sjukefråvær på 9,9 %, Samfunnsutvikling 7 % og Organisasjon og utvikling 6,4 %.

Det er gjennomført eit omfattande systematisk arbeid for å redusere sjukefråværet i kommunen, både gjennom opplæring av leiarar, overordna rutinar og retningslinjer og konkrete tiltak på den enkelte eining. HR-avdelinga og bedriftshelsetenesta Salutis jobbar aktivt inn mot enkeltsakar for å redusere langtidsfråværet, til dømes gjennom rådgiving til leiarar og tilretteleggingstiltak for tilsette. Kommunen har til dømes, i samarbeid med tillitsvalde og bedriftshelsetenesta, fått på plass rutine for oppfølging av gravide i arbeid. Målet er å redusere sjukefråværet gjennom opplæring og tettare oppfølging av gravide tilsette. NAV arbeidslivssenter er også ein god samarbeidspartnar og bidragsytar i det førebyggjande sjukefråværsarbeidet.

Kommunen har utdanna 12 såkalla "KomLab"-instruktørar til opplæring på tvers av sektorane. Gjennom eit heilskapleg opplæringsprogram for førebygging og handtering av aggresjon og vald er målet å redusere vald og trusselsituasjonar i arbeidskvarden. Vald og truslar er ein av kategoriane med flest melde avvik på HMS-området. Det er også gjennomført eit heildagskurs i konflikthandtering for alle leiarane i kommunen.

Hovudverneomboda arrangerer årlege samlingar for alle verneomboda i kommunen der viktige arbeidsmiljøtema er på dagsorden. Prosjektet "Best i lag" begynner å bere frukter ved at stadig fleire arbeidsmiljøgrupper deltek på ROS-verkstader og systematiserer det førebyggjande HMS-arbeidet lokalt. Målet er at dette vil gi ein positiv effekt på sjukefråværet over tid.

Sjukefråværsstatistikk og relevante tema knytte til førebygging av sjukefråvær er jamleg rapporterte til Administrasjonsutvalet og hovud-AMU.

Oppfølging av verbalvedtak

Verbalvedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
01. Regionrådet	Kommunestyret ber om at samarbeidsform i regionen vert vurdert, og ber kommunedirektøren komme tilbake med sak om dette. Der skal ein sjå på kva oppgåver Regionrådet har i ht. kva oppgåver kommunen kan løysa sjølv i ht. drift og ikkje minst vedtekne kommunale planar (t.d. Samfunnsplan, Strategisk næringsplan m.fl), inkludert økonomiske aspekt ved dette.	Iht. plan	Drøftingar om framtidig organisering av arbeid i regionrådet/regionen har starta. Det er lagt fram forslag til skille mellom interkommunalt politisk råd og interkommunalt samarbeid i tråd med kommunelova. Sjå 2. tertialrapport 2025 for meir utfyllande status. Arbeidet held fram i 2026.
02. Kunstig intelligens	Alver kommune skal prøva ut teknologi med kunstig intelligens for å redusera kostnader innanfor relevante område, t.d. planlegging av vaktlistar, kjøreruter, osb. og bed om at det blir framlagt ei sak på dette til levekårsutvalet og kommunestyret (og evt. formannskapet, for økonomisk vurdering).	Iht. plan	I samarbeid med Digitalisering og innovasjon (DI) har det i heile 2025 pågått arbeid for å identifisere moglegheiter for å ta i bruk kunstig intelligens (KI) til å effektivisere arbeidsoppgåver og arbeidsprosessar, t.d. planlegging av turnus, bruk av kunstig intelligens knytt til journalsystem med fleire. Samstundes har kommunen hatt stort fokus på informasjonssikkerheit og personvern. DI har starta arbeid med å utvikle ein eigen chatbot til bruk i IKT-samarbeidet.
03. Digitalisering	Digitalisering må ha eit høgt fokus i organisasjonen, og ein må ta sikte på å unngå dobbeltarbeid i alle ledd (t.d. først manuelt arbeid som sidan blir ført inn digitalt).	Iht. plan	Kommunen har ein aktiv strategi i samarbeid med Digitalisering og innovasjon (DI) for å utvikle digitale tenester som skal fjerne dobbeltarbeid og skape samanhengande digitale løysingar. Ein sentral del av dette er oppgradering til nye og meir effektive fagsystem. I tillegg til digitale løysingar har vi i 2025 hatt fokus på endringsleiing og kontinuerleg forbetring, til dømes gjennom i leiarutviklingsprogram.
04. Fleire sjukeheimplassar	Kommunestyret bed om at administrasjonen greier ut mogelegheita for å byggja ut fleire sjukeheimplassar sentralt i kommunen, t.d. på Knarvik sjukeheim.	Ferdig	Det er etablert 2 nye sjukeheimsavdelingar med til saman 24 plassar.
05. Fleirkommunalt samarbeid	Kommunedirektøren kjem tilbake med ei sak, med følgjande intensjon: Alver kommune skal ta	Iht. plan	I 2025 var det oppstart i tre ulike interkommunale prosjekt som har greidd ut og vurdert behov og

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	initiativ til et fleirkommunalt samarbeid, som skal forsøke å identifisere felles oppgåver, prosesser og innkjøp, og standardisere desse, eller sørge for ens handtering, innkjøp ol. Det skal også takast sikte på å lage ein felles arkivbase for malar og dokument som kan gjenbrukas på tvers av de ulike medlemskommunane. IKT Nordhordland er ei god rettesnor for et fleirkommunalt samarbeid. Per i dag jobbar kvar og ein kommune med oppgåver, standardar og innkjøp, som i prinsippet er likelydande for dei fleste kommunar. Kvar og ein kommune har også i stor grad egne malar og dokument som blir utarbeida, enten internt, eller via eksterne bistand. Sjølv om det foregår noko uformelt samarbeid på tvers av kommunegrenser, så bør det likevel vere eit stort potensial til besparelser, ved å sjå på eit interkommunalt samarbeid innan fleire område. Formålet med eit slikt samarbeid er avbyråkratisering, standardisering, profesjonalisering og gevinstar. Det skal primært ikkje tilsettast nye ansatte, med mindre det kan dokumenterast å gje ein gevinst for fellesskapet. Primært skal interne ressursar nyttast. Eksempel på oppgåver, innkjøp ol. kan vere f.eks. div anbodsdokument (sommar- og vintervedlikehald, drift av dette, retningslinjer ol). Andre felt kan vere forskrifter, personalhandbøker. For slike dokument vil det potensielt også kunne ligge en besparelse i at det blir oppdatert i tråd med nasjonale føringar, lover mm.		moglegheiter for samarbeid innanfor administrative oppgåver: • felles lønn og rekneskapskontor • felles dokumentforvaltning og arkiv • deltaking i felles kontaktsenter Avgjerd om eventuell deltaking vert teken i 2026.
06. Kommuneombod	Kommunestyre ber om at adm. ser på en moglege løysning for å etablere eit eige kommuneombod, vidare om det finnes midlar til å finansiere en slik stilling innanfor ramma via budsjett, eller om det finnes statlege midlar man kan søke. Adm. kan gjerne gå i dialog med nabokommunar for ei evt. fellesløysing, og komme tilbake til kommunestyret med ei sak.	Iht. plan	Det vart starta ein pilot innan helse og omsorg (Helsetorg) hausten 2025.


Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
07. Næringsarbeid	Alver kommune har samarbeid med fleire partar, samt eiga næringsavdeling som jobbar godt med næringsarbeid i sine saksområde. Kommunestyret ber kommunedirektør utarbeide forslag til korleis næringsarbeidet i Alver kommune kan vera organisert og optimaliserast, samt vurdere rolla til Alver Tomteselskap i dette arbeidet. Dette med mål om ei næringssatsing frå kommunen som er målretta og målbar sett opp mot samfunnsplan og næringsplan for Alver kommune.	Iht. plan	Som ein del av omstillingsarbeidet i sektor samfunnsutvikling ser ein også på korleis næringsarbeidet i kommunen bør organiserast. Kommunen har i 2025 vore aktivt involvert med særleg IUUV og Nordhordland Næringslag, særleg knytt til organiseringen av Greenspot Mongstad. Kommunen har ei ope dør-haldning til næringslivet og går gjerne i dialog med næringsaktørar som ønskjer det. Arbeidet med organisering av næringsarbeidet held fram i 2026.
08. Miljøarbeid i skulen	Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide ei sak om korleis miljøarbeidet i skulen kan styrkast. Saka må gje kunnskap om korleis Team Læringsmiljø arbeidar i skulane, forslag til korleis miljøarbeidet kan styrkast på den enkelte skule. Kommunestyret ønskjer å omprioritere ressursar til miljøarbeidarar i skulen, og ber om at dette vert synleggjort i saka.	Ferdig	Knytt til verbalpunkt om korleis miljøarbeidet i skulen kan styrkast. Verbalpunktet vart handsama i politisk sak i oktober 2025, med følgjande vedtak i kommunestyret: Vedtak i Kommunestyret - 30.10.2025: <i>Kommunestyret har ein tydeleg intensjon om å styrkje miljøarbeidet i skulane så snart det er mogleg. Styrkinga skal ikkje gå på bekostning av lærarressursane. Etablering av fleire miljøarbeidarstillingar i skulen skal finansierast ved å omprioritere innafor den totale budsjetttramma til kommunen, finansiering vert å koma tilbake til ifbm. budsjettarbeidet for 2026.</i>
09. Innkjøp	Alver er ein stor innkjøpar og kommunen pliktar å ha eit medvitande forhold til innkjøp. Kommunestyret ber om ei orienteringssak om innkjøp og om korleis innkjøpsavtale (Bergensavtalen) verkar. Kommunestyret ber om kunnskap på korleis verksemdar vert ein tilbydar av varer og tenester i avtaler. Kommunestyret vil også vurdere oppdatering av innkjøpsreglementet på bakgrunn av orienteringa.	Ferdig	Kommunedirektøren orienterte om innkjøp, Bergensavtalen og kommunen sin innkjøpsstrategi i kommunestyret 23.10.25.
10. Dialog med Alver kyrkjelege fellesråd	Kommunestyret ber kommunedirektør gå i dialog med kyrkjeleg fellesråd vedrørende mindre behov for gravplassutvidingar, samt behov for ressursar til bruk ved gravferd sett i	Ferdig	Kommunen har vore i dialog med kyrkja og har kome til semje med kyrkja om mellomanna minnelund på Manger og utviding av gravplasskapasiteten på Lindås.

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	samanheng med ei eventuell auke i bisettingar.		
11. Minnelund Manger	Kommunestyret ber om at Alver kyrkjelege fellesråd sender oppdatert søknad når plan for namna minnelund på Manger er klar.	Ferdig	Namna minnelund på Manger er etablert.
12. Vatn og avlaup	Kommunestyret ber kommunedirektøren fortsetja arbeidet med å redusera investeringsbudsjettet på vatn- og avlaupsprosjekt i Alver kommune.	Ferdig	Tiltaksplan knytt til temaplanen blei revidert (10-års plan) i kommunestyret i juni 2025.
13. Landbruk	Kommunestyret ber om ei sak som synleggjer korleis Alver kommune kan følgje opp driveplikta, og kva ressursar det vil krevje for å setje i gong eit slikt arbeid.	Ferdig	Orientering blei gitt i kommunestyret 23.oktober 2025.
14. Ombygging Hordabø skule	Kommunestyret ber om ei sak på investeringar på Hordabø skule. Kommunestyret vil sikra seg at elevane på skulen har dei rom, spesialrom og fasilitetar som trengst.	Iht. plan	Det er lagt inn i økonomiplan for 2026-2029 midler for å løyse resten av behova på Hordabø skule.
15. Skulebygg	Alver kommune skal sjå på tiltak for dei grender som vert fråtatt sitt skuletilbod, og rolla som skulane har hatt i lokalsamfunnet. Etter omregulering av arealformålet og gjennomført moglegheitsstudie om bygningsmassen kan nyttast til andre offentlege formål, kan Alver kommune gå i dialog med bygdene om eventuell framtidig bruk av bygningsmassen.	Iht. plan	Verbalpunktet blir fulgt opp i eigne politiske saker knytt til avhending av dei ulike skulebyggga. Avklaringar knytt til Austebygd skule og barnehage og Kløvheim skule pågår og vil bli sluttført våren 2026.
16. Sæbø barnehage	Kommunestyret ber om at rehabilitering av Sæbø barnehage vert gjort etter nøkterne prinsipp. Barnehagen skal etter rehabilitering fremje god helse, miljø og tryggleik, og leikeareala skal vere ihht krav og forskrift.	Ferdig	Dette er administrativt tatt til etterretning i planlegginga. Ein legg opp til rehabilitering etter nøkterne prinsipp. Dette heng saman med arbeidet med ny barnehage- og skulebruksplan som kjem i løpet av 2026.
17. Kommunale bygg og eigedommar	Kommunestyret ber om ei oppdatert sak på kommunale bygg og eigedommar som kan vere aktuelle for sal.	Ferdig	Vurdering av eigedommar som kan vere aktuelle å avhende er ei løpande oppgåve. Kommunestyret blir kontinuerleg oppdatert ved behov.

Finansrapport

Kommunedirektøren viser til [finansreglementet](#) som vart vedteke i kommunestyret 29. oktober 2020.

Finansielle nøkkeltal for 2025



Økonomiske utviklingstrekk

Den økonomiske utviklinga internasjonalt er prega av høg geopolitisk uro, auka handelstiltak og raske teknologiske endringar. Samstundes har inflasjonen gått ned, og rentene er på veg ned i fleire land. Høgt gjelds nivå i mange land kan likevel skape utfordringar for den økonomiske stabiliteten.

I Noreg har utviklinga i 2025 vore prega av fallande inflasjon. Styringsrenta vart sett ned to gonger gjennom våren til 4 prosent, og renta har deretter vore stabil resten av året. Norsk økonomi har hatt god aktivitet, låg arbeidsløysing og utsikter til moderat vekst. Samstundes aukar presset på offentlege finansar. Fleire sektorar opplever svakare utvikling, særleg bustadinvesteringar og næringseigedom.

Veksten i økonomien, anslått til om lag 2 prosent, kjem mellom anna av høgare sysselsetting, auka offentleg etterspurnad, betre reallønsutvikling og ein moderat vekst i privat konsum.

Renteutviklinga er særleg viktig for kommuneøkonomien, fordi ho påverkar kostnadene på kommunen sine lån og dermed handlingsrommet i drifta. Tre månaders NIBOR fall gjennom 2025, frå om lag 4,7 prosent ved starten av året til rundt 4,1 prosent ved utgangen av året. Utviklinga var prega av ein jamn nedgang gjennom første halvår, før renta stabiliserte seg noko og fall vidare mot slutten av året. Fastrentene låg gjennom året på om lag same nivå som NIBOR. Ved utgangen av 2025 var fastrenta rundt 4,1 prosent for kortare bindingstid og om lag 4,1–4,2 prosent for lengre bindingstid, medan dei lengste rentene låg noko lågare.

Vurdering av finansiell risiko og avkastning av likvide midlar

Alver kommune vurderer den finansielle risikoen som låg i forvaltninga av midlar og middels i forvaltninga av gjeld. Kommunen har tilstrekkeleg likviditet. Per 31. desember 2025 hadde kommunen finansielle midlar på 685,1 millionar kroner som er omfatta av finansforvaltninga.

Av desse midlane var:

- 503 millionar kroner plassert som bankinnskot
- 31,9 millionar kroner plassert i kortsiktige fond
- 150,3 millionar kroner plassert langsiktig

Midlar regulert i finansreglementet (tal i 1000 kr)	Rekneskap 31.12.2024	Rekneskap 31.12.2025	Endring i 2025	Andel av total 31.12.2025
Kasse og bankinnskot	404 670	502 998	98 328	73 %
Verdipapirfond	30 324	31 870	1 546	5 %
Sum kortsiktig plassering	434 994	534 868	99 874	78 %
Midlar til driftsformål plassert langsiktig	140 845	150 252	9 407	22 %
Sum midlar berekna for driftsføremål	575 839	685 120	109 281	100 %

Kortsiktig forvaltning

I samsvar med finansreglementet frå 29. oktober 2020, kapittel 6, har Alver kommune desse plasseringsalternativa for ledig likviditet knytt til drift:

- innskot i bank
- andelar i pengemarknadsfond

I løpet av 2025, og per 31. desember 2025, har kommunen hatt midlar plasserte både i bank og i pengemarknadsfond.

Bankinnskot

Tabellen under viser korleis ledig likviditet og andre midlar har vore plasserte i bank gjennom 2025:

Kasse, bankinnskot (tal i 1000 kr)	Rekneskap 31.12.2024	Rekneskap 31.12.2025	Endring i 2025
Kasse	74	51	-23
Bankinnskot	404 596	502 947	98 351

Sum	404 670	502 998	98 328
------------	----------------	---------	---------------

Andre plasseringar

Plassering av ledig likviditet berekna til driftsformål (tal i 1000 kr)	Rekneskap 31.12.2024	Rekneskap 31.12.2025	Endring i 2025
Aksjar og andelar	-	-	-
Sertifikat	-	-	-
Verdipapir	30 324	31 870	1 546
Sum	30 324	31 870	1 546


Midlane er plassert i pengemarknadsfondet Pluss Kort Likviditet B. Renteinntektene frå desse midlane var 1,5 millionar kroner i 2025, og avkastninga i fondet var 5,07 prosent.

Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsrenter

Bankinnskot

I 2025 fekk Alver kommune 28,3 millionar kroner i renteinntekter frå bankinnskot. Den gjennomsnittlege rentesatsen på innskot var 4,8 prosent i 2025, mot 5,28 prosent i 2024. Bankavtalen med SR-Bank blir regulert etter tre månaders NIBOR med eit avtalt påslag.

Gjennomsnittleg NIBOR i 2025 var 4,56 prosent, ned frå 4,87 prosent i 2024. Ved utgangen av året, 31. desember 2025, var tre månaders NIBOR 4,07 prosent, mot 4,68 prosent året før.



Tre månaders NIBOR steig mykje frå juli 2022 til juli 2023, og var deretter stabil fram til sommaren 2025, før renta fall noko mot slutten av 2025.


Pengemarknadsfond

Alver kommune hadde per 31. desember 2025 plassert 31,9 millionar kroner i pengemarknadsfondet Pluss Kort Likviditet B. Fondet investerer i obligasjonar og sertifikat med kort løpetid, utsteda av stat,

fylkeskommunar, kommunar, kredittføretak, bankar og forsikringsselskap, i tillegg til bankinnskot. Rentefølsamheita i porteføljen skal ikkje vere høgare enn 0,5 år.

Avkastninga på fondet var 1,5 millionar kroner i 2025, som tilsvarer ei avkastning på om lag 5 prosent.

Historisk avkastning – Pluss Kort Likviditet B



Avvik mellom forvaltning og finansreglement

Det er ikkje avvik mellom finansreglementet til Alver kommune og den faktiske forvaltninga i 2025.

Langsiktig forvaltning

Kommunen har langsiktig forvaltning av midlar som er sette av til driftsføremål.

Plassering i DnB Asset Management

I oktober 2018 plasserte Alver kommune 100 millionar kroner i finansmarknaden hos DNB Asset Management, i samsvar med vedtak i kommunestyret. Plasseringa har låg til moderat risikoprofil.

Aktiva	Minimum	Normal	Maksimum
Eigenkapitalbevis i norske sparebankar og aksjar	0 %	25 %	35 %
Obligasjonar	0 %	0 %	70 %
Sertifikat	0 %	0 %	70 %
Rentefond	0 %	75 %	100 %
Bankinnskot	0 %	0 %	100 %

Plasserte midlar og endring i marknadsverdi:



Utvikling i marknadsverdi og avkastning (tal i 1000 kr)	Verdi
Innbetalt kapital	100 000
Porteføljeverdi per 31.12.2024	140 846
Porteføljeverdi per 31.12.2025	150 252
Endring	9 408

Oversikt over faktisk forvalta kapital og avkastning:

Portefølje (tal i 1000 kr)	Marknadsverdi per 31.12.24	Marknadsverdi per 31.12.25	Vekt per 31.12.25	Avkastning 2025	Prosent avkastning
Bankkonto for belastning av honorar	283	296	0,2 %	12	4,38 %
Renteberande papir	104 767	110 208	73,3 %	5 974	5,66 %
Aksjar og andre plasseringar	36 795	39 748	26,4 %	3 421	8,74 %
Totalt forvalta kapital	140 845	150 252	100,0 %	9408	6,68 %

Når det gjeld renteberande plasseringar i oversikta, gjeld grensene for rentefond i finansreglementet. Dette kjem av at midlane er plasserte i fonda DnB Obligasjon E og DnB Likviditet D. Desse plasseringane er fondsinvesteringar, og ikkje direkte investeringar i enkeltobligasjonar. Alver kommune har derfor ingen direkte investeringar i enkeltobligasjonar gjennom DnB Asset Management.

Avkastning samanlikna med referanseindeks for dei siste tolv månadane er vist i tabellen under.



Avvik mellom forvaltning og finansreglement

Det er ikkje avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.

Forvaltning av gjeldsportefølje


Opptak av nye lån i 2025

I 2025 tok kommunen opp 200 millionar kroner i lån til vidareutlån (formidlingslån/startlån) gjennom Husbanken. I tillegg vart det teke opp 200 millionar kroner i lån til kommunale investeringar, inkludert vatn og avløp. Kommunen har også refinansiert fleire eksisterande lån.

I løpet av 2025 betalte kommunen avdrag på til saman 141,5 millionar kroner. Av dette gjeld 113,5 millionar kroner lån til investeringar, inkludert vatn og avløp, medan 28 millionar kroner gjeld avdrag på formidlingslån.

I tillegg til nye lån tok kommunen opp 1 369,8 millionar kroner i lån til refinansiering av eksisterande lån. Dette omfattar mellom anna kortsiktige sertifikatlån med løpetid på tre, seks eller ni månader, som kan bli refinansierte fleire gonger i løpet av året.


Samansetjing og verdi av låneporteføljen



Fordeling av langsiktig gjeld per kreditor: (tal i 1000 kr)	Gjeld per 31.12.2024	Gjeld per 31.12.2025	Endring 2025
Lån i bank:			
Husbanken	834 041	1 005 126	171 085
KLP kommunekreditt	45 610	42 560	-3 050
Kommunalbanken	1 619 275	1 462 770	-156 505
Anna gjeld til kredittinstitusjonar	140	70	-70
Verdipapirlån:			
Danske Bank			0
DnB markets	749 000	1 121 764	372 765
Sparebank1 Markets	0	0	0
Swedbank	0	0	0
SEB Markets	865 500	595 000	-270 500

Kommunens samlede lånegjeld	3 968 830	4 227 290	258 460
Endring- opptak av nye lån:	310 000	400 000	-90 000
Endring - betalte avdrag i år:	137 512	141 540	4 028

Alver kommune sin låneportefølje hadde ein vekta gjennomsnittrente på 4,25 prosent per 31. desember 2025. Dette er ein reduksjon frå 4,33 prosent per 31. desember 2024. Gjennomsnittleg rentebindingstid var 0,86 år per 31. desember 2025, mot 0,99 år året før. Låneporteføljen har ein gjennomsnittleg kapitalbindingstid på 5,71 år.



For meir detaljert informasjon om kommunen sin gjeldsportefølje, sjå vedlagd gjeldsrapport per 31. desember 2025, utarbeidd av kommunen sin rådgivar innan gjeldsforvaltning, Bergen Capital Management (BCM).

Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsvilkår

Den flytande renta (PT-renta) i Kommunalbanken var 4,85 prosent per 31. desember 2025. Kommunen si gjennomsnittrente er dermed 0,52 prosentpoeng lågare enn dette.

Faktisk forvaltning i tråd med finansreglementet

Det er ikkje avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.

Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko


Plasseringar av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål

Ledig likviditet og andre midlar til driftsføremål er plasserte i norske bankar eller i pengemarknadsfond. Desse fonda investerer berre i statlege og statsgaranterte papir, papir utsteda eller garanterte av kommunar og fylkeskommunar, samt i bankar og kredittføretak. Fonda investerer ikkje i industrilån eller ansvarlege lån.

Risikovurderingar av langsiktig finansforvaltning

I samsvar med finansreglementet skal finansrapporten gjere greie for risikoen i forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva.

Kommunen sin strategi for forvaltning av langsiktige midlar er:



For dei langsiktige finansielle aktiva vart det vald ei plassering med lav/ moderat risikoprofil, og risikoprofilen har ikkje vore endra dei siste åra. Profilen på risikoen som er valt er ein nøktern og konservativ profil. Plasseringa er i samsvar med finansreglementet for Alver kommune. Samla er risikoen moderat og forsiktig. Aksjeandelen kan gje fall i verdi i år der aksjemarkedet fell mykje i verdi. Rentefondandelen svingar når rentenivået endrast. For langsiktig kommunal aktiva er den største risikoen at realavkastningen over tid blir for lav for å bevare fondet realverdi.

Risikovurdering gjeldsforvaltninga

Tabellen under viser at kommunen si gjeldsforvaltning er i tråd med alle krava i finansreglementet.

Krav i gjeldende reglement	Status
Det kan berre takast opp lån i norske kroner.	OK

Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle marknadsforhold.	OK
Låneopptak skal søkast gjennomført til marknaden gunstigaste vilkår. Det skal normalt innhentast minst to konkurrerende tilbod frå aktuelle långivarar. Prinsippet kan fråvikast ved låneopptak i statsbank (t.d. startlån i Husbanken).	OK
Gjennomsnittlig kapitalbinding skal til ei kvar tid vere over 4 år.	OK
Gjennomsnittleg attverande rentebinding (vekta rentebindingstid) på samla renteberande gjeld skal til ei kvar tid vere mellom 0,5 og 3 år.	OK
Låneporteføljen skal bestå av færrest mogeleg lån, likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall blir avgrensa.	OK
Eit einskild lån skal ikkje utgjere meir enn 20 % av kommunen si samla låneportefølje.	OK

Kommunen si gjeld er teken opp i norske bankar, Husbanken og Kommunalbanken, i tillegg til obligasjonslån og sertifikatlån. Samla sett gir dette ein middels renterisiko. Dersom renta på gjelda aukar, vil kommunen samstundes få høgare renteinntekter på dei plasserte midlane, noko som delvis veg opp for renteauken.

Vedlegg - gjeldsrapport frå kommunen sin rådgjevar innan gjeldsforvaltning

Gjeldsrapport per 31. desember 2025, utarbeidd av kommunen sin rådgivar innan gjeldsforvaltning, Bergen Capital Management (BCM):

[Gjeldsrapport per 31. desember 2025 for Alver kommune](#)

Kommunens sektorar

Politisk styring

Beskriving av tenesteområde

Politisk styring inneheld politisk leiing ved ordførar og varaordførar. I tillegg ligg den politiske organiseringa med kommunestyret, formannskapet og utvala på dette området.

I Alver kommune er vi politisk organisert med følgjande politiske utval:

- Formannskapet
- Kontrollutvalet
- Utval for areal, plan og miljø
- Utval for næring, kultur og idrett
- Utval for levekår
- Administrasjonsutval
- Valstyre
- Klagenemnd

I tillegg har vi følgjande forskriftsfesta medverknadsråd:

- Eldreråd
- Råd for menneskje med nedsatt funksjonsevne
- Ungdomsråd

Sektoren inneheld også driftstilskot til Kyrkjeleg fellesråd.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
100-Politisk	49 682	15 453	14 466	987	6,4 %
101-Tilskot Kyrkjeleg fellesråd	0	31 471	31 470	1	0,0 %
Sum	49 682	46 924	45 937	987	2,1 %

Kommentar til status økonomi

Politisk styring har eit mindreforbruk på 1 millionar kroner i 2025. Avviket er knytt til lågare bruk hos kontrollutval, samt mindre utgifter i samband med val enn budsjettert.

Organisasjon

Beskriving av tenesteområde

Toppleiargruppa

Kommunedirektøren si leiargruppe i 2025

- kommunedirektør
- kommunalsjef helse og omsorg
- kommunalsjef oppvekst
- kommunalsjef samfunnsutvikling
- kommunalsjef organisasjon og utvikling


Kommuneadvokatkontoret er med sine to årsverk organisert under toppleiargruppa. Stillinga som spesialrådgjevar for kommunedirektøren vart tatt bort i 2025.

Organisasjon og utvikling

I Alver kommune er dei sektorovergripande stab- og støttefunksjonane samla i sektoren Organisasjon og utvikling. Sektoren består av fem einingar leia av einingsleiar, samt sektorovergripande funksjonar som sorterer direkte under kommunalsjef:

- **Innbyggjarservice og kommunikasjon**
- **Dokumentsenter**
- **HR og lønn**
- **Økonomi**
- **Politisk sekretariat**

Samfunnssikkerhet og beredskap, kommuneoverlege og miljøretta helsevern, fagansvarleg HMS, rådgjevar kvalitet/internkontroll og sikkerhetskoordinator for informasjonssikkerhet og personvern ligg direkte under kommunalsjef.



Kort om avdelingane

Innbyggjarservice og kommunikasjon løyser oppgåver knytt til service og intern og ekstern kommunikasjon. Innbyggjarservice har mellom anna hovudansvar for telefonsentral og publikumsmottak. Kommunikasjon har hovudansvaret for heimesida, intranett, sosiale medier og er rådgjevarar for organisasjonen, mellom anna på informasjonsplanar for omstilling, mediehandtering, språkarbeid, grafisk design, film og foto og arbeidsprosessar. Kommunikasjon har i tillegg hovudansvaret for planverk og handtering av krisekommunikasjon ved større hendingar.

Eininga har redusert talet på tilsette frå 12,6 årsverk i 2020 til 8,3 årsverk i 2025. Årsverka er fordelt slik: 4,8 årsverk på innbyggjarservice, to årsverk på kommunikasjon, 0,5 årsverk er sjåfør for internpost – i tillegg til leiar som også er operativ på kommunikasjon.

Dokumentsenteret har ansvar for dokumentflyt og arkiv i kommunen, og er organisert som eit felles postmottak for heile kommunen (med unntak av NAV, helsestasjon og legekontor). Dokumentsenteret arbeider fortløpande med mottak, journalføring, kontroll og bevaring av arkivverdig dokumentasjon i Alver kommune, og har systemansvar for kommunen sitt sak- og arkivsystem. Dokumentsenteret har òg ansvar for publisering av postlister og bistår ved førespurnader om innsyn, samt ansvar for digitale skjema, oppsett av integrasjonar i KS Fiks og tilgangsstyring i Altinn. Ei anna viktig oppgåve er å utarbeide bevarings- og kassasjonsplan (BK-plan) i tråd med gjeldande regelverk.

Dokumentsenteret har redusert talet på tilsette frå 15,3 årsverk i 2020 til 10,1 årsverk i 2025.

HR og løn vart etablert som eiga eining i 2024. Eininga vart samlokalisert på rådhuset og fekk ny leiar hausten 2025. HR og løn gir leiarstøtte innan løns- og personalområdet for å sikre god personalforvaltning og leggje til rette for eit forsvarleg arbeidsmiljø i tråd med lov- og avtaleverk. Eininga har òg ansvar for personaladministrasjon, lønsforhandlingar og -utbetalingar, datakvalitet og vedlikehald av rutinar og system. I samband med organisasjonsendring hausten 2025 vart det gjennomført ei omfattande ombygging av HRM-systemet. Ansvar for å følgje opp arbeidsgjevarrolla overfor frikjøpte hovudtillitsvalde og hovudverneombod ligg også til HR og løn.

Politisk sekretariat har ansvar for å legge til rette for god politisk styring gjennom å førebu, gjennomføre og følgje opp politiske møter. Det var stortings- og sametingsval i 2025, og politisk sekretariat har ansvar for førebuing og gjennomføring av val på vegne av valstyret. Politisk sekretariat har 2 årsverk.

Økonomi har ansvar for rekneskap, innfordring, betaling for institusjonsopphald, innkjøp, eigedomsskatt og økonomistyring i kommunen. Eininga var gjennom ei omstilling i 2024 og fekk ny leiar i februar 2025. I 2025 har eininga prioritert å bygge felles retning, styrke samarbeidet og avklare mål og forventningar. Eininga arbeider for å gjere kvardagen enklare for leiarane på økonomiområdet og vere ein aktiv pådrivar for utvikling og bruk av ny teknologi. I tillegg til leiarstøtte, er typiske oppgåver å levere korrekt årsrekneskap, utarbeiding av økonomiplan, økonomirapportering gjennom året, oppfølging av anskaffingsreglementet og utskriving av eigedomsskatt.

I tillegg til einingane i sektorane er ansvar for viktige sektorovergripande funksjonar fordelt slik:

- **Samfunnssikkerheit og beredskap** (to årsverk)
- **Kommuneoverlege og miljøretta helsevern** (to årsverk)
- **HMS, internkontroll, informasjonssikkerhet og personvern/sikkerhetskoordinator** (to årsverk)

Utfordringar og utvikling

Organisasjonsendringane for den nye sektoren Organisasjon og utvikling trådte i kraft 01.09.24, men den fysiske samlokaliseringa vart først ferdigstilt hausten 2025. Flyttinga frå Geco-bygget til rådhuset var svært viktig både for arbeidsmiljø og for å kunne arbeide systematisk med utvikling og drift i Økonomi og HR og lønn. Knappt med kontor plassar på rådhuset har vore ei utfordring i 2025, men har mellombels løyst seg takka vere løysingsorienterte leiarar, tilsette og vernetenesta. I tida framover vil sektoren arbeide målretta med utviklingstiltak med organisasjonskultur og ta i bruk nye system og løysingar for å skape effektive og gode tenester tilpassa brukarane sine behov.

Det er behov for å systematisere og styrke innovasjons- og endringskapasiteten sentralt, mellom anna for å støtte endringsprosessane ute i sektorane. Å styrke endrings- og analysekapasitet i sektoren kan bidra til større grad av strategisk og kunnskapsbasert utvikling av tenestene. Det interkommunale samarbeidet i regi av Digitalisering og innovasjon (DI) har utvikla system og infrastruktur for å sette fart på digitaliseringsprosessar og ta i bruk kunstig intelligens i kommunen. Kor raskt denne utviklinga kan skje, vil langt på veg vere avhengig av ressursar og kompetanseutvikling i organisasjonen.

Det er utfordrande å balansere behovet for utviklingskapasitet og drift, særskilt i ein periode der store delar av kapasiteten til stab- og støttefunksjonane vert nytta for å legge til rette for gode prosessar i det overordna prosjektet *Alver i endring og omstilling*.

Samfunnssikkerheit og beredskap har stått høgt på dagsorden i 2025, og det systematiske arbeidet med kompetansebygging, øvingar og planarbeidet må fortsett inn i 2026. det er avgjerande å oppretthalde ressursar til arbeid med samfunnsikkerhet og beredskap, både på tvers i organisasjonen og med eksterne aktørar.

Viktige hendingar og resultat i året

Viktige hendingar i 2025

Det omfattande arbeidet med å legge til rette for omstillingsprosjektet Alver i endring og omstilling vart vidareført i 2025. Einingane i sektoren har spela godt saman, både seg imellom og ikkje minst saman med verneombod og tillitsvaldsapparatet - og på den måten lagt til rette for effektive omstillingsprosessar med god kvalitet.

Arbeid med språk i Alver kommune

Nynorsk er det offisielle skriftsspråket i Alver kommune. I juni 2025 fekk vi på plass vår første språkbruksplan med mål, strategiar og tiltak for arbeidet med nynorsk og klart språk. Planen kom på plass etter eit omfattande innsiktsarbeid våren 2025, der dei lokale mållaga, tilsette og politikarar i kommunestyret kom med innspel til planen. Eitt av tiltaka i planen var å etablere eit språkutval, som skal følgje opp handlingsplanen. Det vart etablert ei rutine og rekruttert medlemmer til dette utvalet på slutten av året. Målet er at denne gruppa skal prioritere og fordele ansvar for dei ulike tiltaka i planen.

Satsingsområde i 2026 blir å få på plass eit årshjul for opplæring av ulike grupper tilsette i kommunen, og sikre at dei tilsette blir gode nynorskbrukarar. Vi skal også få på plass ein språkprofil med konkrete skrivereglar, og vurdere korleis vi kan bruke KI som ein nynorskvenn i skrivearbeidet.

Lista er på ingen måte uttømmende, men gir døme på viktige hendingar i sektoren det siste året:

- I juni fekk vi på plass vår første språkbruksplan med mål, strategiar og tiltak for arbeidet med nynorsk og klart språk i kommunen.
- Løn og rekneskap flytta frå Geco-bygget til rådhuset og vart samlokalisert med HR og Økonomi. Begge einingane fekk ny leiar i 2025.
- Samfunnsikkerhet og beredskap har lagt til rette for fleire øvingar, mellom anna i regi av Statsforvaltaren i Vestland.
- Politisk sekretariat (i samarbeid med gode kollegaer i kommunen) førebudde og gjennomførte stortings- og sametingsval i september.
- I samband med omorganiseringa hausten 2025 vart det gjennomført ei større ombygging av HRM-systemet som er masterdata for personalforvaltninga i kommunen.
- Lønnspolitisk plan vart revidert.
- I desember flytta innbyggjarservice frå senteret til rådhuset i Knarvik.
- Fleire interkommunale faglege samarbeidsprosjekt for å vurdere behov og moglegheiter for meir formalisert samarbeid starta opp.
- Kommunikasjon har jobba tett med sektorane for å etablere informasjonsplanar og bidra til at tilsette og innbyggjarar får informasjonen dei treng om prosessar og endringar i tenestene.
- HR har gitt omfattande støtte og bistand til omstillingsprosessane, spesielt innan sektorane helse og omsorg og oppvekst.
- Det er gjennomført «ROS-verkstad» der leiarar, verneombod og tillitsvalte har arbeidd saman og kartlagt og vurdert risikofaktorar i omstillingsarbeidet. Målet har vore å identifisere risikofaktorar og tiltak, slik at omstillingsarbeidet gir minst mogleg negativ påverknad på arbeidsmiljøet ute på arbeidsplassane.
- Leiarutviklingsprogrammet hadde siste samling hausten 2025 og har hatt fokus på tema som *endringsleiing, det å vere trygg i leiarrolla og strategisk leiing*. Leiarprogrammet har vore viktig for å utvikle leiarferdigheiter, men også for å bygge felles kultur og forståing for utviklingsbilete kommunen står framfor.
- Eigen kommunikasjonsstrategi for omstillingsprosessen og kommunikasjonsplan for prosjekt og tiltak i alle sektorane.
- Kommunen har fått på plass eit eige AKAN-utval -førebyggjande arbeid for rus og avhengigheitsproblematikk.
- Vi har utvida partssamarbeidet og frikjøp av hovudtillitsvalde og hovudverneombod for å sikre god medverknad i alle pågåande prosessar i Alver i endring og omstilling.
- Det er gjennomført kompetansehevingstiltak for alle tilsette innan informasjonssikkerhet og beredskap.
- Regelmessig digital “leiarfrukost” ein fredag i månaden med informasjon om “siste nytt” frå kommunedirektøren og andre.

Engasjerte, kompetente og stabile medarbeidarar i einingane, saman med tillitsvalde og verneombod, har bidrege til eit godt og tillitsfullt samarbeid. Midt i alt omstillingsarbeidet er det det daglege arbeidet som vert utført ute i einingane som sikrar gode tenester og stabil drift.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
200-Kommunedirektør m/leiargruppa	15 007	19 195	19 341	-146	-0,8 %
202-Fellesutgifter og avsetningar til fordeling	0	-2 317	-5 314	2 996	129,3 %
210-Organisasjon og utvikling	94 369	107 682	104 066	3 616	3,4 %
Sum	109 376	124 560	118 094	6 466	5,2 %

Kommentar til status økonomi

Organisasjon og utvikling, som i tillegg til sektoren omfattar kommunedirektøren si leiargruppe og fellesutgifter og avsetningar til fordeling, har eit samla mindreforbruk på 6,5 millionar kroner i 2026.

- **Fellesutgifter og avsetningar til fordeling** har eit mindreforbruk på 3 millionar kroner som er knytt til at lønsoppgjeret vart lågare enn budsjettert.
- **Sektor Organisasjon og utvikling** hadde eit mindreforbruk på 3,6 millionar kroner. Mindreforbruket skuldast i hovudsak sjukelønnsrefusjon og vakante stillingar, refusjon frå KS til leiarutviklingsprogram og meirinntekt knytt til influensavaksinasjon.

Internkontroll og HMS i sektoren

Sjukefråværet i sektoren var på 6,4 prosent i 2025, og er lågare enn snittet for kommunen. Det er ikkje meldt om arbeidsrelatert sjukefråvær.

Sektoren har ansvar for å legge til rette for godt og effektivt arbeid innan internkontroll og helse, miljø og sikkerheit (HMS) på eit overordna nivå, men det er også gjennomført ei rekke tiltak i eigen sektor:

- Systematisk arbeid med å kartlegge og risikovurdere faktorar som kan påverke arbeidsmiljø negativt, såkalla HMS-ROS.
- Ergonomisk tilpassing av kontorarbeidsplassar.
- HMS-grunnkurs for leiarar
- Etablering av arbeidsmiljøgrupper

Det er meldt svært få HMS-avvik i avvikssystemet i 2025. Meldte avvik er knytt til støyprobatikk og fysiske forhold på rådhuset. Sjølv om kontorarbeidsplassar tradisjonelt har færre risikofaktorar enn andre sektorar, er det fokus på at det er viktig å melde avvik i eit forbetningsperspektiv. Det er også ønskeleg å arbeide meir med risikofaktorar som til dømes ergonomi, stress og andre psykososiale faktorar.

Helse og omsorg

Beskriving av tenesteområde

Sektor helse og omsorg omfattar kommunale helse-, sosial- og omsorgstenester og gir i størst grad tenester til personar over 18 år. Det er tenester til personar med funksjonsnedsetting, habiliterings- og rehabiliteringstenester, allmennlegetenester, heimebaserte tenester, psykisk helse- og rustenester, heldøgnsomsorg og NAV. Sektor for helse og omsorg omfattar forvaltningskontor, sjukeheimstenester, heimetenester, habiliteringstenester, psykisk helse og rus, lege- og rehabiliteringstenester og NAV.



Sjukeheimstenester

Sjukeheimstenestene i Alver kommune omfattar institusjonsbaserte helse- og omsorgstenester til personar med omfattande behov for pleie og oppfølging. Kommunen har seks sjukeheimar med differensierte plassar for korttids- og langtidsopphald, demensomsorg, avlasting, rehabilitering og øyeblikkeleg hjelp døgnplassar (ØHD).

Tenesteområdet legg til rette for både behandling, rehabilitering, lindring og trygg omsorg i livets slutfase. I tillegg er lågterskel aktivitetstilbod for eldre organisert under området.

Kjøkkentenesta er ein viktig del av tilbodet og leverer mat til institusjonane, til heimebuande med vedtak om spesialkost, til omsorgsbustad pluss og til dagsenter.

Heimetenester

Heimetenestene gir nødvendige helse- og omsorgstenester til personar som bur heime. Målet er å bidra til at innbyggjarane kan bu trygt og sjølvstendig så lenge som mogleg.

Tenestene omfattar mellom anna heimesjukepleie, praktisk bistand, brukarstyrt personleg assistanse (BPA), dagtilbod for personar med somatiske lidningar og demenssjukdom, samt middagslevering og bruk av velferdsteknologi.

Kvardagsrehabilitering er eit sentralt satsingsområde og vert gjennomført i tett samarbeid med fysio- og ergoterapitenesta for å styrke brukaren si meistring av daglege aktivitetar.

Habiliteringstenester

Habiliteringstenestene gir tilbod til personar med nedsett funksjonsevne som har behov for langvarige og koordinerte tenester.

Tilbodet omfattar heimebaserte tenester, tenester i bufellesskap og bustader med heildøgns omsorg, samt BPA og individuelle tenester i team.

Tenesteområdet gir avlasting til familiar med barn og unge med særskilde behov, både i institusjon, i barne- og ungdomsbustad og gjennom privat avlasting.

Det vert også gitt arbeids- og aktiviseringstilbod i Knarvik og på Manger, samt gjennom samarbeid med vekstbedrifter i kommunen. Målet er å fremje deltaking, meistring og inkludering i kvardags- og arbeidsliv.

Lege- og rehabiliteringstenester

Lege- og rehabiliteringstenestene omfattar fastlegetenesta, legevakt, legetenester ved helsestasjon og asylmottak, samt fysio- og ergoterapitenester, hjelpemiddelforvaltning, kreftkoordinator og frisklivs- og meistringstilbod.

Tenesteområdet har ei sentral rolle i førebygging, behandling og rehabilitering. Fysio- og ergoterapitenestene gir oppfølging i heim, barnehage, skule, institusjon og ved kommunale behandlingsstader. Tenesta bistår òg med søknad om varige hjelpemiddel frå NAV og utlån av korttids hjelpemiddel frå kommunalt lager.

Kreftkoordinator er eit lågterskeltilbod som gir informasjon, råd og rettleiing til personar med kreftsjukdom og deira pårørande. Frisklivssentralen bidreg med førebyggjande og helsefremjande tiltak.

Psykisk helse og rus

Tenesteområdet psykisk helse og rus gir lågterskel- og oppfølgingstilbod til barn, unge, vaksne og eldre med psykiske helseutfordringar og/eller rusrelaterte problem.

Tenestene omfattar mellom anna støttesamtalar, opplæring og rettleiing i daglege gjeremål, medikamenthandtering, arbeidsretta oppfølging, dag- og aktivitetstilbod og buoppfølging. Det vert også gitt kurs i depresjonsmeistring og tilbod om individuell plan og koordinator ved behov for samansette og langvarige tenester.

Psykologtenesta er eit lågterskeltilbod som gir oppfølging ved psykiske plager, livskriser og andre belastningar. Tenesta samarbeider tett med interne avdelingar og spesialisthelsetenesta.

Frå oktober 2025 er koordinerande eining og fritidskontakt organisert som eiga avdeling i tenesteområdet.

NAV

NAV gir tenester etter sosialtenestelova og integreringslova, og har ei sentral rolle i arbeidet med sosial tryggleik, inkludering og overgang til arbeid.

Etter sosialtenestelova gir NAV mellom anna økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing, gjeldsrådgjeving, mellombels butilbod og kvalifiseringsprogram. Tenesta arbeider førebyggjande og tilbyr individuell plan ved behov for koordinerte og langvarige tenester.

NAV har òg ansvar for busetting av flyktningar og gjennomføring av introduksjonsprogrammet.

Integreringstenesta arbeider for at innvandrarakar tidleg skal bli integrerte i det norske samfunnet og økonomisk sjølvstendige. Dette omfattar introduksjonsprogram, norskopplæring, samfunnskunnskap og arbeidsretta rettleiing i tett samarbeid med arbeidsmarknaden.

Ansvar og hovudoppgåver

Helse- og omsorgstenestelova regulerer kommunens overordna ansvar for helse og omsorgstenester. Kommunen skal sørge for at personer som oppheldt seg i kommunen skal ha tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester.

Kommunen sitt ansvar omfatter alle pasient- og brukergrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne.

Alver kommune har Forvaltningskontor som har ansvar for å sakshandsame søknader. Ansaret omfatter samhandling med spesialisthelsetenesta om utskrivingsklare pasientar. Det er tett dialog mellom forvaltningskontor og tenesteleiarane gjennom strukturar for møter, avklaring og tildeling av helse- og omsorgstenester i tråd med lov, forskrift og kommunale kriteria. Mynde tildeling av vedtak er lagt til tenesteleiarane i 2025.

Alver kommunestyre vedtok i møte 06.05.2021 å starte opp eit 4-årig prosjekt for [leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift](#) i sektor Helse og omsorg. Prosjektet gjekk over i ein ny fase med oppdatert mandat for 2025 -2026 for oppfølging av vedtak i Kommunestyret 19.09.2024 «Alver i omstilling og endring 2026 – innsparingstiltak i helse og omsorg». Prosjektet har gitt jamnlege orienteringar til råd, utval om status og framdrift.

Prosjektet har arbeidd systematisk for både å redusere og stabilisere kostnader i sektoren, sikre god praksis i tenestetilbodet, samt møte behovet for auka tenester hos innbyggjarane i åra som kjem. Tildeling av tenester og bustadar, samt kapasitet i begge områda, er gjensidig avhengig av kvarandre og dei to områda helse og omsorg vurderer som heilt nødvendig å gjera noko med for å møta behova og krava til endring som sektoren står overfor.

Nøkkeltal for sektoren

Oversikt over dei største tilboda innanfor sektoren:

Tilbod	Tal	Kommentar
Sjukeheimsplassar	206	Opna 24 nye plassar våren 2025.
Heildøgns omsorgsplassar/bufellesskap i Habiliteringstenester	85	Inkluderer kjøp av 1 spesialplass hjå Signo Vivo
Avlastingsplasser i institusjon for barn og unge i Habiliteringstenester	10	Tenestebukarar: 34
Avlasting i privat heim	57	
Barne/ungdomsbustad	3	

Tenestemottakarar ambulerande tenester i Habilitering	30	
Tal heildøgns omsorgsplassar/bufellesskap i Psykisk helse og rus	27	
Institusjonsplassar i Psykisk helse og rus	9	2 plassar kjøpt av andre kommunar.
Heildøgns omsorgsplassar/leiligheter i Sjukeheimstenesta	49	4 plassar nytta til avlasting.
Pr. desember 2025 Brukarar i heimetenesta som mottek helsetenester	672	2473 timar vedtak pr. veke
Pr. desember 2025: Brukarar i heimetenesta som mottek praktisk bistand	306	178 timar vedtak pr. veke
Velferdsteknologi, tal løysingar i bruk	741	
Saker/vedtak om helse- og omsorgstenester, omsorgsbustad/+,parkeringsløyve, følgjebevis.	3776	Tala inkluderer ikkje vedtak om eigenbetaling og etteroppgjer
Tal personar på fastlegelistene	29.325	pr. 31.12.25 står 3032 personar på venteliste til bytte av fastlege.

Utfordringar og utvikling

Nasjonale reformer og omstillingar har dei siste åra gitt kommunane eit større ansvar for befolkninga si helse og for at alle skal få nødvendige tenester. Nasjonale styringsdokument vektlegg førebyggjande arbeid og tidleg innsats, samtidig som kommunane får stadig større oppgåver innan rehabilitering, behandling, pleie og omsorg. Demografisk utvikling viser at kommunen må gjera nødvendige omstillingar. Dette saman med nye nasjonale reformer, vil setje store krav og oppgåver til tenestene i framtida. Helse- og omsorgstenesta skal vera berekraftig og sikre innbyggjarane gode levekår og likeverdige tenester. Alver kommune sin kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 legg føringar for korleis vi vil utvikle samfunnet vårt, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit. Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023 - 2034 skal bidra til måloppnåinga. Det er her prioriteringane ligg som er føresetnad for utviklingsarbeidet i sektoren.

Førebyggjande plan vart politisk vedtatt i starten av 2025. Arbeidet med bustadplanen for Alver kommune har vore i prosess og går til politisk handsaming våren 2026.

Auka behov for tenester

Helse og omsorg har eit aukande tenestebehov. Tal brukarar aukar, og prognosane for befolkningsutvikling viser at behovet for tenester vil auke betydeleg i åra framover. Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg viser korleis kommunen kan møte utfordringane i den demografiske utviklinga og levekår.

Tenestene arbeider kontinuerleg med effektiviseringstiltak for kostnadseffektiv drift og gjennomfører innsparingane som er knytta til dette.

Rekruttering helsepersonell

Det er ei nasjonal utfordring å få rekruttert tilstrekkeleg med helsepersonell i åra som kjem. Viser til NOU 2023/4 *Tid for handling*. Alver kommune erfarer allereie no utfordringar med å rekruttere helsepersonell, spesielt sjukepleiarar og legar.

Viktige hendingar og resultat i året

Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift 2025 - 2026

Tenesteutvikling

Sektor helse og omsorg har effektivisert og justert organisasjonen

Arbeidsflyt i Forvaltningskontret frå søknad til tildeling av tenester har vore evaluert. Mynde tildeling av tenester med vedtak vart flytta frå Forvaltningskontoret til tenesteleiarane. Det er laga strukturar for møter mellom tenesteleiarane og einingsleiar Forvaltningskontoret for avklaring og tildeling.

Implementering tenesteoversikt

Tenesteversikten vart utarbeidd i 2024, og har i 2025 vore implementert i tildelingsarbeidet i Helse og omsorg. Alle vedtak som vart omfatta av endringane har vore gått gjennom og justerte, og nye søknadar har vore handsama ut frå kriteria som no vert lagt til grunn. Samstundes vert det alltid gjort individuelle vurderingar av den einskilde søkjar sine ressursar og behov.

Implementering nasjonal prioriteringsretteleiar for kommunale helse- og omsorgstenester – informere, implementere og evaluere.

Helsedirektoratet kom i april 2025 med Nasjonal rettleiar for prioriteringar i kommunale helse- og omsorgstenester [Prioriteringer i kommunale helse- og omsorgstjenester - Helsedirektoratet](#)

Rettleiaren beskriv tre kriteria for prioriteringar.

- Nytte
- Ressurs
- Alvor

Nasjonal Prioriteringsrettteiar er gjort kjend for alle leiarane i Helseleiarforum november 2025, det er oppretta felles verktøy- og metodebank for arbeidet med rettteiaeren i tenestene og Fagutvikling Stab kan nyttast som støttefunksjon i implementeringa der leiarar har behov for det.

Alvermodellen

Alvermodellen vart etablert i 2024 som ei heilskapleg satsing på førebygging, tidleg innsats og samarbeid med innbyggjarar, pårørande, frivilligheit og næringsliv.

Som ein del av satsinga vart Alver helsetorg starta hausten 2025, og skal vere «ei dør inn til helse», der målet er å rettteie innbyggjarar i å klare å bu heime lengst mogleg utan behov for vedtakstenester, samt informere om tilbod som kan gje auka livskvalitet.

Kommunen har òg utvida frisklivs- og meistringstilboda.

Drift av Seniorsenteret i Knarvik vart overført til Nordhordland Røde Kors, og lågterskeltilbodet «Ankeret» i psykisk helse og rus til Mental helse Alver.

Den frivillige aktivitetsbasen ved Knarvik sjukeheim vart styrka, og ein ny aktivitetsbase er etablert på Frekhaug, knytt opp mot heimeteneste og dagsenter.

Det er òg inngått fleire samarbeidsavtalar med næringsaktørar som leverer tenester innan praktisk bistand

Andre hendingar

- Frå august 2025 vart det gjort endra organisering av omsorgsbustader med heildøgnsbemanning frå heimetenesta til sjukeheimstenesta.
- Opna to nye sjukeheimsavdelingar med 24 plassar våren 2025. Det er 12 langtidsplassar for personar med demens sjukdom på Såta bu og servicesenter og 12 korttidsplassar på Helsehuset.
- Tenesteområdet Heimetenesta har slått saman dei to avdelingane i Knarvik til ei avdeling.
- Hausten 2025 starta heimetenesta med sjukepleiarteam på kveld på tvers av 3 avdelingar
- Koordinerande eining og fritidskontakt- tenesta er etablert som eigen avdeling i tenesteområdet psykisk helse og rus.
- Gjennomført teneste-ROS for sektoren og utarbeidd helseberedskapsplan.
- Statsforvalter har gjennomført tilsyn på helseberedskap.
- Etablert klinisk etisk komité
- Revidert og vidareutvikla overordna rammer for ulike arbeidstidsordningar. Dei fleste avdelingar i helse og omsorg har turnus med langvakter.
- Leiarstrukturen for dei ulike tenesteområda vart justert ut frå behovet for å endre spennet i tal tilsette pr. leiar. Dette vart gjort gjennom å etablere einingsleiarnivå. Hensikta er at ein kan ivareta personal-og fagleg oppfølging i tenestene, samt nytte ressursar og kompetanse betre.
- Starta opp gruppetilbod «Meistrings-og stabiliseringsgruppe» for personar med traumelidingar.
- Starta opp tre større forprosjekt med tilskotsmidlar. Det er:
 - FACT (fleksibelt oppsøkjande behandlingsteam)for personar med behov innan psykisk helse og rus som skal bidra til meir oppsøkjande, koodinerte og tilgjengeleg hjelp i samarbeid med spesialisthelsetenesta.
 - Housing First, er ein metode som har som mål og gje varige og trygge butilhøve for personar som har utfordringar knytt til bustad, rus og psykisk helse.

- Psykisk helse-og rusteneste for barn og unge. Mål korleis sikre tidleg innsats og betre koordinering rundt barn, unge og familiar med behov for langvarig og koordinert støtte.
- Leiarutvikling: Tenesteleiarar og avdelingsleiarar har deltatt på leiarutviklingsprogram.
- Etablert helseleiarforum for einingsleiarar og avdelingsleiarar/ ass. einingsleiarar, med fire møter pr.år.
- Kommunen busette 81 flyktningar i løpet av 2025. Det er jobba godt med gjennomføring av introduksjonsprogrammet og integrering.
- Deltatt i interkommunalt kompetanseløp i forbetningsarbeid i regi av utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT). Tema for forbetningsarbeidet er «Retten barna og unge har til å bli høyrte og Barnets beste vurderingar».
- Vidareføring av prosjekt *Første Steg* – for innbyggjarar som har behov for avklaring i samband med helse og arbeid
- Jobbmot- kompetansesenter for ungdom og arbeid. Samarbeidsprosjekt i regionen (NAV). Er ein viktig samarbeidspart i Nordhordland næringslag si satsing *Læring i Næring*.
- Oppstart av jobbsjansen – eit tilbod for innvandarkvinner som treng oppfølging, kvalifisering og arbeidsretta aktivitet for å nå mål om arbeid meller utdanning.
- Starta opp Individuell jobbstøtte (IPS) i samråd med DPS Bjørgvin avdeling Knarvik. IPS er ei kunnskapsbasert oppfølgingsmetode som i hovudsak blir tilbydd menneske med moderate til alvorlege psykiske lidningar og/eller rusproblem som ønskjer hjelp til å skaffe og behalde vanleg løna arbeid.
- Kommune har søkt og mottatt kompetansestilskot i 2025. Kompetansehevande tiltak på ulike nivå frå lærling til master er gjennomført for om lag 120 tilsette.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Tenestekområde	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
500-Helse og omsorg stab	34 141	40 747	39 280	1 467	3,6 %
510-Sjukeheimar	225 135	256 577	267 391	-10 814	-4,2 %
520-Heimetenester	253 167	224 769	219 780	4 989	2,2 %
530-Habiliteringstenester	239 122	246 567	260 108	-13 541	-5,5 %
540-Psykisk helse og rus	54 097	66 301	72 544	-6 243	-9,4 %
550-Lege- og rehabiliteringsteneste	88 506	97 240	94 175	3 065	3,2 %
560-NAV	122 229	112 778	111 046	1 733	1,5 %
Sum	1 016 396	1 044 978	1 064 324	-19 345	-1,9 %

Kommentar til status økonomi

Kommentar til årsresultat 2025

Helse og omsorg brukar netto samla sett 19,3 millionar kroner (1,8%) meir enn budsjettert. Avvika fordeler seg på mange poster og områder. Ei vesentleg forklaring på meirforbruket knyttar seg til lågare refusjonsinntektar for ressurskrevjande tenester. Desse vert berekna på slutten av året, og for 2025 er inntektene omlag 8 millionar kroner lågare enn revidert budsjett på 139,5 millionar kroner. Det er mange forhold som spelar inn på refusjonsbeløpet, men ei årsak til lågare refusjon har samanheng med kommunen sin høge bruk av pensjons-premiefond i 2025. Dette får direkte effekt på dei lønskostnadene Alver kan ta med i refusjonsgrunnlaget. Premiefondsbruk på nivå med 2024 ville truleg gitt ein refusjon som ville vore omlag 10-12 millionar kroner høgare for 2025.

På kostnadssida er det betaling for utskrivingsklare pasientar i sjukehus, matvareinnkjøp, bruk av brukarstyrt personleg assistent (BPA) og vikarbyrå som er hovudårsaker til meirforbruket. Det er spesielt innan sjukeheimar og habilitering kostnadene er betydeleg høgare enn budsjettet.

Pr. tenesteområde:

Stab og forvaltningskontor:

Har samla sett eit mindreforbruk på 1,5 millionar kroner. Dette skuldast mindreforbruk på lønn på grunn av permisjonar og sjukefråvær, mindreforbruk på drifts-postar og inntekt interne tilskot.

Kostnad for utskrivingsklare pasientar i sjukehus kom på 5,8 millionar kroner og som er 2 millionar kroner meir enn revidert budsjett.

Sjukeheimar:

Har eit meirforbruk på 10,8 millionar kroner. Det reelle meirforbruket er noko lågare då ein må sjå dette opp mot mindreforbruket på 3 millionar kroner pensjon på heimetenesta. Dette skuldast organisatorisk endring i august månad mellom heimetenesta og sjukeheimar.

Forklaringa på meirforbruket skuldast i hovudsak manglende budsjett på variabel lønn og for innkjøp av inventar ved nyoppretta avdeling Såta, bruk av vikarbyrå for manglande eigne tilsette, overbelegg med bruk av dobbeltrom, fleire brukarar med auka tenestebehov og eit meirforbruk på matvareinnkjøp.

Heimetenester:

Har eit mindreforbruk på om lag 5 millionar kroner.

Dette skuldast om lag 3 millionar kroner i positivt avvik på pensjon og må sjåast opp mot meirforbruket på sjukeheimar på grunn av organisatorisk endring i august månad. Tenesta fekk 1,6 millionar kroner i inntekt ressurskrevjande tenester meir enn budsjettet.

Habiliteringstenester:

Har eit meirforbruk på om lag 13,5 millionar kroner. I tillegg er kostnader på om lag 2,8 millionar kroner for koordinerande eining og fritidskontakt- tenesta belasta tenesteområdet psykisk helse og rus frå september månad på grunn av organisatorisk endring. Budsjettet vart ikkje korrigert.

Forklaringa på avviket skuldast fleire forhold.

2,5 millionar kroner i mindre inntekt enn budsjettet knytt til ressurskrevjande brukarar. Kostnadene knytt til brukarstyrt personleg assistent (BPA) har hatt ein auke gjennom året. Dette kjem av nye vedtak og auke i eksisterande vedtak. Det har òg vore ein auke i bruken av variabel løn. Overtid har vore naudsynt for å sikre forsvarleg drift og kontinuitet i tenestene. Overtidsbruken er størst i enkelttiltak med få årsverk, lovfesta bemanningskrav og spesialisert kompetanse. Desse tiltaka har låg fleksibilitet når det gjeld personalallokering. Auka sjukefråvær og rekrutteringsutfordringar har ført til meir bruk av vikarar enn lagt til grunn i budsjettet, med tilsvarande meirutgifter.

Enkelte tenestemottakarar, særleg innan avlastingstenesta for born og unge, har fått auka og meir komplekse tenestebhov. Det har vore naudsynt å styrke bemanning og auka ressursinnsats, noko som har gitt ytterlegare meirforbruk knytt til fastlønn.

Psykisk helse og rus:

Har eit samla meirforbruk på 6,2 millionar kroner, her av er om lag 2,8 millionar kroner kostnader siste månader som er dekkja av budsjett på Habilitering .

Årsaka til meirforbruket er mindre inntekt enn budsjetttert refusjon ressurskrevjande tenester på om lag 7 millionar kroner.

Lege og rehabiliteringstenester:

Har eit samla mindreforbruk på 3,0 millionar kroner. Dette skuldast mindreforbruk på Nordhordland legevakt på om lag 2,4 millionar kroner og mindreforbruk på 1,3 millionar kroner i legetenesta. Det har vore stor usikkerheit rundt rekruttering av fastlegar og driftsøkonomi. Det må og takast omsyn til at faktura for om lag 1,5 millionar kroner frå legevikarar i 2025 ikkje var motteke ved rekneskapsavslutninga i februar 2026.

Legetenesta leigar inn næringsdrivande lege til asyl-mottaket på Radøytunet ca. 1 dag pr veke. I tillegg kjem utgifter til tolk. Dette er kostnader som ikkje er budsjetttert på tenesteområdet.

Hjelpemiddellageret har måtte ta inn ekstra bemanning for å handtere auke i tildelte hjelpemiddel frå NAV hjelpemiddelsentral.

NAV:

Har eit samla mindreforbruk på 1,8 millionar kroner.

Mindreforbruk på løn med høgare sjukeløns-refusjon enn budsjetttert og innvilga tilskotsmidlar i løpet av året. Det har vore meirforbruk på sosialhjelp og ventestønad.

Nav sitt budsjett er sterkt påverka av busettingstal for flyktningar. Busettingstalet for 2025 har endra seg to gonger.

Totalt vart det utbetalt 42,7 millionar kroner i sosialhjelp. Av dette var 38% utbetalt til flyktningar med kollektiv beskyttelse. Flyktningar med kollektiv beskyttelse har kort introduksjonsprogram slik at mange må fortsette å få økonomisk sosialhjelp medan dei fortsatt lærer norsk og kvalifiserer seg for arbeidslivet. I tillegg har enkelte flyktningar sosialhjelp då dei ikkje kan arbeide på grunn av alder eller helseutfordringar.

Internkontroll og HMS i sektoren

Sektoren sitt internkontrollsystem inngår i kommunen sitt kvalitetssystem, som femner om styringsdokument og rutinar, avviksbehandling, risikovurdering, årshjul, sjekklister og oppfølging. med å oppdatere rutinar i kvalitetssystemet er i kontinuerleg arbeid, som ein konsekvens av meldte avvik og gjennomførte risiko analyser.

Sektoren har jobba med praktisk gjennomføring av risikovurderingar, og det er gjennomført HMS- ROS- analysar (risiko-og sårbarheitsanalysar) i avdelingane. Leiarar og lokale arbeidsmiljøgrupper har deltatt på ROS- verkstad for opplæring og metodikk. Avdelingane har utarbeidd samarbeidsplanar med bedriftshelsetenesta. I arbeidet blir det fokusert på kartlegging av risikoområde, vurdering av sannsynlegheit og konsekvens, planlegging og evaluering av tiltak. Avdelingane (leiar og lokal arbeidsmiljøgruppe) har gjennomført ROS av omstillingsprosessen på nye tiltak som kom i 2025.

Tenestene arbeider med å få redusert sjukefråværet. Det vert jobba i lag med bedriftshelsetenesta både på gruppe- og individnivå, og med NAV arbeidslivssenter for å utarbeide tiltak. Handlingsplanar er utarbeida på bakgrunn av HMS-ROS. Det vert jobba godt i arbeidsmiljøgruppene for å få redusert sjukefråværet ved dei fleste avdelingar, medan nokre avdelingar enno har eit potensiale for forbetring.

Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn på sektornivå, sjukeheimar, heimetenesta og habiliteringstenesta i løpet av 2024. Det vart funne fleire avvik og gitt pålegg. Det har vorte jobba godt med tiltak og fleire har fått svar at pålegget er lukka. Tilsyna som vart gjennomført i tida september- november vart alle lukka tidleg i 2025.

Leiarstrukturen for dei ulike tenestekområda vart justert ut frå behovet for å endre spennet i tal tilsette pr. leiar. Dette gjer at leiarane har større moglegheit for oppfølging av tilsette.

Oppvekst

Beskriving av tenesteområde

I Alver kommune er tenesteområda barnehage, barnevern, helsestasjon- og jordmortenesta, pedagogisk psykologisk teneste (PPT) og skule samla i sektor oppvekst. Kvart tenesteområde er leia av ein tenesteleiar, som inngår i leiargruppa for oppvekst saman med kommunalsjef. Tenesteleiarane har delegert eit heilskapleg ansvar for sitt tenesteområde, knytt til økonomi, personal og fag. Det heilskaplege ansvaret er delegert vidare til veiningsleiarane. Dette i samsvar med delegasjonsreglementet til Alver kommune.

I tillegg til tenesteområda har oppvekst ein stab, som i organisasjonskartet er plassert i linje under kommunalsjef. Stab oppvekst har mellom anna ansvar for/deltek i følgjande oppgåver:

- Sakshandsaming og forvaltningsoppgåver (førebu politiske saker, handsame søknader knytt til særleg farleg skuleveg, skulebyte, skulestad i annan kommune, moderasjonsordningar med meir)
- Bistand til barnehagemynde sine oppgåver som t.d. tilsyn og rettleiing, moderasjonsordningar, vedtak, økonomi, samlingar for heile barnehagesektoren m.m.
- Bistand ved gjennomføring av tilsyn frå t.d. Statsforvaltar og Arbeidstilsyn
- Oppfølging av private skular i kommunen og gjesteelevar til og frå kommunen.
- Utviklingsarbeid - deltaking og prosjektleiaransvar for fleire av sektoren sine prosjekt saman med tenesteleiarane. Deltaking og bistand til leiarsamlingar for barnehagesektor og skule
- Internkontroll: redaktøransvar i kvalitetssystemet - rutinar, prosedyrar og retningslinjer med revideringar, kvalitetsoppfølging av dei kommunale barnehagane og skulane, saman med tenesteleiarane.
- Ansvar for barnehage- og skuleadministrative system
- Informasjonstryggleik og personvern (risikovurderingar av nye system, verkty, deltar i anbudsprosessar, opplæring ut i organisasjonen)
- Rådgiving og oppfølging av trygg bruk av alle digitale flater som oppvekst nyttar.
- Post og innsyn (fordeler post til tenesteområda og følgjer opp krav om innsyn barnehage og skule)

Frå 01. mars 2025 er rolla som barnehagemynde lagt til ei eiga stilling med bistand frå stab oppvekst. Barnehagemynde utøver kommunen sitt lovpålagte ansvar for å kontrollere, rettleie og godkjenna alle barnehagar, både private og kommunane i tråd med barnehagelova med forskrifter. Barnehagemynde skal vere med på å sikre kvalitet, likehandsaming av alle barnehagane, handtere disposisjonar etter barnehagelova og føre tilsyn for å sikra trygge og gode forhold for barna .

Sektor oppvekst deltek i fleire samarbeidsprosjekt som har vore med på å bygge fellesskap og samarbeid både internt og med andre kommunar. I nokre av prosjekta har representantar frå oppvekst delteke i samarbeid med andre tenesteområde i kommunen og på fylkesnivå. Det er etablert fleire møteplassar for tverrfagleg samarbeid i kommunen. Vi deltek også i samarbeid med omkringliggjande kommunar om til dømes Mor i Norge studien, som undersøker korleis det går med førstegongsmødre som kan ha behov for meir oppfølging enn det som per i dag finns på helsestasjonen og hjå fastlege.

I tillegg har vi delteke i læringsnettverk i regi av Statsforvaltaren knytt til utarbeiding av plan for førebyggjande arbeid (etter oppvekstreforma), utarbeida handlingsplan mot vald i nære relasjonar, jobba med innføring av rett til barnekoordinator og samarbeida med dei andre kommunane om utvikling av satsinga fag- og tenesteutvikling i helsehuset. Det er lagt ned mykje godt arbeid, som vil danne grunnlag for vidare utviklingsprosessar i åra som kjem.

Dei største tiltaka for oppvekst i 2025 har vore arbeidet med barnehage- og skulebruksplanen og organisasjonsprosjektet. Frå hausten 2025 vart desse strukturendringane gjennomført:

- Flytte barn i Austbygd barnehage til Bø barnehage
- Flytte elevar på Austebygd skule til Hordabø skule
- Flytte elevar på Myking skule til Lindås barneskule
- Flytte elevar på Kløvheim skule til Eikanger skule

I tillegg er det lagt inn bestilling av vidare arbeid med fase 2 i barnehage- og skulebruksplanen, som blir arbeidd med i 2026.

Prioriteringane i kommunedelplan for oppvekst ligg som føresetnad for utviklingsarbeidet i sektoren. Også i 2025 vart det prioritert å arbeide med tiltak som kunne finansierast innafor eksisterande budsjettamme, og det har vore jobba med:


- Etablere system for pakkeforløp barnevern og helse.
- Rullering av kompetanseplanar for alle tenestoområda i sektoren (barnevern, helsestasjon- og jordmortenesta, barnehage, skule og PPT).
- Koordinere arbeidet med Inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Gjennomføre prosjektet Universell pedagogikk - Utvikling av praksis i barnehage og skule for å sikre barn og unge eit inkluderande fellesskap (i samarbeid med Universitetet i Oslo). I prosjektet vert system for spesial-pedagogisk hjelp i barnehage og spesialundervisning i skule tilpassa nyare forskning. Prosjektet igår som ein del av den nasjonale satsinga kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.
- Delta i satsinga på Språk, lesing og skriving i barnehage og skule samt starte arbeidet med å utarbeide ein språkstrategi for kommunen (i samarbeid med Lesesenteret i Stavanger). Alle barneskulane har no vore med i den nasjonale satsinga desentralisert kompetanseheving i pulje 1, 2 og 3, og samarbeida i nettverk. Dei siste fire barneskulane kom med i satsinga i pulje 4, med oppstart hausten 2025.
- Frå juni 2024 har tre skular, to kommunale og ein privat barnehage deltatt i Utdanningsdirektoratet si satsing Inkluderande barnehage- og skulemiljø, pulte 8. med i prosjektet har vi fem rettleiarar frå Læringsmiljøsentret i Stavanger, som girottelleing ute i den einskilde barnehage og skule. Prosjektet blir avslutta våren 2026.
- Drift og vidare implementering av Team læringsmiljø - Støtte og kompetansetilbod til barnehagar og skular i kommunen. Team læringsmiljø har bidratt med hjelp og støtte til enkelte skular i oppfølging på klassenivå, alt med mål om hjelp og støtte opp mot eit trygt og godt leike- og læringsmiljø.
- Hausten 2025 har vi arbeida med å evaluere og revidere kommunen sine rutinar for eit trygt og godt skulemiljø etter Opplæringslova kap.12. Det har vore prioritert kompetanseheving, rettleing og støtte til skuleleiarane i arbeidet med aktivitetsplikta og vurdering av barnet beste.
- Hausten 2025 er det også starta eit arbeid med å revidere desse rutinane etter Barnehagelova kap.8. Høyringsutkast vil bli ferdigstilt vår 2026, og rettleing og kompetanseheving vil bli gjennomført i 2026.
- Førebyggjande arbeid og følgje opp valdshendingar i skulen, samt utvide tilbodet om kjernegrupper til å gjelde 5.-10. trinn (i samarbeid med politiet). Det er i 2025 starta opp med kurs på arbeidsplassane, i regi av instruktørar i oppvekst og helse (Komlab-instruktørar).
- Førebudd oppstart forprosjekt "Psykisk helse. og rusteneste barn og unge" i samarbeid med Helse og omsorg. Planlagt start forprosjekt våren 2026.
- Etablert system for barnekoordinator i Alver kommune. Hovudansvar for tiltaket er lagt til Helse og omsorg.

- Internkontroll og risikovurderingar knytt til tenesteområda og praksis, årshjul for styring, utvida bruk av kvalitetssystemet til kommunen og gjennomføre konkrete øvingar. Det har vore eit stort fokus på risikovurderingar (ROS) knytt til helse-miljø-sikkerheit for våre tilsette, og avdelingane har hatt tilbod om å delta på fleire ROS-verkstader i løpet av året.
- Etablert arbeidsgruppe for arbeidet med å utarbeide plan for bruk av velferdsteknologi barn og unge (i samarbeid med helse).
- 6.november samla vi omlag 500 innbyggjarar til Allmøte i Knarvik arena om tema bekymring for ungdomsmiljøet i Alver. Det var eit svært vellukka arrangement med tverrfagleg samarbeid frå kultur, psykisk helse og rus, politi og oppvekst.
- Prosjektet Lågterskel foreldrerettleiing er slutført og overført til ordinær drift.
- Det har vore jobba med ny læysing for heimeside for barnehage og skule.

Det har ikkje vore kapasitet til å gjennomføre alle tiltak etter oppsett plan, så nokre arbeidsprosessar er overført til 2026:

- Etablere handlingsplan for arbeid med fysisk og psykisk helse barn og unge
- Greie ut korleis gjere skulehelsetenesta meir tilgjengeleg for elevane (startar opp i januar 2026)
- Rullere system for opplæringsstilbod til minoritetsspråklege barn i barnehage og elevar i skulen
- Ferdigstille system for kvalitetsoppfølging i barnehage og skule

Organisasjonskart for sektoren:



Tenesteområde barnehage har frå hausten 2025 (då Austebygd barnehage vart lagt ned) hatt 6 einingar - i tillegg til pedagogisk støtteining for alle barnehagane i kommunen.

Tenesteområde skule har frå hausten 2025 hatt 19 grunnskular og 1 vaksenopplæring, etter at skulane Austebygd, Myking og Kløvheim vart lagt ned.

PPT har tre avdelingar og eit team: Avdeling utøvande, Avdeling barnehage, Avdeling skule og Team læringsmiljø.

Barnevernet har fire einingar: Mottak- undersøking og tiltak, Fosterheim, Rettleiarteam og Miljøteam.

Helsestasjon- og jordmortenesta har to einingar og eit team: Eining helsestasjon og jordmor, Eining skulehelsetenesta, Team for migrase og smittevern.

Det er 3 private skular og 17 private barnehagar i kommunen.

Nøkkeltal for sektoren

Oversyn skular og bemanning

Tala er henta frå GSI-rapporteringa i oktober 2025 og årsverk tildelt etter ny tildelingsmodell.

Skuleår 2025/2026			
Barneskular	Elevar	Årsverk 1)	Lærartettleik (udir) ordinær opplæring
Alversund	309	32,5	13,85
Eikanger	68	8,2	14,04
Grasdøl	117	13,9	16,05
Hordabø	124	12,9	12,03
Knarvik b	215	25,6	14,49
Leiknes	166	20,1	13,12
Lindås b	245	25,9	15,53
Manger	182	17,2	16,44
Ostereidet b	106	8,6	15,27
Rosland *	197	21,8	16,57
Sagstad	448	42,6	15,39
Seim	144	14,2	15,88
Sæbø	85	8,1	14,19
Vestbygd	114	11,8	14,16
Sum	2516	263,4	15,60

1) Lærarårsverk, utan assistentar, rektorressurs og merkantilt tilsette, og utan ressurs til gjesteelev.

Oversyn lærartettleik er henta frå Utdanningsdirektoratet som statistikkbank. [Lærertetthet i grunnskolen | udir.no](#)

*Rosland skule er både barne- og ungdomsskule.

Ungdomsskular	Elevlar	Årsverk 1)	Lærartettleik (udir) ordinær opplæring
Knarvik u	364	40,8	17,55
Lindås u	136	16,3	18,87
Meland u	182	21,0	17,48
Ostereidet u	102	12,6	14,56
Radøy u	173	19,2	19,15
Sum	957	109,9	17,65

L1) Lærarårsverk, utan assistentar, rektorressurs og merkantilt tilsette, og utan ressurs til gjesteelev.

Oversyn lærartettleik er henta frå Utdanningsdirektoratet som statistikkbank. [Lærertetthet i grunnskolen | udir.no](https://lærertetthet.i.grunnskolen.no/udir.no)

Oversyn barnehagar

Private barnehagar	Antal heiltidsplassar 15.12.2025			Årsverk 2)		
	0-2 år	3-5 år	Sum 1)	Samla	Pedagogisk personale	Plassar/årsverk
Hundvin naturbarnehage	12	14	38	6,7	3,0	5,7
Barnas barnehage Kløvheim	10	9	29	5,0	3,0	5,8
Blåklukka barnehage	34	52	120	22,1	11	5,4
Drømmehagen barnehage	54	86	194	34,2	16,3	5,7
Espira Marthahaugen barnehage	29	42	100	16,7	8	6,0
Knarvik barnehage	37	71	145	30,6	14,4	4,7
Leiketun barnehage	22	59	103	17,7	9,6	5,8
Leiknes Fus barnehage	30	44	104	17,3	9	6,0
Leirdalen barnehage	16	22	54	10,2	4,6	5,3
Læringsverkstedet Alversund barnehage	25	33	83	13,9	6,0	6,0
Læringsverkstedet Maurtua barnehage	16	30	62	10,4	5	6,0
Natås barnehage	9	15	33	7,4	3	4,5

Nordhordland barnehage	9	9	27	5,5	2	4,9
Ostereidet Fus barnehage	16	37	69	11,5	4,5	6,0
Seim barnehage	24	31	79	13,5	6,2	5,9
Solhaugen barnehage	16	27	59	10,6	4	5,6
Trollskogen barnehage	28	66	122	22,4	9,9	5,4
Sum	385	658	1 427	257,0	118,9	5,6

1. Heile plassar. Småborn 0-2 år er vekta med 2 (tel for to plasser)
2. Tala er utan styrar sin administrasjonsressurs, eksklusive spes.ped tiltak

Kommunale barnehagar	Antal heiltidsplassar 15.12.2025			Årsverk 2)		
	0-2 år	3-5 år	Sum 1)	Samla	Pedagogisk personale	Plassar/årsverk
Bø bhg.	19	40	78	14,6	7,0	5,3
Juvikstølen bhg.	38	52	128	22,0	10,0	5,8
Lindås bhg.	25	44	94	16,2	7,2	5,8
Marihøna bhg.	10	18	38	6,3	3,0	6,0
Prestmarka bhg.	25	61	111	18,5	8,6	6,0
Sæbø bhg	13	29	55	9,8	4,8	5,6
Sum	130	244	504	87,4	40,6	5,8

1. Heile plassar. Småborn 0-2 år er vekta med 2 (tel for to plasser)
2. Tala er utan styrar sin administrasjonsressurs, eksklusive spes.ped tiltak

Utfordringar og utvikling

Kommundelplanen er det viktigaste styringsdokumentet for sektoren, og er eit resultat av tverrfagleg samarbeid og stort engasjement frå aktive og engasjerte barn og ungdomar, føresette, tilsette, politikarar samt både interne og eksterne samarbeidspartar.

I planarbeidet vart det tatt utgangspunkt i framtidsvisjonen i kommuneplanen sin samfunnsdel, som definerer fire hovudmål for kor kommunen skal vere i 2040:



Planen tar hovudsakleg utgangspunkt i mål 4 i samfunnsdelen: Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse.

Det er definert seks hovudmål med tilhøyrande delmål og strategiar:

1. Barn og unge opplever å høyre til
2. Barn og unge blir sett og ivareteke
3. Barn og unge er rusta til å møte framtida
4. Barn og unge opplever at vaksne samarbeider
5. Barn og unge blir møtt av kompetente vaksne
6. Familiar opplever eit godt tenestetilbod

I tillegg er det definert eit 7. mål, som har fokus på å følgje opp målsetjingar i andre planar.

Planen har ei tydeleg målsetjing om at barn og unge skal ha ein trygg oppvekst i kommunen, der den einskilde er inkludert i fellesskapet og får god omsorg. Barn og unge skal utvikle kompetanse til å møte framtida og kommunen skal utvikle praksis for å følgje opp barn, unge og familiar med særleg utfordringar. For å lukkast med målsetjinga spelar dei vaksne ei viktig rolle, både i høve til tverrfagleg samarbeid, tidleg innsats og i det dagleg arbeidet rundt barn, unge og familiar.

Målsetjingane for 2025 er sett i samanheng med den økonomiske situasjonen kommunen er i, og difor er det ikkje planlagt eller gjennomført tiltak som krev ekstra finansiering knytt til oppfølging av planen.

I 2025 er rammer for drifta justert i høve til venta barnetal i barnehagane og elevtal i skulane. I praksis betyr dette at dei største endringane i høve til økonomi er knytt til tenestoområde skule og reduksjon i tal tilsette.

I prosjektet Universell pedagogikk har det i fase 1 vore jobba med mogleg organisering av Pedagogisk støtteining for barnehage, og som resultat av dette arbeidet er det gjennomført ei omorganisering av Pedagogisk støtteining slik at spesialpedagogane no har arbeidsplass i den einskilde barnehage.

Det er eit stort behov for tilgjengelege vaksne som kan følgje opp elevane, både i høve til sosiale og psykiske forhold, men også i forhold til ulike utfordringar ein møter på som ungdom. Generelt melder både ungdom sjølv, tilsette i skule, helsesjukepleiarar og andre faginstansar eit stort behov for vaksne ressurspersonar rundt dei unge.

I åra som kjem er det tenesteområda barnehage og skule som vil møte dei største innsparingskrava i sektor oppvekst. Dette ut frå politiske vedtak i 2025, venta utvikling i demografi, og synkende barne- og elevtal.

Barnehage

Det er eit stort behov for tilgjengelege vaksne som kan følgje opp barna i høve til lovkrav om eit trygt og godt barnehagemiljø. Generelt melder både tilsette og foreldre om behov for auka bemanning då norm for bemanning inneber at det er få tilsette på avdelinga i store deler av barnehagedagen. Dette grunna opningstid på 10 timar, medan dei tilsette har arbeidstid på 7,5 timar. Innanfor denne arbeidstida har kvar pedagog lovfesta rett til fire timar plantid per veke (tid til planlegging og utvikling), i tillegg til fråvær grunna mellom anna møteverksemd. Arbeidstida til dei tilsette i barnehagane blir fordelt ut over opningstida til barnehagane. Ved utvida opningstid blir det færre vaksne tilstade per time i barnehagen, og dette vil verke inn på vaksentettleiken i løpet av dagen.

I samband med opptak til nytt barnehageår blir tal årsverk justert i høve til tal barn, slik at barnehagane oppfyller norm for både bemanning og pedagogtettleik. Barnehagane har ein beredskapsplan knytt til høgt fråvær, og det er gjennomført risikovurderingar og utarbeidd rutinar.

Sjølv om barnehagane oppfyller norm for tal tilsette, er det utfordrande å sikre bemanning etter norma i det daglege. Dette skuldast mellom anna at det er vanskeleg å få tak i nok vikarar til barnehagane ved kortare og lengre fråvær.

Det har gjennom året vore jobba med tiltak for å betre denne situasjonen ved å få ned sjukefråværet i barnehagane, og vi kan sjå ein nedgang i sjukefråværet i 2025. I tillegg har kommunen dei siste åra hatt årsverk med faste tilsette vikarar i barnehagane, finansiert av refusjon sjukeløn.

I kommunedelplan for oppvekst er det lagt inn tiltak for å setje inn vikarar for pedagogane i plantida frå og med 2025, men grunna den økonomiske situasjonen i kommunen har dette ikkje vore prioritert. Delar av nasjonalt tilskot til toppa bemanning barnehage har vore prioritert inn i økonomiplan og budsjett, slik at barnehagane frå hausten 2025 har kunne setje inn nokre timar ekstra ressurs kvar veke. I dei kommunale barnehagane har denne vore nytta til å setje inn vikar i plantida til pedagogane. Dette vil bli vidareført i 2026.

Behovet for å auke bemanninga i barnehagane er framleis stort, og nokre barnehagar har erfart at tilsette søker seg over i andre stillingar grunna ei oppleving av å ikkje strekkje til i forhold til dei samla oppgåvene og barna sine behov i barnehagen.

Endring i barnehagestruktur

Austebygd barnehage vart slått saman med Bø barnehage frå hausten 2025. For å førebu denne prosessen, vart det gjennomført fleire foreldremøte og møtepunkt mellom tilsette og foreldre i begge barnehagane våren 2025.

Den private familiebarnehagen Smilehullet vart lagt ned frå 1.1.26.

Skule

Justeringar knytt til demografi og reduksjon i elevtal i skulen lar seg ikkje justere på same måte som vi kan justere faktorane tal barn og tal vaksne i barnehagen. I skulen er tal årsverk i større grad knytt opp

mot tal klassar. Det betyr i praksis at skulane må driftast med færre årsverk til omlag like mange klassar og omlag like mange elevar som har rett til spesialundervisning eller anna tilrettelagt opplæring. Skuleåret 2024-25 var det 3 klassar færre. Frå skulestart 2025 var det ein reduksjon på 182 elevar. Det var nedgong med 17 klassar, og 13 av dei var resultat av at tre skular vart nedlagt. I 2024 var det ei arbeidsgruppe som jobba saman med PWC for å utvikle ein ressurstilodelingsmodell som i større grad skal vera regelstyrt etter tal elevar. Modellen vart tatt i bruk for ressurstilodeling skuleåret 2025-2026. Det vart redusert med 12 årsverk som demografiltak.

I høve til lærarnorm så oppfyller Alver kommune denne. Det kan tidvis vere skular som ligg under lærarnorma, men om vi ser på kommunen samla sett, så oppfyller kommunen lærarnorma med god margin. Men lærarnorma åleine fortel ikkje alt om stoda. Skulane opplever store utfordringar knytt til tiltak for elevar med høgt skulefråvær. Fleire av skulane melder det er utfordrande å sikre ein god nok balanse mellom ressursar til klassane og ressursar knytt til spesialundervisning og helsetiltak rundt einskilde elevar. Det er venta at desse utfordringane vil auke i omfang til neste år, då ramma til skule skal reduserast ytterlegare. Skulane arbeider med å betre på denne situasjonen med universell og fellesskapande pedagogikk ved å arbeide for at fleire elevar skal få dekkja sine rettar til opplæring innanfor det ordinære, slik at vi på sikt kan redusere omfanget av spesialundervisning.

Skulane opplever framleis å stå overfor handtering av vald og trugslar frå elevar, og dette kjem tydeleg fram i avvik som er meldt inn frå tilsette. Det har vore jobba med tiltak for å styrkje skulane i arbeidet med å førebyggje og handsame desse utfordringane, og kommunen har etablert rutinar og retningslinjer for arbeidet. I løpet av hausten 2025 er det gjennomført kurs ved 2 skular, og arbeidet held fram i 2026. Det er framleis behov for å sikre eit heilskapleg og systematisk arbeid knytt til risikovurdering, øving og opplæring for tilsette i skulen. Dette for å tryggje dei tilsette og sikre eit godt arbeidsmiljø.

I 2025 var det ei arbeidsgruppe i oppvekst som arbeidde med å revidere nye rutinar for oppfølging av skulefråvær, og rutinane var klar til bruk i august 2025. Skulane har hatt sterkt fokus på dette arbeidet i samarbeid med PPT og Skulehelsetenesta, og dei har jobba godt for å auke tal dagar elevane møter på skulen. Skuleeigar samlar statistikk på dette området frå og med skuleåret 2024-2025. Vi ser ei klar forbetring og reduksjon i skulefråvær hausten 2025, samanlikna med førre skuleår. Arbeidet held fram også i 2026.

Prosentvis andel elevar for heile skuleåret 2024-2025 med 10% fråvær: 14,6 %

Fordelt på:

barnetrinn 1-4: 13,9 %

mellomtrinn 5-7: 16,2 %

ungdomstrinn 8-10: 14,5 %

Prosentvis andel elevar for hausten 2025 med 10% fråvær: 6,7 %

Fordelt på:

barnetrinn 1-4: 5,8 %

mellomtrinn 5-7: 9,3 %

ungdomstrinn 8-10: 6,9 %

Tal elevar med 50% fråvær:

2023/24: 37

2024/25: 23

hausten 2025: 19

Skuleåret 2025-2026 er det til saman 32 lærarar som har fått godkjent vidareutdanning frå kommunen og Utdanningsdirektoratet. Det er 19 som har fått stipendordning og 13 som har fått vikarordning med

37,5% frikjøp av stilling. Det er to avdelingsleiarar som har fått godkjent rektorutdanning. Målsetjinga er å dekke kompetansekrav og kompetansebehov i fag etter kartlegging og forankring på den enkelte skule. Det har særleg vore vidareutdanning innan engelsk, matematikk og norsk, spesialpedagogikk, andrespråkspedagogikk, praktisk-estetiske fag og språkfag.

Endring i skulestruktur

Gjeldande frå hausten 2025 vart skulane Austebygd, Kløvheim og Myking lagt ned. Det vart gjennomført førebuande prosessar våren 2025, knytt til overføring av elevar og tilsette til ny skule. Det vart gjennomført eigne foreldremøter, felles samarbeid mellom FAU og elevråd på ny skule, besøk på ny skule og aktivitetsdagar saman med elevane på ny skule. For dei tilsette var det omstillingssamtaler og overføringsmøter mellom lærarar og skuleleiarane på nye arbeidsplassar. Det vart også gjennomført markeringar med personale og kveldsarrangement for elevar og foreldre i mai/juni 2025.

Barnevernet

Barnevernstenesta har i 2025 halde eit høgt aktivitetsnivå, sjølv om talet på meldingar viser ein mindre nedgang samanlikna med 2024. Tenesta har likevel stått i eit betydeleg press, særleg knytt til auka rusproblem blant barn og unge, høgare saksmengder i fleire team og innføring av nytt fagsystem. Året har òg vore prega av målretta kompetanseutvikling og styrking av juridisk kapasitet.

Talet på meldingar har gått noko ned frå førre år, men ligg framleis på eit stabilt høgt nivå. Alle meldingar blir følgde opp i tråd med gjeldande lovverk, og barnevernstenesta har inga venteliste. Dette sikrar at alle barn og familiar som tar kontakt eller blir meldt, raskt får vurdert sitt behov for hjelp.

Ein tydeleg trend i 2025 er auke i talet på barn og unge med alvorleg rusproblematikk. Denne utviklinga krev tett tverrfagleg innsats og har ført til meir arbeid både i miljøteamet og i rettleiarteamet, som begge rapporterer om fleire saker enn tidlegare år.

Miljøteamet og rettleiarteamet har vore sentrale i arbeidet med dei mest krevjande sakene. Tenesta har framleis god nytte av eit eige lokale for gjennomføring av samvær. Lokalet har bidrege til meir stabile rammer for barn og foreldre og gjeve rom for betre kvalitet i samværsoppfølginga.

I løpet av året er ei sakshandsamarstilling omgjort til juriststilling. I tillegg er ledige lønnsmidlar nytta til å rekruttere ein jurist i vikarstilling. Behovet for juridisk kompetanse er stort i ei omfattande teneste som handterer komplekse vurderingar og vedtak. Begge juriststillingane blir nytta fullt ut, og erfaringane viser at styrkinga har både effektivisert saksarbeidet og betra kvaliteten i vurderingar og dokumentasjon.

Kompetanseheving har vore særleg knytt til arbeid etter Analysemodellen, men tenesta har òg prioritert kompetanse som samsvarar med behov identifiserte i tenesta, saman med tilsette, og med føringar frå Bufdir.

Det nye fagsystemet Modulus vart innført i 2025. Innføringa har vore krevjande og har påverka arbeidskvardagen i alle delar av tenesta. Samstundes har dei tilsette teke systemet positivt imot. Arbeidet vidare vil handle om å stabilisere bruken, byggje kompetanse, og utnytte systemet sitt potensial for betre dokumentasjon, struktur og oversikt i sakshandsaminga.

Tenesta har i 2025 nytta ressursane sine målretta for å møte både saksmessige og faglege behov. Styrking av juridisk kapasitet og auka innsats inn mot rusproblematikk har vore nødvendige grep.

Samstundes skapar både høg saksmengde og større kompleksitet i enkeltsaker press på kapasiteten. Dette peikar på eit kontinuerleg behov for kompetanseheving og ei robust teneste.

Barnevernstenesta står framleis i fleire kjente utfordringar:

- auke i saker som gjeld rusmiddelbruk blant barn og unge
- større behov for tverrfagleg samarbeid
- høgt krav til dokumentasjon og forsvarleg saksbehandling
- behov for stabil arbeidskraft og vidare styrking av kompetanse

Vidare vil tenesta prioritere arbeid med Analysemodellen, digitalisering og bruk av Modulus, samt utvikling av kapasitet og kompetanse på område som Bufdir peikar på som sentrale.

Helsestasjon- og jordmortenesta

Utviklinga i samfunnet, påverkar innhaldet i helsestasjon- og jordmortenesta, og tenesta ser ei tydeleg auke i kompleksiteten i konsultasjonane, i alle einingar. Det er særleg behov for styrka innsats knytt til førebygging av vald og overgrep, psykisk helse og rus. Heile tenesteområdet arbeider systematisk knytt til desse tema, med stort fokus på internt samarbeid og saumlause overgangar mellom einingane.

Utfordringar i ungdomsmiljø knytt til psykisk helse, rus og sosialt press held fram som eit prioritert område, der skulehelsetenesta og andre oppveksttenester har eit tett samarbeid om tidleg innsats og helsefremjande tiltak.

Digitalisering er eit viktig utviklingsområde. Tenesta arbeider målretta med vidareutvikling av journalsystemet og trygg digital dialog med brukarar og samarbeidspartnarar for å sikre betre informasjonsflyt, kvalitet og effektivitet.

Helsestasjon- og jordmortenesta står framfor fleire viktige utfordringar i åra som kjem. Auka kompleksitet i barn og familiar sine behov, utvikling i ungdomsmiljø og ein tydeleg auke i psykososiale utfordringar, krev at kommunen held høgt fokus på førebygging, tidleg innsats og godt tverrfagleg samarbeid. I tillegg vert rekruttering av rett og naudsynt kompetanse, avgjerande for å sikre kapasitet og kvalitet.

PPT

Pedagogisk-psykologisk teneste står framfor fleire utfordringar i tida som kjem.

Generelt er det ein aukande tendens til diagnostisering med tilhøyrande hjelpebehov i fleire lag og aldersgrupper i samfunnet. Dette aukar kompleksitet og krav til metodisk kompetanse og utøving av tenesta.

Tverrfagleg samarbeid opp mot andre hjelpetenester er naudsynt for å ivareta eit komplekst hjelpebehov i enkeltsaker. Felles fokus og semje om prioritering er avgjerande for effektiv og heilskapleg saksflyt.

Arbeidsverktøy for ein pp-rådgjevar vert stadig meir digitaliserte, og dette krev kontinuerleg digital utvikling både hjå tilsette i PPT og for brukarar.

PPT har vanskar med å skaffe kvalifiserte vikarar ved behov. I periodar er det og mangel på kvalifisert søkjarar både til faste stillingar og til vikariat. Dette aukar arbeidstrykket på øvrige tilsette.

Viktige hendingar og resultat i året

Helsestasjon- og jordmortenesta

Helsestasjon- og jordmortenesta har i 2025 vidareutvikla tilbodet til gravide, barn, unge og familiar, i tråd med nasjonale føringar og kommunale mål. Året har vore prega av strukturelle endringar og målretta satsingar som styrkjer kvalitet, tilgjengelegheit og kapasitet i tenesta.

Prøveprosjektet der jordmortenesta har tilbydd etterkontroll etter fødsel og prevensjonsrettleiing til sårbare kvinner, er no formelt innarbeidd i ordinær drift. Tilbodet er ei tydeleg prioritering av tidleg innsats og betre koordinerte helsetenester til ei målgruppe med særskilde behov.

Fleire helsesjukepleiarar i helsestasjonstenesta er no sertifiserte i Newborn Behavioral Observations (NBO). Metoden styrkjer tenesta si evne til å identifisere behov hjå nyfødde, og til å gi råd og støtte foreldre i tidleg samspel og omsorg. Den auka kompetansen bidreg til meir målretta, forskningsbasert praksis, og styrkjer kvaliteten i det universelle tilbodet til småbarnsfamiliar.

Kommunen deltek i «Saman på veg – Mor i Norge-studien» eit tiltak retta mot sårbare førstegongsfødande som treng ekstra støtte og oppfølging i barnets to første leveår. Tiltaket har som mål å betre tilknytning, tryggleik og helse hos mor og barn, og deltakinga gir samtidig kommunen verdifull kunnskap til vidare utvikling av tenestetilbodet.

Tilsette i skulehelsetenesta som arbeider med ungdom, deltek i KORT-studien, ei nasjonal forskingsstudie som undersøker effekten av kortvarige intervensjonar på ungdom si psykiske helse og meistring. Deltakinga gir kommunen tilgang til oppdatert kunnskap og systematisk kompetanseutvikling, og er eit viktig bidrag i arbeidet med å møte auka utfordringar knytt til ungdom si psykiske helse.

Team for migrasjonshelse og smittevern har gjennom året hatt eit breitt arbeidsområde. I tillegg til ansvar for helsekartlegging av busette flyktningar, og helseteneste på Raødytunet asylmottak, har teamet gjennomført ein omfattande innsats innan korona- og influensavaksinerings. Innføringa av vaksinasjonsprogrammet for vaksne i 2025, med tilbod om pneumokokkvaksine til alle personar fødd i 1960, vart gjennomført med god fagleg kvalitet og effektiv organisering av teamet. Dette styrkjer kommunens førebyggjande kapasitet, og resultatet av arbeidet teamet har lagt ned, er ein viktig del av kommunens beredskap på dette området.

Helsestasjonane i Knarvik, Ostereidet og Frekhaug vart samlokaliserte i Knarvik i 2025. Dette har gitt eit styrka fagmiljø med større profesjonsfellesskap, meir robuste tenester med betre ressursutnytting, høgare grad av fleksibilitet i tenestetilbodet, og eit godt grunnlag for tverrfagleg samarbeid og kvalitetsutvikling.

Barnehage

Barnehagane er ein del av den nasjonale satsinga Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Alver kommune har etablert prosjektet Universell pedagogikk knytt til denne satsinga, og samarbeider i dette arbeidet med Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo. Eit

berande element i prosessen er korleis tilsette med ulik kompetanse arbeider saman med felles mål om å byggje og styrkje ein likeverdig, raus og inkluderande praksis i barnehage og skule.

Fase 1 av prosjektet har hatt særleg fokus på barnehagane, og det har i 2024 og 2025 spesielt vore jobba med ulike alternativ for organisering av spesialpedagogisk tilbod i barnehagane i kommunen. Det vart vedteke at spesialpedagogane skal ha opphald i barnehagane i hele arbeidstida, og dette er gjennomført frå hauste 2025. Det har og vore arbeid med retningslinjer og rutinar, samarbeidsform i laget rundt barnet, og med implementering av ny organisering. Dette er og knytt til politisk bestilling om å sjå på organisering av det spesialpedagogiske tilbodet i barnehagane i Alver.

Dei kommunale barnehagane har og eit stort fokus på barns språkutvikling, og nyttar TRAS som kartleggingsverktøy for språk og grunnlag for prioriteringar i språkarbeidet. Dei kommunale barnehagane bortsett frå Marihøna arbeider med grunnlag i De Utrolige Årene (DUÅ), og har samarbeida om etablering av system for oppfølging av DUÅ-arbeidet i den einskilde barnehage. Som ein del av dette arbeidet har dei og innført Dinosauruskolen for førskulegruppa. Det vil bli arbeid for å implementere DUÅ i Marihøna barnehage også.

Våren 2025 vart det jobba med førebuing av samanslåinga av Austebygd og Bø barnehagar, og i august vart dei fleste barna flytta til Bø bhg. Det var gjort eit grundig førebuingssarbeid, og oppstart i ny barnehage har gått bra.

Deltaking i satsinga Inkluderande barnehage- og skulemiljø har også vore eit viktig arbeid i 2025 (to kommunale og ein privat barnehage). Fram mot avslutting av satsinga blir det jobba med overføring av kompetanse (dele kompetanse) til dei andre barnehagane i kommunen.

Frå hausten 2024 har Bø barnehage hatt ei eiga avdeling for barn frå asylmottaket ved Radøytunet på Marøy.

I 2025 har det vore arbeid med å innføre nytt barnehageadministrativt system for barnehagesektoren, samt nytt foreldrekommunikasjonssystem for dei kommunale barnehagane. Frå 1.1.26 nyttar vi no Visma Flyt.

Det er og starta planleggingsarbeid for rehabilitering og samanslåing av Prestmarka barnehage.

Skule

I prosjektet Universell pedagogikk, har vi i 2025 arbeida meir i fase 2 inn mot skule. Ved utgangen av 2024 låg det føre eit rammeverk og eit arbeidshefte for utvikling av felles pedagogisk praksis, kompetanseutvikling i kollegafellesskap og skildring av metodikk både for å sikre ein inkluderande praksis for alle barn og unge i kommunen og den einskilde sine rettar i høve til spesialpedagogisk hjelp og undervisning.

Det er skissert følgjande gevinstmål for prosjektet: Betre heilskap og koordinering, eit likeverdig tilbod i kommunen og betre ressursutnytting.

Rettleiarar frå Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo met deltok i prosjektmøter og gjennomførte intervju med representantar frå 5 skular og elevråd hausten 2024. Rapporten utpeika 5 område vi treng å sette fokus på vidare.

- Pedagogisk differensiering
- Utvikling av standarder/beste praksis
- Meir elevaktivitet i undervisningsmetodar

- Den autoritative vaksne, elevsyn og klasseleiing
- Nye rutinar for informasjonsflyt mellom tilsette

Vi samla tilsette til workshop og kompetanseheving i oktober 2024, og arbeida i rektormøte med dei fem områda. Fase 2 i skule fortset med gjennomføring og implementering i 2025 og vidare i 2026. Vi arrangerte ein felles planleggingsdag for alle tilsette i skulane i Alver i Knarvik arena den 7. november 2025. Veileidarane våre frå Oslo met og Institutt for spesialpedagogikk, foreleste med tema om kjenneteikn på eksternalisert og internalisert adferd hos elevar, vurdering av eigen praksis og korleis vi kan inkludere elevar med psykososiale vansker.

Ein stor del av dei kommunale grunnskulane er no med i den nasjonale satsinga decomp (desentralisert kompetanseutvikling. Samarbeidet med Lesesenteret som kompetansemiljø er sentrert rundt satsinga "Språk, lesing og skriving - barnehagar og skular med god praksis og likeverdig tilbod". Satsinga er organisert i fleire løp, der alle har ei felles prosjektgruppe, med også inndeling i ulike arbeidsgrupper.

Det eine løpet er at vi skal utarbeide ein kommunal strategi for arbeid med språk, lesing og skriving for barnehagar og skular. Det andre løpet er at alle barneskulane deltek i satsinga med fokus på eige arbeid med språk, lesing og skriving. Kvar skule skal, med god forankring hjå tilsette og tillitsvalde, arbeide fram eigne problemstillingar og målformuleringar, samt utvikle plan for og gjennomføre utviklingsarbeid på eigen skule. Skuleåret 2024/25 deltok åtte barneskular i dette arbeidet, og i 2025-2026 kom dei siste 4 barneskulane med.

Alver vaksenopplæring

Deltakarar i vaksenopplæringa er fordelt på om lag 39 nasjonalitetar. Den største gruppa kjem frå Ukraina.

Tal elevar vår 2025	Totalt 297
Tal elevar haust 2025	Totalt 262

Dei som treng førebunde opplæring i fag, men ikkje lenger har rett til til grunnskuleopplæring etter § 2-1, har rett til førebunde opplæring for vaksne. Ved Alver vaksenopplæring gir vi tilbod om 5 fag (norsk, engelsk, matematikk, samfunnsfag og naturfag). Vi gir og tilbod om realkompetansevurdering (§ 18-8). Opplæringa er bygd opp med 4 modular. På modul 3 og 4 vert det gitt talkarakterar. I tillegg har vi alfabetiseringsgruppe.

Vi underviser på ulike nivå i norskopplæringa (A1 / A2 / B1 / B2) og samfunnsfag. I tillegg til norsknivå, så deler vi gruppene inn etter utdanningsbakgrunn, som dei har med seg frå heimlandet. Eksamen og prøvar som blir gjennomført er

- Norskprøver 4 gonger i året (september, desember, mars, mai).
- Samfunnskunnskapsprøver og statsborgerprøve
- Grunnskuleeksamen

Drifta i vaksenopplæringa er prega av at tal elevar skiftar i løpet av året, nye klassar må opprettast og nytt lovverk implementerast. Dette stiller store krav til skulen i forhold til fleksibilitet og planlegging. Vaksenopplæringa har eit stabilt personale, og lærarar søker seg til skulen ved ledige

stillingar/planlegging av nytt skuleår.

Årsverk i vaksenopplæringa 2025: Vår: 11 Haust: 11,7

Frå 1. august 2024 blei førebunde opplæring for vaksne (FOV) innført som ein del av modulstrukturerte opplæring. Målsetjinga er å tilby fleksible, effektive og tilpassa opplæringsløp for vaksne deltakarar, og elevane i vaksenopplæringa får kompetansebevis for kvar modul som blir gjennomført. *Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse* har utarbeidd støtteressursar som vaksenopplæringa kan bruke i implementeringa.

Etter integreringslova som vart innført i 2021 er det krav om at tilsette som skal undervise vaksne skal ha 30 studiepoeng i norsk som andrespråk. Det blir gitt dispensasjon for dette kompetansekravet fram til 2029. Det er to tilsette i vaksenopplæringa som har tatt vidareutdanning i norsk som andrespråk i løpet av 2025.

Barnevern

Fagsystemet *Modulus Barn* vart fullt implementert i januar 2025. Modulus er ein del av den nasjonale DigiBarnevern-satsinga og er utvikla for å gi betre kvalitet, oversikt og effektivitet i saksbehandling og kommunikasjon. Systemet inneheld integrerte funksjonar for dokumentasjon, aktivitetsplanar, varslingar og kvalitetssystem frå Bufdir, samt automatisert dataflyt og betre støtte for rettleiing av tilsette gjennom standardiserte arbeidsprosessar.

Innføringa har vore krevjande, men dei tilsette har tatt i bruk løysinga på ein konstruktiv måte. Stabilisering og vidare opplæring vil vere sentrale fokusområde også i 2026, i tråd med nasjonale anbefalingar for digitalisering av barnevernet.

Tenesta gjennomførte ikkje brukarundersøking i 2025, men planlegg gjennomføring våren 2026. Brukarundersøkingar er ein viktig del av kvalitetsarbeidet og samsvarer med statlege føringar om å styrke brukarmedverknad og openheit i barnevernet..

I tillegg viser *Barnevernsbarometeret 2025* at barnevernstenestene nasjonalt opplever ein auke i kompleksitet og behov for tidlegare innsats. Dette gjeldt og for Alver barnevernsteneste.

Tenesta leverte tilstandsrapport for 2024 til kommunestyret i januar 2025, i tråd med krav i barnevernslova § 15-3 om årleg rapportering til kommunestyret. Tilstandsrapporten skal gi oversikt over status, risikoområde og utviklingstrekk, og danna grunnlag for strategisk styring og prioritering..

Nasjonale rapportar viser at barnevernet står i fleire strukturelle utfordringar som også påverkar lokale tenester. Riksrevisjonen peikar på kapasitetsutfordringar, aukande sakskompleksitet og manglande tiltak, som til dømes fosterheimar og akutttilbod innanfor geografisk nærleik. Over ein tredel av barnevernstenestene vurderer si kapasitet som dårleg eller svært dårleg, noko som understrekar behovet for robuste team og klare prioriteringar lokalt.

Desse funna samsvarer med utviklingstrekk som òg påverkar vår teneste og må følgjast nøye opp.

Barnevernstenesta har i 2025 gjennomført vesentlege utviklingssteg, inkludert:

- lukka pålegg etter tilsyn
- implementering av moderne og framtidsretta fagsystem
- styrking av kvalitet og systemstøtte ved tilsetjing av juridisk kompetanse.
- levering av lovpålagd tilstandsrapport

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

PPT har i løpet av 2025 deltatt i prosjekta Universell Pedagogikk og Språk, lesing og skriving (SLS) samt deltatt i pulje 8 gjeldande Trygt og godt leike- og læringsmiljø. PPT har bidratt med fagleg innslag i samlingar for skule- og barnehagetilsette med fokus på Leike- og læringsmiljø (Team Læringsmiljø). Vidare har PPT gitt opplæring til personalet i to barnehagar i De Utrolige Årene (DUÅ).

PPT har leia og levert foreldrerettleiingskurs (COS, liP) som er i drift etter avslutting av prosjektet Universell Foreldrerettleiing. Invest in Play (liP) byggjer på same prinsipp som tidlegare DUÅ. Tre tilsette har gjennomført opplæring i liP via RKBU. "Kollegarettleiar i Marte Meo rettleiingsmetodikk" er i drift, og Marte Meo metodikken vert og nytta i samband med foreldrerettleiing.

Vidare har PPT bidratt med kompetanseheving til skular via drift av digitale profesjonsfellesskap knytt til ny opplæringslov. Samt utarbeida digital film med tema "Alternativ supplerande kommunikasjon" og "Teljestrategiar" i tillegg til tidlegare produksjon av "Bruk av teikn som støtte" og "Den autoritative vaksne". Dette tilbodet er tilgjengeleg, og i bruk, både for barnehage og skule.

Deltaking i prosjekt med Statped "Refleksjonsverktøy i inkluderande praksis" vart gjennomført i ein barnehage og på ein skule. I tillegg til at PPT gjennomførte intern opplæring saman med Statped. PPT har også over tid fått rettleiing frå Statped knytt til enkeltsaker, der kompetanseheving på systemnivå er del av målsettinga.

Av kompetansetiltak for tilsette som er gjennomført i 2025 kan nemnast vedlikehald av spesialiseringa (psykologar). I juni reiste dei fleste tilsette til Storefjell på fagleg samling som er godkjent både for psykologar og pedagogar. Her deltok ein på kurs: Korleis skape helsefremjande barnehager og skular? - som førebygg mobbing, mistrivnad og skulefråver. Og korleis handterer skulemiljø-, fråværsaker og eit utfordrande samarbeid.

Delar av logopedgruppa deltek i nasjonalt nettverk for kompetanseheving kring Parkinsons sjukdom, og er i gang med å prøve ut ny metodikk i oppfølging av denne brukargruppa. PPT deltek i fleire nettverk knytt til bruk av Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK), både kommunalt, interkommunalt og knytt opp mot helseforetak. PPT opplever eit aukande tal tilvisingar knytt til vaksne som har behov oppfølging frå logoped i form av vurdering, opplæring og rettleiing. PPT har gjennom året delteke på ei rekke kurs og fagdagar knytt til ulike fagområde innunder tenesta. Døme: Selektiv mutisme, taleflytvanskar, downs syndrom, norsk dysfaginetttverk, ASK (alternativ supplerande kommunikasjon). I samband med det sakkunnige arbeidet, har PPT tatt i bruk CELF-5, og delteke på opplæring knytt til bruk av dette verktøyet.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Tenestekområde	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
600-Oppvekst stab	262 117	37 654	36 392	1 263	3,4 %
601-Tilskot Barnehagar	0	255 280	254 959	322	0,1 %
610-PPT	20 119	22 581	21 923	659	2,9 %
620-Skule	470 406	485 473	490 441	-4 968	-1,0 %
640-Barnehage	92 302	96 581	99 275	-2 694	-2,8 %
650-Barnevern	83 094	101 752	98 682	3 071	3,0 %
660-Helsestasjon og Jordmor	23 094	25 526	23 982	1 544	6,0 %
Sum	951 132	1 024 848	1 025 652	-804	-0,1 %

Kommentar til status økonomi

Sektor oppvekst har eit samla meirforbruk på 800 000 kroner i 2025.

Det er tenestekområda barnehage og skule som har eit meirforbruk ved årsslutt, medan dei andre tre tenestekområda har eit mindre forbruk.

Status økonomi ved utgangen av desember er presentert i tabellen over, og i det følgjande blir det gitt ei kortfatta skildring av faktorar som har verka inn på resultatet.

Stab oppvekst - mindreforbruk på 1,3 millionar kroner: Grunna høgare inntekt enn budsjettert for barnehagebarn busett i andre kommunar samt utgifter for gjesteelev.

Tilskot barnehagar - mindreforbruk på 300 000 kroner: Grunna lågare utbetaling til styrking i barnehagane enn budsjettert.

PPT - mindreforbruk på 660 000 kroner: Mindreforbruk på lønn grunna manglande tilgang på vikar ved sjukefråvær og vakansar.

Skule - meirforbruk på 5 millionar kroner: Grunna meirinntekt på vaksenopplæringa på 3,5 millionar kroner, avvik lønn 3 millionar kroner, leirskule 1,5 millionar kroner og bruk av alternativ opplæringsarena 1 million kroner. Utgifter til kjøp av møblar ved to skular er overført til investeringsbudsjettet, grunna samla sum på 600 000 kroner.

Barnehage - meirforbruk på 2,7 millionar kroner: Grunna 1,15 millionar kroner i vedtak til spesialpedagogisk hjelp og meirforbruk på lønn knytt til sjukefråvær og bruk av vikar.

Barnevern - mindreforbruk på 3 millionar kroner: Grunna mindreforbruk i forhold til budsjetterte utgifter for besøksheim og fosterheim.

Helsestasjon- og jordmortenesta - mindreforbruk på 1,5 millionar kroner: Grunna høg refusjon for sjukefråvær og lite bruk av vikar.

Internkontroll og HMS i sektoren

Internkontroll

Sektoren sitt internkontrollsystem inngår i kommunen sitt kvalitetssystem, som femner om styringsdokument og rutinar, avviksbehandling, risikovurdering, årshjul, sjekklister og oppfølging.

Oppvekst har i 2025 halde fram arbeidet med med praktisk gjennomføring av risikovurderingar, og det er gjennomført fleire ROS-analysar (risiko- og sårbarheitsanalysar). Det har vore jobba grundig med HMS-ROS både på teneste- og einingsnivå, og mange einingar har deltatt i ROS-verkstader som har vore gjennomført i regi av kommunen. På ROS-verkstaden er til tilbod om støtte til praktisk bruk av ROS-modular i kvalitetssystemet samt innhald i konkrete vurderingar av risikoområde.

Dei siste to åra har einingane etablert ein felles praksis i forhold til risikovurderingar, og det er gjennomført mange risikovurderingar i forhold til HMS, vald og trugslar på arbeidsplassen og omstilling. I tillegg har einingane gjennomført store og små risikovurderingar knytt til lokale tema og vurderingspunkt. Samla sett har det vore ei stor forbetring i forhold til tidlegare praksis, og i større og

større grad blir vurderingane gjennomført ved bruk av kvalitetssystemet og dei tilgjengelege malane vi finn der.

I samarbeid med bedriftshelsetenesta har det vore jobba vidare med samarbeidsplan på avdelingsnivå og samarbeidsplan på sektornivå. Dette er ein arbeidsprosess som skal rullerast årleg, og inngår i det systematiske HMS-arbeidet i kommunen. Arbeidsmiljøutval både på kommunenivå og lokalt ute på avdelingane er involvert i arbeidet.

Tenesteområda jobbar med å redusere sjukefråværet, og fleire avdelingar har hatt samarbeid med NAV og bedriftshelsetenesta (Salutis) i forhold til innsats for å redusere sjukefråværet. I tillegg har det vore eit stort fokus på det kontinuerlege samarbeidet i lokale arbeidsmiljøgrupper.

Også i 2025 har sektoren hatt ymse tilsyn i regi av Statsforvaltar, Arbeidstilsynet og i eigenregi.

Barnevernstenesta fekk tilsyn av Arbeidstilsynet i januar 2025. Tilsynet vart gjennomført med fokus på arbeidsmiljø, internkontroll og etterleving av plikter etter arbeidsmiljøregelverket. Alle avvik og pålegg frå tilsynet er lukka, og tenesta har styrkt si internkontroll for å sikre føreseielege og trygge arbeidstilhøve. Dette er i tråd med Arbeidstilsynet sine prioriteringar for 2025, der dei legg særleg vekt på førebygging av arbeidsrelatert sjukdom og skjerpa reaksjonar ved alvorlege brot.

Tenesteområde skule har hatt tilsyn i regi av Statsforvaltaren i 2025, knytt til privat grunnskuleopplæring i heimen og kunngjering av lokale forskrifter i Norsk Lovtidend (Lovdata). Skuleeigar har følgd opp pålegga frå Statsforvaltaren og begge tilsyna er lukka.

I tillegg har kommunen som barnehagemyndede gjennomført tilsyn i barnehagar.

Tenestene har jobba systematisk og godt med oppfølging av tilsynsrapportar og å endre praksis der vi har fått avvik eller pålegg om retting. Det er stor vilje til å dele erfaringar på tvers i sektoren, slik at læring som er kome fram gjennom eit tilsyn på ein arbeidsplass kan kome andre avdelingar til nytte. Dersom kommunen til dømes får avvik i eit tilsyn ved ein skule eller i ein barnehage, blir denne erfaringa delt med dei andre, slik at vi kan ta med oss læring frå eit tilsyn over til fleire avdelingar.

Med utgangspunkt i den nasjonale beredskapssituasjonen har det vore jobba med risikovurderingar og beredskapsplanar knytt til eventuelle alvorlege hendingar eller situasjonar som vedkjem tenestetilbodet til barn og unge i kommunen. Saman med ressurspersonar for beredskap i Alver kommune er det gjennomført øvingar og gjennomgang av moglege risikosituasjonar med tiltaksplan/beredskapsplan for oppfølging. I 2025 er det hovudsakleg leiargruppa i oppvekst som har vore involvert i desse øvingane, men dette vil bli utvida til å gjelde for einingsleiarar også i 2026. Knytt til øvingane blir det også fokusert på revisjon av beredskapsplanar og tiltakskort.

Det er behov for gjennomføring av risikovurdering i forhold til bruk av digitale flater og kunstig intelligens i oppvekstsektoren, og dette er eit prioritert område frå januar 2026.


Samfunnsutvikling

Beskriving av tenesteområde

Sektoren er delt inn i tenesteområda Brann og redning, Kultur, Egedomsforvaltning, Drift og vedlikehald, Arealforvaltning, og Plan og utvikling. Tenesteleiarane inngår i leiargruppa til kommunalsjef for Samfunnsutvikling.

Sektoren sitt arbeidsområde omfattar ansvar for utvikling, forvaltning og drift av den kommunale egedomsmassen, vegar og VA-anlegg. Saksbehandling og forvaltning av plan- og byggesaker, kart og oppmåling, landbruk, natur, miljø og forureining er også sentrale område i sektoren.

Samfunnsutvikling har overordna ansvar for strategisk areal, samfunns- og næringsutvikling i Alver kommune. Arbeidet blir prioritert gjennom planstrategi, kommuneplan og andre strategiske planar - som danner grunnlaget for prioriteringar i økonomiplanar og verksemdsplanar.



Ansvar og hovudoppgåver

Plan og utvikling :

Våren 2025 var det ei omorganisering på tenesteområde plan og utvikling. Ressurser knytt til plansakbehandling (private planer) og ein ressurs frå GIS vart overført til plan og utvikling frå arealforvaltning.

- Tenesteområdet har ansvaret for kommunen si overordna planlegging, prioritert gjennom vedtatt planstrategi.
- Ansvar for å gjennomføre og leie prosessar med kommuneplan, kommunedelplanar, områdeplanar og temaplanar. Dette gjeld for alle planar innan samfunn, areal og fag (Døme: kommunedelplan for barnehage og skulebruk).
- Fagområdet jobbar med utgreiingar og mogleighetsstudiar som grunnlag for planprosessar og avgjerder.
- Ansvar for saksbehandling av reguleringsplanar
- Rettleiing til innbyggjarane i plansaker
- Leverer statistikk og strategiske analyser til heile organisasjonen, som sikrar at kommunen har oppdaterte tal og analyser som grunnlag for ulike prosessar.
- Drift og vedlikehald av kommunen sine kart og geodatabasar
- Oppgåver knytt til næring og utvikling ansvar for samfunnsutviklingsoppgåver knytt til næringssaker og strategisk samfunnsutvikling.

- Miljøløftet

Kultur

- Tenesteområdet er organisert på følgende vis:
 - Alver kulturskule
 - Alver bibliotek
 - Ung Alver
 - Idrett og friluftsliv
 - Frivillighet
 - Fagstab kultur
- Alver kulturskule gir undervisning til kring 770 elevar rundt i heile kommunen, i tillegg til direksjons- og instruksjonstenester til ti skulekorps. Kulturskulen har si hovudvekt på Manger, Frekhaug og i Knarvik, i tillegg til desentralisert undervisning på skular i kommunen. Kulturskulen gir individuell og gruppeundervisning innan ei rekke disiplinar, og har fokus på læring, formidling, meistring, framføring og utvikling av nye tilbod. Tilbod i 2025 har vore innan dans, drama, visuell kunst, piano, slagverk, treblås, messingblås, musikkproduksjon, band, bassgitar, fiolin, trekkspill, sang, grunnopplæring/kultursirkel, samt vaksentilbod/habilitering. Kulturskulen har ei distriktsmusikarstilling som er delfinansiert av Vestland fylkeskommune
- Alver bibliotek består av fire bibliotekavdelingar, på Manger, Frekhaug, Lindås og i Knarvik. Biblioteka huser eit stort utval bøker, medier og tilbod, og har fokus på formidling, arrangement, samtalar, barn og ungdom. Bokbusstenesta vart formelt avvikla i 2025.
- Ung Alver drifta i 2025 ungdomsklubbar på Manger, Frekhaug, Lindås, Ostereidet og Alversund, samt juniorklubbtillbud i heile kommunen. Salto på Knarvik senter vart organisert til UngAlver i 2025. Avdelinga driftar aktivitetstilbod i ferie, open hall, UKM, ulike arrangement og konsertar, og jobbar heilskapleg for barne- og ungdomsmiljøa i ungdomsskulekrinsane, i samarbeid med frivillige og offentlege aktørar. Eininga har tett samarbeid med skule, idrett, sosiale tenester og helsevesenet, i tillegg til politiet. Ung Alver har ansvar for MOT, sekretærfunksjon for ungdomsrådet og barn og unges representant.
- Idrett og friluftsliv jobbar med idretts-, friluftsliv- og anleggsutvikling, tildeling av tid i kommunale bygg og anlegg, tilsyn i hallar og badetilbod, samt drift av BUA Manger, Knarvik, Rossland og Lindås. Eininga samarbeider tett med eigedom og drift og vedlikehald om drift av idretts- og friluftsanlegga i kommunen.
- Frivillighet driftar Alver frivilligsentralar, som ligg på Manger, Frekhaug og i Knarvik, og integreringsarbeid i lagmed NAV, mellom anna språkverkstaden som er del av den obligatoriske språkopplæringa for busette flyktningar.
- Fagstab kultur driftar og prosjektutviklar innan kulturbygg, friluftsliv, kulturvern, musikk, scene og kunst, den kulturelle skulesekken og spaserstokken.

Brann og redning (Nordhordland brann og redning)

- Tenesteområdet brann og redning er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane i Nordhordland. Samarbeidet blir kalla Nordhordland brann og redning (NHBR)
- Tenesteområdet består av tre avdelingar:
 - Operativ eining
 - Førebyggjande eining
 - Feiing og bustadtilsyn
- Operativ avdeling har ansvar for akutt beredskap ved brann og ulykker. Hovudstasjonen ligg i Alversund, i tillegg til 4 andre stasjonar på Manger, Mastrevik, Lindås og Mo i Modalen. I tillegg til depo på Kaland og Øvre Helland.

- Førebyggjande avdeling er eit interkommunalt samarbeid med 6 andre kommunar (NGIB). Hovudoppgåvene er førebyggjande arbeid innan brann og trafikktryggleik, tilsyn og forvaltning etter §13 i brannlova.
- Avdeling feiing og bustadtilsyn driv med feiing og bustadtilsyn på bustader og fritidsbustader i tillegg til informasjon og haldningsskapande arbeid. Ansvarsområde er kommunane Alver, Austrheim og Modalen.

Eigedsforvaltning

Tenesteområdet Eigedsforvaltning har ansvaret for utvikling og forvaltning av eigedomsmassen til kommunen; både kommunale bygg, bustader, vegar, plassar, idrettsanlegg, grøntanlegg, kaiar, vatn- og avløpsanlegg. Tenesteområdet består av følgjande avdelingar:

- Eigedom
- Veg, vatn og avløp
- Bustadkontoret
- Investeringsprosjekt

Eigedom

Avdelinga har ansvar for forvaltning av all kommunal bygningsmasse; skular, barnehagar, omsorgsbygg, administrasjonsbygg, bustader og andre bygg og kommunale anlegg. Total bygningsmasse er på cirka 200.000 m².

Kjøp og sal av kommunale eigedomar ligg også til denne avdelinga.

Veg, vatn og avløp

Avdelinga har ulike arbeidsoppgåver knytt til samferdsle, veg og VA som temaplaner, førebu investeringsprosjekt, reguleringsplansaker, veglys, avkjørslesaker, asfaltprogram, graveløyve,

Investeringsprosjekt

Avdelinga gjennomfører bygg- og anleggsprosjekt, samt prosjekt innan veg, vatn og avløp. Fleire av prosjekta er i samarbeid med statlege eller fylkeskommunale verksemder, samt private aktørar.

Prosjektavdelinga styrer etter vedtatt investeringsbudsjett og andre prosjektvedtak.

Bustadkontoret

Avdelinga har i hovudsak følgjande oppgåver:

- Tildeling av gjennomgangsbustader
- Startlån
- Bustøtte
- Tilskot til ombyggingar i bustader.
- Kjøp og sal av kommunale bustader

Drift og vedlikehald

Drift og vedlikehaldet operativt nivå for forvaltning for å ta i vare eigedomsmassen i kommunen. Drifte og vedlikehalde bygningar, VA-anlegg, veger, idrettsanlegg, plassar, grøntanlegg, bustader. Vaktmeister- og reinhaldstenester. Teknisk vakt og beredskap. Det er også ein sektorovergripande stilling som fagansvarleg for felles biladministrasjon.

Avdelingar og fagområda under drift og vedlikehald er delt inn i tre avdelingar og felles fagområde bil administrasjon.

Bygg, anlegg

- Drifte alle kommunale bygg og bustader og idrettsanlegg/svømmebasseng, med tilhøyrande parkeringsplassar og grøntanlegg
- Drive vedlikehald i tråd med fastlagte planar (v/eigedomsforvaltning)
- Drive tilgangskontroll, nøkkelsystem
- Reparere og rehabilitere ved skader eller akutte behov for bygningsmessige tiltak
- Drive ombyggings- og oppussingsarbeid som tenestene har behov for
- Oppgradere og istandsette bustader ved inn- og utflytting
- Drive ordresystem for interne oppdrag / vaktmestertenester knytt til tenestene sine behov for ulike tiltak på bygg og anlegg
- Bidra i diverse flytteprosessar
- Bidra med å rigge til ulike arrangement i kommunale lokale
- Bidra med driftskompetanse i investerings- og utbyggingsprosjekt
- Drive forebyggjande brannvern i samarbeid med brannvesenet
- Beredskap ved hærverk, brann, ulykker på bygg og anlegg. Vaktordning.

Veg vatn og avlaup

- Beredskap
- Investeringsprosjekt teknisk fagstøtte
- Drifte og vedlikehalde alle kommunale vassverk, kloakkrenseanlegg, pumpestasjonar, ledningsnett og andre tekniske innretningar, vakt og beredskap ved lekkasjer eller utslepp.
- Drifte alle kommunale veger, parkeringsplassar (samferdselsanlegg), kaiar, bruer og gangveger
- Bistå kyrkjeleg fellesråd med drift av kyrkjegardar ved behov
- Drive sommarvedlikehald veg (grøfterensk, halde stikkrenner, koste, lappe hol, sikre murar og kantar, reinske vegetasjon, fjellsikringsarbeid, skilt oppsetting og -vedlikehald, tømme sandfang)
- Drive vintervedlikehald veg (brøyting, strøing, salting)
- Vaktordning for kommunale veger, plassar,bygninger og VA-anlegg
- Bidra med driftskompetanse i investerings- og utbyggingsprosjekt
- Kontroll på utstyrs- og maskinpark
- Handtere garantiar og reklamasjonar etter utbyggingsprosjekt

Reinhald

- Alle reinhaldsoppgåver i alle kommunale bygg og anlegg og vaskeritenester ved sjukeheimane; i hovudsak for bebuarane.
- mobilitetsreinhald ()

Biladministrasjon

- Felles biladministrasjon har ansvar for store deler av bilparken til kommunen med arbeidsoppgåver mellom anna kjøp, sal, leasing, reparasjonar, service og dekkskift, forsikringar og oppgjær etter skade og generelle tiltak for å redusere kostnader til bilhald.

Maskiner og utstyr

- felles maskinpark med arbeidsoppgåver mellom anna kjøp, sal, leasing, reparasjonar, service og mekanisk arbeid, forsikringar og oppgjær etter skade og generelle tiltak for å redusere kostnader til Maskinparken til Alver kommune. Både for forbetra levetid og reduserte kotnader.

Elektro

Elektroavdelinga sørgjer for at alle kommunale bygg har trygge og stabile elektriske installasjonar. Elektroavdelinga bidreg med;

- Rådgiving til andre einingar
- Prioritering av akutte feil.
- Oppfølging av serviceavtalar.
- Koordinering av eksterne entreprenørar
- Skular, barnehagar og sjukeheimar
- Idrettsanlegg og kulturbygg
- Rådhus og administrasjonsbygg
- Teknisk infrastruktur som vassverk og avløpsanlegg
- Periodiske kontrollar
- Feilsøking og reparasjonar
- Utsifting av komponentar som tavler, kablar, sikringar og lysarmatur

Fordi mange kommunale funksjonar **må** fungere 24/7, har elektroavdelinga ansvar for:

- Naudstraumsaggregat og UPS-løysingar
- Overvaking og alarmer
- Elektriske system på vassbehandling, pumpestasjonar og renseanlegg

Dette er kritisk for robustheit i både kvardagsdrift og hendingar/kriser.

Arealforvaltning

Tenesteområde Arealforvaltning omfattar forvaltning og saksbehandling som er retta ut mot grunneigarane i kommunen. Dei sentrale ansvarsoppgåvene for Arealforvaltning er:

- saksbehandling av bygge-, dele og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova
- oppmålingsforretningar, andre saker etter matrikkellova
- føring av matrikkeldata og felles kartdatabase
- landbruksforvaltning innanfor konsesjonslov, jordlov, tilskotsforvaltning og næringsutvikling innanfor landbruk
- tilsyn etter plan- og bygningslova og oppfølging av ulovleg bygging
- tilsyn og forvaltning etter forureiningslova

- rettleiing til innbyggjarane våre

Oppmålingseininga gjennomfører oppmålingsforretningar etter at det er gjort vedtak om frådeling av eigedom, endring av eigedomsgrenser m.m. Annan sakshandsaming etter matrikkellova, lov om eigarseksjonar og adressering.

Miljø og byggjesak har og ansvar for handsaming av klager på vedtak innanfor alle fagområde under Arealforvaltning. Eininga har også oppfølging av forureiningssaker, frå mindre utslepp frå private bustadar til båtvrak og saker som gjeld mogeleg forureining frå næringsverksemd. I tillegg følgjer eininga avdelinga opp ulovlege tilhøve etter plan- og bygningslova i samsvar med vedtatt tilsynsstrategi.

Landbruksavdelinga har ansvaret for den kommunale landbruksforvaltninga i Alver, Austrheim og Modalen. Det er 479 aktive gardsbruk med husdyrhald og/eller fôrproduksjon i Alver kommune. Alver er ein av dei største landbrukskommunane i Vestland fylke.

Nær alle dei 2500 landbrukseigedomane i Nordhordland har skog. Det har vore ei storstilt skogplanting i Nordhordland og no vert det hogd store kvantum av gran kvart år. I det moderne skogbruket krev dette gjennomføring av store skogsvegprosjekt.

Nøkkeltal for sektoren

Oversyn over den samla eigedomsmassen

	Areal	Volum, stk
Undervisningsbygg (inkl. Myking, Kløvheim og Austebygd skule)	Ca. 83.000 m2	22
Barnehagebygg (inkl. Austebygd barnehage)	Ca. 8.000 m2	7
Administrasjons- og driftsbygningar, medrekna Alversund gamle skule og gamle Kolås barnehage	Ca. 36.000 m2	
Helse- og institusjonsbygg	Ca. 22.000 m2	14
Idrettsbygg	Ca. 18.000 m2	
Kulturbygg, inkl naust og muséumsbygg (bygningsvern)	Ca. 5000 m2	
Formålsbygg til saman	Ca. 172.000 m2	
Kommunale bustader	Ca. 30.800 m2	366
Leikeplassar og nærmiljøanlegg		45-50

Tal abonnentar vatn og avløp

Tema	Tal	Endring sidan oktober 2023
Abonnentar vatn	11 945	181
Abonnentar avløp	8 046	173

Veg

Tema	Volum
Kommunal veg	343 km
Bruer	46 stk
Kaier	26 stk

Arealforvaltning

Tema	Volum, stk
Mottatte byggesøknadar	340
Vedtak i bygge- og delesaker (alle typer vedtak)	541
Førehandskonferansar	94
Seksjoneringssaker	19
Mottatte oppmålingsforretningar	74
Handsama oppmålingsforretningar	51
Klagesaker, handsama etter pbl, matrikkel og seksjonering	59
Aktive gardsbruk	471
Vedtak om skogsvegar	5
Konsesjonssaker	12
Jordlovssaker	18

Kultur

Tema	2025
Elevplassar Alver kulturskule	783
Undervisningstimar	6 944
Tal på timar selde til skulekorps	2 745
Elevplassar med redusert eigenbetaling	32
Elevplassar med moderasjonar	188
Undervisningslokale	24
Tal på disiplinar og tilbod	30
Besøktal Alver bibliotek.	81 060
Aktive lånarar	5 434
Utlån	78 046
Tal på arrangement og -besøk	310 / 5 434
Tal media	108 138
Tal e-media (bestand/lisensar)	52 294
Digitale utlån	25 210
Besøktal ungdomsklubbar Ung Alver	29 890
Besøktal SALTO	4259
Deltakarar ferieaktivitetar	11 750
Elevar som deltek i MOT / tal på øktar	1470 / 270
Registrerte organisasjonar og samanslutningar i Alver foreningsportal	701
Språkverkstaden - deltakarar obligatorisk språktrening introduksjonsprogrammet	110
Ordinære idrettsanlegg idrett/friluftsliv i kommunal eige	28
Areal til utleige	37 bygg, 118 rom
Besøkande Radøyhallen svømmehall (eksl. skule)	7 592

BUA utlånte utstyrseiningar	6 678
Tildelte spelemidlar idrett og kultur	9,3 mill
Tildelte tilskot inn til Alver kommune, kultur og idrettsformål	4,574 mill
Salsinntekter	4,930 mill
Utdelte tilskot til kultur og idrettsformål	7,688 mill
Tilsyns- og driftsavtalar i 2024	7
Tal hendingar Meieriet Frekhaug	276
Deltakarar Den kulturelle skulesekken og spaserstokken (kommunal del)	4 676 / 1 445
Manger bygdekino	1 027
Turpasseringar Byngja/Sjøbua (januar - mai)	13 142
Turpasseringar Vardebu/Kolås	23 171
Turpasseringar Eldsbu, Eldsfjellet (april - desember)	13 737

Utfordringar og utvikling

Brann og redning (Nordhordland brann og redning, NHBR)

Arbeid med å konkretisere og prioritere tiltak etter brann ROS, beredskapsanalyse og forebyggjandeanalyse fortsatte i 2025. Vi iverksatt nokre konkrete tiltak frå analysen for å lukka enkle avvik. Tiltaka er lite kostbare og innanfor den økonomiske ramma for 2025. Eksempel på tiltak er større fokus på risikoutsette grupper (førebygging), flytting av framskutt enhet mot Frekhaug (der det lar seg gjera utan endring i vaktorganistring) og etablering av strategisk leiarnivå (vakthavande brannsjef). Arbeidet med kvalitetssikring av analysen (ekstern aktør) og forslag til prioritering av fleire tiltak fortsetter i 2026.

Etter kartlegging og anbefalingar frå PwC 2024, vart det i 2025 vedtatt omorganisering av operativ avdeling (nå eining). Dette grunna for stort kontrollspenn for avdelingsleiar (ca 110 stk). NHBR fikk tilført midlar til ein ny stilling juni 2025 (tertial). I tillegg blei ledig heimel omprioritert slik at vi fikk organisert operativ avdeling etter anbefaling frå PwC. Arbeidet blei slutført haust 2025 med verknad frå februar 2026.

Øvingar

Øvingar blei fullført som planlagt. Alt mannskap skal øva 40 timar pr. år og øvingane skal innehalda oppgåver/ferdigheiter som ein treng ved aksjonar. Øvingane vart i stor grad leia av utrykkingsleiarane men det vart og gjennomført øvingar/kurs med instruktørar frå andre brannvesen (td Grenland brann og redning). Fokus skog og lyngranner. I tillegg har utrykkingsleiarane og Innsatsleiarane fått auka kompetanse på leing av skadestaden (7 trinnsmodellen/ELS).

Oppdrag/aksjonar

Det har vore ein liten auke i tall uttrykkingar i NHBR i 2025. Vi hadde totalt 544 oppdrag i vårt ansvarsområde. Det har dessverre vore ei auke i brann i bygningar i 2024 og 2025. Dette er ein nasjonal utvikling og mange av brannane/brann-tilløpa er knytt til risikoutsette grupper.

Vi har eit stort antall helse-oppdrag også i 2025. Dette skuldast i all hovudsak at vi bistår Nordhordland legevakt med legebilkjøring når dei har behov. Dette vert utført på rekning (ikkje økonomisk belasta NHBR).

Innkjøp 2025

Kjøp av ny Innsatsleiarbil til NHBR blei forsinka og ikkje levert innan avtalt tid i 2025. Bilen blir kjøpt og bygd i 2025 og levering er no flytta til Q1 2026. Forseinkinga skuldast eksterne forhold som vi ikkje rår med.

Ein eldre bilpark (store bilar) har medført nokre større kostnader til reparasjoner. Det er forventa å fortsetta så lenge bilparken er av eldre årgang.

Førebyggjande arbeid - NGIB

Arbeidet til NGIB har i 2025 vært noko lågare enn ønskeleg. Dette skuldast redusert bemanning i delar av året (vår 2025). Konsekvens er noko lågare tal tilsyn.

Samarbeid med helse- og omsorgs etatane i kommunane er fortsatt prioritert slik at ein når risikogrupper og individ på ein god måte. Undervisning mot barn og unge i 6 og 7 trinnet gjekk som normalt.

Det er søkt om skjønnsmlar frå Stadsforvaltar med mål om å større fokus på "randsoneproblematikk" i samarbeids kommunane. Det er store forventningar knytt til dette prosjektet. Får ein søkte midlar (kr. 1 500 000.-) vil ein også begynna arbeidet med eit KI basert prediksjonsverktøy brukt i forbindelse med brannar i terreng og forureining til sjø/luft.

Feiing og bustadtilsyn (F/B)

Feiing og bustadtilsyn har hatt betydelig redusert kapasitet i 2025. Dette har påverka produktiviteten og har gitt lågare tall tilsyn og feiingar. Arbeidet med å tilsetja nye brannførebyggjarar starta vår 2025 utan hell (ikkje kvalifiserte søkjarar). Vi gjord eit nytt forsøk på rekruttering (2 stk) haust 2025, da også utan hell (få kvalifiserte søkjarar/lønnsnivå Alver). Arbeidet med rekruttering i ledige heimlar blir prioritert i 2026.

Plan og analyse

Tenestoområde arbeider med offentlege planer og prosjekt. Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er eit omfattande arbeid som krev store ressursar innan tenestoområde og aktiv deltaking frå andre fagområder da særleg arealforvaltning.

Tenestoområdet har hatt redusert bemanning, da vakante stillingar ikkje har blitt lyst ut. Dette gjer at vi har brukt konsulent til ein del oppgåver.

Drift og vedlikehald

Drift- og vedlikehaldsområdet har i 2025 framleis hatt ein stor del av arbeidet knytt til beredskap og samfunnsskrittiske funksjonar. Det har i løpet av året kome fleire nye krav og endringar frå blant anna Mattilsynet, DSB og NSM, som vi har implementert i tenestene våre. Det same gjeld krav innan IKT-sikkerheit og sikring av samfunnsskrittisk infrastruktur, som òg er i endring og krev kontinuerleg tilpassing.

Gjennom 2025 har vi på fleire av fagområda våre samarbeidd tett med samfunnssikkerheit og beredskap internt i kommunen, samt med både Forsvaret og politiet. Dette har resultert i oppdaterte rutinar, nye avtalar og vidareutvikling av eksisterande praksisar. Målet har vore å styrkje evna vår til å handtere både kvardagsdrift og ekstraordinære hendingar.

Fleire område har hatt særskilt merksemd dette året. Dette gjeld mellom anna kritiske samfunnsfunksjonar og -objekt, trygg handtering og lagring av sensitiv informasjon, samt oppgraderingar av teknisk drift. Vi har gjennomført utskifting og oppgradering av utstyr, som kamera og låsesystem ved vassverk, for å auke beredskapen og kvaliteten på overvaking og sikring. Det er òg gjennomført kartleggingar og kontroll av tilfluktsrom, inkludert vurdering av innhald og funksjon. Vidare har vi prioritert oversikt og kontroll av naudstrømsaggregat og tilhøyrande tilkoplingspunkt, som er kritisk for kontinuitet i tenestene.

Som ein del av den generelle tryggleikssituasjonen og uroa internasjonalt, har vi òg styrkt sikringstiltaka innan særleg viktige VA-område. Dette omfattar investeringar i sikringsutstyr som adgangskontroll, personellkontroll, gjerder, kamera og liknande. Installering og idriftsetjing av dette utstyret er i gang. Styrkt infrastruktur og betre sikringstiltak er nødvendig for å sikre høg grad av trygghet og beredskap, samt for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestene under ulike forhold. Vi må i større grad enn tidlegare vere førebudde på raske endringar og potensielle kriser, mellom anna som følgje av den geopolitiske situasjonen i Europa.

I tillegg har vi etablert to nye tenestemråde innan drift og vedlikehald i 2025. Dette er eit tiltak for å sikre betre budsjettkontroll og økonomistyring i einingane. Det er oppretta ei eiga teneste for maskiner og utstyr (7202), samt at elektro (7203) er skilt ut frå teneste 7240 Bygg og anlegg. Endringane er gjennomført for å gi meir presis budsjettoppfølging, betre styring og tydelegare rapportering.

Eigedomsforvaltning

Forvaltninga vil fokusere på optimalisering av bygningsmassen og infrastruktur generelt, søke samarbeid med utbyggarar og planlegge for energieffektivisering.

Det jobbast med systematisk vedlikehald av bygga og anlegga våre. Alle bygg og anlegg er sett inn i ein vedlikehaldsplan, med ein syklus på fire år. Vedlikehaldsplanen inneheld oversikt over planlagde tiltak, basert på årleg registrering og kartlegging. Når budsjettet er vedtatt, blir det gjort konkrete prioriteringar mellom dei ulike bygningane og eigedomane. Vedlikehaldsbehovet er større enn tilgjengelege midlar.

Løpande investeringspostar dekkjer alt frå nytt leikeplassutstyr til innvendige ombyggingar, lys og ventilasjon. Tenestene melder inn behov kvart år, og bygga på vedlikehaldsplanen blir prioritert. Behovet er også her større enn tilgjengelege midlar.

I samarbeid med Digi Nordhordland har vi i 2025 jobba med å etablere og implementere eit nytt FDV- (forvaltning, drift og vedlikehalds-) system. Arbeidet er både tid- og ressurskrevjande - men det vil vere

ein stor fordel når systemet er innarbeidd. Nytt program blir Famac, og det vil bli tatt i bruk i starten av 2026.

Omorganisering og endringar i andre tenester og sektorar fører til endra behov knytt til bygningsmassen vår. I enkelte periodar er det større endringar enn i andre periodar. I 2025 har vi jobba ein del med tilpassingar knytt til skulestruktur, og her veit vi at det kjem nye behov knytt til omstrukturering innanfor både oppvekst og helse framover. Innsparingar i andre tenester krev ofte tilpassingar i forhold til bygningsmasse og bruk av bygg - og genererer mykje arbeid innanfor eigedom. Vi er inni ein periode der det er mykje arbeid knytt til dette - og slike "toppar" i arbeidsmengda medfører noko forskyving på andre prosjekt for å få bemanninga til å gå rundt.

Kommunale bustader er for personar som grunna helse, økonomi og/eller sosiale tilhøve treng bistand til å skaffe eller behalde bustad i tenleg bumiljø. Alver kommune har sidan 2022 tatt i mot mange flyktningar frå Ukraina spesielt. Behovet for kommunale bustader er aukande, og det er krevjande å skaffe nok og riktige bustader. Arbeidsmengda aukar når bustadmassen aukar. Søknader om bustøtte og startlån har og auka vesentleg dei siste åra. Det er ikkje funne rom for å legge inn auka ressursar til dette i budsjettet. Ein større innsats her kan m.a. bidra til redusert behov for sosialhjelp. Det ligg ikkje inne midlar til fleire ressursar på bustadkontoret.

Avdeling for veg, vatn og avløp har i 2025 hatt fleire vakante stillingar og permisjonar, og det har vore underbemanning over tid. Vi opplever at det er krevjande å få tak i riktig kompetanse, og det er få kvalifiserte søkjarar til stillingane. Manglande kapasitet har ført til lågare framdrift knytt til vedlikehald og investering, samt mindre planarbeid enn ønskja. Situasjonen innanfor veg har i løpet av 2025 betra seg, men innanfor VA er vi framleis underbemanna.

Temaplan for trafikksikring er eit arbeid som vegforvaltning har jobba med i 2024 og 2025. Hausten 2025 vart planen lagt ut på høyring og vi reknar med endeleg vedtak våren 2026. Planen vil vere førande for det vidare trafikksikringsarbeidet. Investeringar innan trafikksikring har lagt på vent i påvente av ein vedtatt temaplan.

I løpet av 2025 overtok Alver kommune veglysa på dei kommunale vegane, og med det ansvaret for veglysdrift. Sjølvje drifta vert handtert gjennom eit felles anbod med Vestland Fylkeskommune og omeignskommunar. Det er i 2025 vedtatt eit innsparingsprosjekt ved utskifting av kommunale veglys til LED-lys, og det arbeidet startar i 2026. Det vil gje ein betydeleg reduksjon i straumutgifter til veglys. Det er ikkje auka bemanning for å handtere veglysa, og det må prioriterast innanfor dei rammene vi har i dag.

Arealforvaltning

Miljø og byggjesak vart i 2025 slått saman til ei ny eining, for det som tidlegare var 2 avdelingar Plan og byggjesak og Miljø og tilsyn. Arbeidsoppgåvene som låg til avdelingane er vidareført i ny eining, med unntak av sakshandsaming med reguleringsplanar som er lagt til Plan og utvikling.

I løpet av året er bemanninga redusert med 2 årsverk som ikkje er erstatta. Dette som følgje av at tilsette har slutta og på grunn av mindre byggesøknader inn til kommunen er det per no ikkje sett behov for å erstatta desse stillingane.

På eining for Kart og oppmåling er bemanninga redusert med 0,4 årsverk for perioden februar tom juni, og 1,4 årsverk frå juli og ut året som ikkje er erstatta. Dette basert på at det er ein nedgang i oppmålingssaker inn til kommunen.

Landbrukseininga har stor saksmengd og forvaltar ein stor sum pengar i tilskotsforvaltninga. I tillegg til dei ordinære oppgåvene som forvaltningssaker og tilskotsforvaltning, har landbruksavdelinga ei viktig rolle inn mot andre fagområde i kommunen, i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og innanfor viltforvaltninga. I tillegg har landbruk ei sentral rolle i å rettleie nye gardbrukarar i kommunen vår og vere gode rettleiarar for dei som driv jordbruksnæring. Det er hogd mykje skog i kommunen dei siste åra, og vi ser no store utfordringar med forynginga etter hogst. Dette skuldast mellom anna stor dødelegheit av nye plantar, mellom anna som følge av skader frå snutebille. Nytt regelverk inneber at landbrukseininga må godkjenne spreiding av husdyrgjødsel på innmark, noko som vil føre til auka arbeidsmengd på eininga framover.

Kultur

Alver kulturskule auka elevtalet med mellom 120 til 150 elevplassar etter samanslåinga. Dei siste åra har elevtalet vore stabilt, men med mindre og geografiske variable ventelistar enn før pandemien. Søkjartilfanget er geografisk skeivt, med høge søkjartal på Frekhaug, noko mindre i Knarvik/Alversund og Manger. Søkjartalet andre stadar er med unntak synkende. Det er godt kompetansetilgang for kulturskulen, men nokre rekrutteringsutfordringar enkelte plassar. Distriktsmusikarstillinga vart sett i drift i hausten 2024 og tilført auka kompetanse og kapasitet for samarbeid med lokalt musikkliv. Stillinga er delfinansiert av Vestland fylkeskommune. Kulturskulen flyttar inn i nye lokale på Manger i løpet av 2026.

Alver bibliotek har hatt høg vekst dei siste åra. Veksten gjeld særleg det nye biblioteket i Knarvik, som opna i 2020. Biblioteket på Frekhaug har hatt mellombels ordning sidan 2022, grunna mangel på erstatningslokale etter ein måtte flytte ut av tidlegare lokale på Frekhaug senter. Nytt bibliotek opna juni 2025 i første etasje på Frekhaug kommunehus, med gode besøkstal. Biblioteket på Manger har i lenger tid hatt utfordringar knytt til mellom anna fysisk arbeidsmiljø, og ei lite synleg plassering. Biblioteket vert flytta opp til Manger kommunehus i 2026. Lindås bibliotek har hatt utfordringar med lokala, då den svært opne løysinga har medført tjuveri og hærverk utanfor beteningstid. Dette har ført til behov for investeringar i lokala, som vert jobba med i 2026. Bokbussen avslutta regulær drift hausten 2024, etter fleire år med irregulær drift grunna dårleg tilstand. I 2025 vart det avgjort å ikkje kjøpa inn ny bokbuss. Biblioteket har innført nytt biblioteksystem Cicero i 2025, og vore pilot for arbeidet i IKTNH-kommunane. Biblioteket har vore kompetanseressurs for fleire kommunar.

Ung Alver har hatt godt besøk i ungdomsklubbane, og ungdomskontakten Salto vart del av eininga i 2025. Eininga samarbeider tett med ei rekke aktørar, og driftar MOT i samarbeid med ungdomsskulane. I 2025 har juniortilbodet vorte rullert i heile kommunen, med gode tilbakemeldingar. Barn og unge sin representant vart formalisert i 2024, og hatt ei aukande arbeidsmengd i 2025. Eininga har tett oppfølging og opplæringsoppgåver knytt til ungdomsrådet. Ferieaktivitetane og open hall vart drifta i ulike område av kommunen.

Frivilligheit har hatt særleg fokus på å auka samarbeidet med sektor helse og omsorg om innan frivillige oppgåver og innsats, samt utarbeiding av frivillighetsstrategi i kommunen. På Frekhaug har frivilligsentralane tatt over og pussa opp dei gamle BUA-lokala i første etasje på frivillighuset med gode resultat. Frivilligsentralen på Manger får nye areal i kommunehuset i 2026. Språkverkstaden har drifta fem dagar i veka, med obligatorisk språkopplæring for busette flyktningar i samdrift med frivillige og i tett samarbeid med NAV.

Idrett og friluftsliv har sett god utvikling i utleige og bruk av bygg og anlegg i kommunen, og samarbeider tett med idrettslaga i det daglege. Tilsynsvaktene i Knarvik har justert drifta til å i større grad ta hand om begge hallane. Utviklingsprosjektet knytt til Knarvik stadion har hatt høgt fokus i løpet av året, og ein

har førebudd arbeid knytt til ny trapp til Eldsfjellet og konsekvensar av kunstgrasforskrift. Radøyhallen svømming har hatt godt besøk, og 2025 har vore det første driftsåret i Alver med drift heile det planlagte året utan avbrot av ekstra vedlikehaldsarbeid eller pandemi. BUA opna satellittar på Vikebø og Lindås sommaren 2025.

Fagstab kultur har vidareutvikla den kulturelle skulesekken og spaserstokken, og ferdigstilt vurdering av mogleg bruk av kommunale bygg. Tal på samarbeid med frivillige friluftsprosjekter er høgare enn nokon sinne, og rådgiving til private kulturminneeigarar har høg merksemd. Arbeid med kulturmiljøplan fase 1 er ferdigstilt, og fase 2 god i gong. Fagstaben brukar mykje tid på å uttale seg til saker etter plan og bygningslova, forvaltar tidkrevjande saker etter friluftsløva, og deltek i ulike andre saker innan kulturområdet tverrsektorielt. Fagstaben har hovudansvar for nynorskdagane i Alver, og har oppgåver innan utvikling, oppfølging og forvaltning av ei rekke kulturoppgåver- og spørsmål i det daglege. Det har vore guiding på Bogatunet og Holmestova om sommaren, og fast drift av bygdekinoen på Manger. Meieriet Frekhaug har hatt stor auke i utleige og både opne og lukka arrangement, i tillegg til intern bruk. Salen er i aukande bruk som seremonirom.

Viktige hendingar og resultat i året

Sektor samfunnsutvikling har i 2025 fått ny organisering på plass og fått levert PwC sin rapport om innsparingspotensialet i sektoren. PwC sin rapport blei i hovudsak lagt til grunn for dei føreslegne innsparingstiltaka i sektoren. Då rapporten kom like før fristen for å legge fram innsparingstiltaka, så blei den ikkje bearbeidd i så stor grad som hadde vore ønskjeleg. I ettertid viser det seg difor at vi nok ikkje vil oppnå alle innsparingstiltaka fullt ut, men det totale innsparingskravet står fast.

Vidare har det i 2025 vore viktig å halde fram prioriterte plan- og strategiarbeid som danner grunnlaget for utvikling av samfunnet og organisasjonen. I dette arbeidet har kommuneplanen sin arealdel, ikkje overraskande, stått sentralt. Planen blei lagt ut på 1. ganghøyring i slutten av september 2025.

Sektoren har prioritert følgjande:

- **Planarbeid og medverknad** – Vi har arbeida med å følgje opp gjeldande planstrategi. I plan og analyse har hatt fokus på det omfattande arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Dette er eit tverrfaglig arbeid som krev mykje ressursar.
- **Tettstad- og områdeutvikling** – Vi arbeider kontinuerleg med å utvikle alle sentra gjennom planlegging og aktuelle utviklingsprosjekt, mellom anna å kunne bruke byvekstavtalen til å finansiere aktuelle prosjekt innan infrastruktur, kollektiv, innfartsparkering og teknologi.
- **Næringsutvikling** – Fokus er på å stryke samspelet med næringslivet i kommunen. Særleg sentralt står det systematiske samarbeidet med Nordhordland Næringslag og Industriutvikling Vest.

Generelt

Generelt for sektoren er kapasiteten prega av at rekrutteringsutfordringane held fram. Det er behov for spesialkompetanse innan mange felt, frå juridisk- til sivilingeniør- til handverkar-nivå. Sektoren står i sterk konkurranse med privat sektor. Utan at sektoren skal bli lønsleiane innan kommunal sektor, så må vi nok i større grad tilpasse oss konkurransesituasjonen. Mangel på eigne tilsette gjer at sektoren må kjøpe inn fleire kostbare tenester enn ønskjeleg.

Utvikling, forvaltning og drift av den kommunale eigedomsmassen, vegar og VA-anlegg

Det blir jobba med miljøprofil i forhold til bilpark, kjemikaliebruk, materialbruk, gjenbruk og kjelde-sortering / gjenvinning. Drift- og vedlikehaldsområdet har hatt ekstra innsats på beredskap i vassforsyninga, forsterka grunna uro og krig i Ukraina og det generelle verdsbiletet. Det same gjeld med tanke på IKT-sikkerheit knytt til samfunnsskriske funksjonar.

Arbeidet med energisparetiltak har halde fram i 2025, med nattsinking av temperatur mm. Det er vanskeleg å få god styring på innetemperaturen sidan store deler av bygningsmassen til Alver er gamal og nedslitt, og dårleg isolert. Standard lyskjelder og lysarmaturar blir gradvis skifta ut i tråd med dei siste EU-direktiva.

Alle bygg og anlegg inngår i ein fire-årleg vedlikehaldssyklus. Gjennomføring av tiltak er avhengig av tilgjengeleg budsjett. Innsparingskrav har ført til redusert vedlikehaldsbudsjett, og vi driv ikkje verdibevarande vedlikehald. Vedlikehaldskostnadene er elles større jo eldre bygningsmassen er, og Alver kommune har mykje gamal bygningsmasse. Risikoen ved å ligge såvidt lågt på vedlikehaldet, og i stor grad kun fokusere på å halde bygg og utstyr "flytande" er at det kan oppstå situasjonar kor utstyr sluttar å virke og det ikkje er mogleg å reparere. Dette medfører i desse tilfella akutte investeringsbehov for å framleis kunne halde bygningar/tenester opne.

Bustadkontoret samarbeider tett med husbanken for formidling av diverse støtteordningar, aukande etter kvart som den private økonomien skrantar. Bustadkontoret har betalt ut kr 180 mill. kr i startlån til innbyggjarane, og i tillegg ca. 13 mill i startlån til førstegangsetablerarar. Det er stadig aukande behov for kommunale bustader, både til flyktningar og andre som treng hjelp for å komme inn i bustadmarknaden. Ressurssituasjonen er krevjande, men det er ikkje funne rom for å auka kapasiteten ved bustadkontoret i budsjettet no.

Saksbehandling og forvaltning av bygge- og delesaker, kart og oppmåling, landbruk, natur, miljø og ureining

Det er gjennomført forvaltningsrevisjon av bygggesakshandsaminga i 2025. Den viser at kommunen driv innanfor lov og gjeldande regelverk, men peiker på viktige tilrådingar som vi skal følge opp og ha fokus på framover.

Landbruksavdelinga har stor saksmengd og forvaltar store summar innanfor tilskotsordningane som ligg til landbruket. I tillegg har landbruk ei sentral rolle i å rettleie nye gardbrukarar i kommunen vår og vere gode rettleiarar for dei som driv jordbruksnæring. Det kjem stadig nye krav og forventningar får statleg hald til kva landbruksavdelinga skal gjere og følgje opp. I 2025 vart det inngått ny avtale om vertskommunesamarbeid for Felles landbrukskontor for Alver, Austrheim og Modalen.

Tenesteområdet har innanfor sine fagområde teke del i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, både med gjennomgang av gjeldande reguleringsplanar, føresegnar og med temaplan for naturmangfald og kjerneområde landbruk.

Tiltaksplanen for Mjåtveitvassdraget vart godkjent i kommunestyret 18.12.2025. Denne planen er eit godt verktøy i det vidare arbeidet med å sikra elvemuslingsbestanden og vasskvaliteten i elva.

Resultat for sjølvkostområda for 2025 har følgjande resultat (basert på etterkalkyle for sjølvkostområda utarbeida etter sjølvkostmodellen Momentum Selvkost Kommune):

Sjølvkostområde	Gebyrinntekt	Dekningsgrad
Bygge- og delesaker	12 233 019	101 %
Seksjonering	385 617	102 %
Oppmåling	3 711 800	93 %
Forureining, utslepp private avløpsanlegg	2 222 485	96 %

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Tenestekområde	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
410-Plan og analyse	8 438	14 062	10 190	3 873	27,5 %
420-Kultur	48 536	53 708	52 448	1 260	2,3 %
440-Brann og redning	32 307	34 854	31 392	3 462	9,9 %
700-Teknisk forvaltning og drift stab	13 029	9 247	9 590	-343	-3,7 %
710-Arealforvaltning	16 610	12 542	11 803	739	5,9 %
720-Drift og vedlikehold	220 726	230 063	226 317	3 746	1,6 %
730-Eigedomforvaltning	-14 221	-1 472	1 313	-2 785	-189,2 %
Sum	325 426	353 005	343 052	9 953	2,8 %

Kommentar til status økonomi

Sektoren har samla sett eit mindreforbruk på 10 millionar kroner.

Hovudforklaringa er at samla sett har sektoren eit mindreforbruk på løn på 19,5 millionar kroner. Mindreforbruket kjem av at stillingar har blitt halde vakante som følgje av lågre aktivitet eller utfordringar med å rekruttere. Det har også vore ein bevisst strategi å ikkje erstatte sjukefråvær med vikarar der det har vore mogleg.

Ein anna forklaring er at områda i sektoren ikkje alltid har hatt kapasitet til å gjere alle planlagte oppgåver. Dette har til dømes gjort at kjøp av varer og tenester til vedlikehald av vegar/bygg/VA har samla eit mindreforbruk på omlag 12 millionar kroner. Dette tyder ikkje at behovet ikkje er der, men at manglande kapasitet, både internt og hos leverandørar, har gjort at ikkje alle planlagte oppgåver har blitt gjennomført. Når det gjeld drift og vedlikehald av kommunale bilar og køyretøy har vi hatt eit meirforbruk på om lag 4,9 millionar kroner, om lag 1,5 millionar kroner av dette skriv seg til maskiner og lastebilar som har gått langt/hatt høg brukstid og av den grunn har fått høge vedlikehaldskostnader.

Dei låge kostnadene er også gjeldande innanfor sjølvkost VA, og gjer betydelege overskot på sjølvkostområda. Overskota skal plasserast i fond. Avsetning til fond er omlag 12 millionar kroner høgare enn budsjettert. Meirkostnader til avskrivning og renter med meir på sjølvkost VA utgjer omlag 4 millionar kroner. Samla gjer dette ein "meirkostnad" på finans med omlag 16 millionar kroner samanlikna med budsjett i sektoren.

Samla inntekt i sektoren er omlag på budsjettert nivå, men salsinntekter er omlag 8 millionar kr lågare enn budsjettert. Dette kjem frå sjølvkost områda innan VAF og arealtenester, samt husleigeinntekter. Auka refusjonsinntekter og også fondsbruk kompenserer samla sett for inntektssvikten på salgsinntekter.

Dei fleste tenesteområda i sektoren leverer eit mindreforbruk for 2025. Kommunalsjefen opplever at tenesteområda har god budsjettkontroll og stor lojalitet til vedtatte budsjetttrammer. Samstundes er kommunalsjefen uroa for eit auka vedlikehaldsetterslep. I den økonomiske situasjonen Alver kommune er klarer vi ikkje å drive verdibevarande vedlikehald i så stor grad som vi ønskjer.

Internkontroll og HMS i sektoren

- Arbeidet med Brann-ROS blei avslutta, den inneheld ei kartlegging av over 850 risikoobjekt i heile kommunen som påverkar brann- og redningstenesta. Etter kartlegginga blei arbeidet med beredskapsanalyse og førebyggjandeanalyse starta. Arbeidet med analysane og handlingsplan er ferdig og skal kvalitets-sikrast i 2026.
- I samarbeid med Digitalisering og Innovasjon, Nordhordland (DI) har ein etablert eit fagsystem for forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) for brann og redning. Dette systemet er viktig for å sikre trygg og effektiv drift av fagområdet. Alver kommune v/NHBR har inngått avtale med Bliksund.
- Det er vedtatt at heile NHBR skal nytta Bliksund som fag-system. Ein skal også bruka Bliksund til registrering av alle avvik. Ein vil da få all data på ein plattform/system og ein vil dermed få berde statistikk/oversikt.
- Andelen kvinner i drift og vedlikehald har også auka gjennom 2025 i tenesteområdet. I avdelingane er det stort fokus på likeverd, og ein jobbar aktivt med å ha ein arbeidsplass der alle har like rettar uansett gruppestilhøyring og personlege forhold.

Sjukefråveret er lågare enn snittet for Alver kommune totalt sett. Det er likevel høgt, og utfordrande med tanke på oppgåvene som skal løysast. Næraste leiar har tett oppfølging av dei sjukemeldte, og legg til rette for arbeidstakar dersom det er behov for det. Kontorarbeidsplassane har fått gjennomført arbeidsplassvurdering på ergonomi, og tiltak som innkjøp av nye stolar, armstøtte, golvmatter, ergonomiske tastatur osv er gjennomført. Det er også gjennomført kartlegging av inneklima enkelte stader.

Internkontrollarbeidet i 2025 har omhandla følgjande tema:

- Arbeidet med fakturakontroll er stadig pågåande.
- Arbeidet med å oppdatere rutinar i kvalitetssystemet er i kontinuerleg arbeid.
- Arbeid med HMS ROS for tenesteområda. Dette er og eit kontinuerleg arbeid i tenesteområde og avdelingar.

Sektoren har hatt eit særleg fokus på avvikssystem og forbetningsarbeid ute i avdelingane. Målet er å få auka forståinga av kva nytte kommunen har av systematisk arbeid med avvik, læring og forbetring. Deltakinga og engasjementet har vore stort. Sektoren klatrer sakte men sikkert oppover avvikstrappa (kultur for å melde og handtere avvik i forbetningsarbeidet), og arbeidet held fram i 2026.

Årsrekneskap

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Rammetilskot		-1 226 489	-1 284 290	-1 318 865	-1 302 913	-1 318 865	-15 952
Inntekt- og formuesskatt		-990 646	-1 105 810	-1 102 927	-1 132 433	-1 102 927	29 506
Eigedomsskatt		-108 693	-96 000	-94 700	-93 604	-94 700	-1 096
Andre generelle driftsinntekter		-180 197	-131 857	-127 720	-119 976	-127 720	-7 744
Sum generelle driftsinntekter		-2 506 026	-2 617 957	-2 644 212	-2 648 925	-2 644 212	4 713
Korrigert sum løyvingar drift, netto		2 373 137	2 479 596	2 512 659	2 500 566	2 512 659	12 094
Avskrivningar	4	146 961	158 697	158 697	148 290	158 697	10 407
Sum netto driftsutgifter		2 520 098	2 638 293	2 671 356	2 648 855	2 671 356	22 501
Brutto driftsresultat		14 073	20 336	27 144	-70	27 144	27 215
Renteinntekter		-46 382	-35 220	-56 080	-59 506	-56 080	3 426
Utbytte		-45 126	-35 000	-36 100	-36 101	-36 100	1
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	15	-15 103	0	-7 000	-10 953	-7 000	3 953
Renteutgifter	6	167 783	145 760	182 171	184 238	182 171	-2 067
Avdrag på lån	6	110 095	118 800	113 400	113 496	113 400	-96
Netto finansutgifter		171 266	194 340	196 391	191 175	196 391	5 216
Motpost avskrivningar		-146 961	-158 697	-158 697	-148 290	-158 697	-10 407
Netto driftsresultat		38 378	55 979	64 838	42 815	64 838	22 023
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering		6 677	6 400	8 650	10 370	8 650	-1 720
Avsettingar til bundne driftsfond	8,12	14 819	3 434	3 434	24 207	3 434	-20 773
Bruk av bundne driftsfond	8,12	-9 142	-717	-717	-9 275	-717	8 557
Avsettingar til disposisjonsfond	8	558	0	0	579	0	-579
Bruk av disposisjonsfond	8	-51 288	-65 096	-76 205	-68 696	-76 205	-7 509
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen		0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		-38 378	-55 979	-64 838	-42 815	-64 838	-22 023

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0	0	0

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Sentrale postar		-970	0	0	550	0	-550
Politisk styring		49 682	46 585	46 856	45 937	46 924	987
Organisasjon		109 376	212 209	229 632	118 094	124 560	6 466
Helse og omsorg		1 016 396	982 442	987 546	1 064 324	1 044 978	-19 345
Oppvekst		951 132	992 547	994 638	1 025 652	1 024 848	-804
Samfunnsutvikling		325 426	327 668	335 642	343 052	353 005	9 953
Sum løyvingar drift, netto		2 451 042	2 561 451	2 594 314	2 597 608	2 594 314	-3 294
Av dette:							
Avskrivinger		31 318	35 125	35 125	36 100	35 125	-975
Netto renteutgifter og -inntekter		41 639	44 013	43 813	46 394	43 813	-2 581
Overføring til investering		369	0	0	730	0	-730
Avsetninger til bundne driftsfond		14 613	3 434	3 434	23 561	3 434	-20 127
Bruk av bundne driftsfond		-9 142	-717	-717	-9 275	-717	8 557
Avsetninger til disposisjonsfond		0	0	0	10	0	-10
Bruk av disposisjonsfond		-892	0	0	-479	0	479
Korrigert sum løyvingar drift, netto		2 373 137	2 479 596	2 512 659	2 500 566	2 512 659	12 094

Kommentar til skjema § 5-4 Løyvingar - drift

Det er ulikheit mellom opprinneleg budsjett og revidert budsjett mellom sektorar. Årsaka er at løn og pensjon opprinneleg vart budsjetttert på organisasjon og utvikling. Då lønsforhandlingane var ferdige, fordelte ein lønnsendingane og pensjonen ut på de rette sektorane etter politisk fullmakt.

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Sentrale postar		-970	0	0	550	0	-550
Politisk styring		49 682	46 585	46 856	45 937	46 924	987
Organisasjon		109 376	212 209	229 632	118 094	124 560	6 466
Av dette:							
Netto renteutgifter og - inntekter		-400	-190	-390	-333	-390	-57
Avsetninger til bundne driftsfond		2	0	0	50	0	-50
Bruk av bundne driftsfond		-380	0	0	-2	0	2
Helse og omsorg		1 016 396	982 442	987 546	1 064 324	1 044 978	-19 345
Av dette:							
Netto renteutgifter og - inntekter		-3	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond		516	0	0	4 583	0	-4 583
Bruk av bundne driftsfond		-1 857	0	0	-1 212	0	1 212
Avsetninger til disposisjonsfond		0	0	0	10	0	-10
Bruk av disposisjonsfond		-5	0	0	0	0	0
Oppvekst		951 132	992 547	994 638	1 025 652	1 024 848	-804
Av dette:							
Netto renteutgifter og - inntekter		5	0	0	1	0	-1
Avsetninger til bundne driftsfond		4 459	0	0	3 372	0	-3 372
Bruk av bundne driftsfond		-2 180	0	0	-3 257	0	3 257
Samfunnsutvikling		325 426	327 668	335 642	343 052	353 005	9 953
Av dette:							
Avskrivninger		31 318	35 125	35 125	36 100	35 125	-975
Netto renteutgifter og - inntekter		42 038	44 202	44 202	46 725	44 202	-2 523
Overføring til investering		369	0	0	730	0	-730
Avsetninger til bundne driftsfond		9 635	3 434	3 434	15 557	3 434	-12 122
Bruk av bundne driftsfond		-4 726	-717	-717	-4 804	-717	4 087
Bruk av disposisjonsfond		-887	0	0	-479	0	479
Sum løyvingar drift, netto		2 451 042	2 561 451	2 594 314	2 597 608	2 594 314	-3 294
Av dette:							
Avskrivninger		31 318	35 125	35 125	36 100	35 125	-975
Samfunnsutvikling		31 318	35 125	35 125	36 100	35 125	-975
Netto renteutgifter og - inntekter		41 639	44 013	43 813	46 394	43 813	-2 581
Organisasjon		-400	-190	-390	-333	-390	-57
Helse og omsorg		-3	0	0	0	0	0

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Oppvekst		5	0	0	1	0	-1
Samfunnsutvikling		42 038	44 202	44 202	46 725	44 202	-2 523
Overføring til investering		369	0	0	730	0	-730
Samfunnsutvikling		369	0	0	730	0	-730
Avsetninger til bundne driftsfond		14 613	3 434	3 434	23 561	3 434	-20 127
Organisasjon		2	0	0	50	0	-50
Helse og omsorg		516	0	0	4 583	0	-4 583
Oppvekst		4 459	0	0	3 372	0	-3 372
Samfunnsutvikling		9 635	3 434	3 434	15 557	3 434	-12 122
Bruk av bundne driftsfond		-9 142	-717	-717	-9 275	-717	8 557
Organisasjon		-380	0	0	-2	0	2
Helse og omsorg		-1 857	0	0	-1 212	0	1 212
Oppvekst		-2 180	0	0	-3 257	0	3 257
Samfunnsutvikling		-4 726	-717	-717	-4 804	-717	4 087
Avsetninger til disposisjonsfond		0	0	0	10	0	-10
Helse og omsorg		0	0	0	10	0	-10
Bruk av disposisjonsfond		-892	0	0	-479	0	479
Helse og omsorg		-5	0	0	0	0	0
Samfunnsutvikling		-887	0	0	-479	0	479
Korrigert sum løyvingar drift, netto		2 373 137	2 479 596	2 512 659	2 500 566	2 512 659	12 094
Sentrale postar		-970	0	0	550	0	-550
Politisk styring		49 682	46 585	46 856	45 937	46 924	987
Organisasjon		110 154	212 399	230 022	118 378	124 950	6 571
Helse og omsorg		1 017 746	982 442	987 546	1 060 944	1 044 978	-15 966
Oppvekst		948 848	992 547	994 638	1 025 535	1 024 847	-688
Samfunnsutvikling		247 678	245 624	253 598	249 222	270 960	21 738

Kommentar til skjema § 5-4 Løyvingar - drift

Det er ulikheit mellom opprinneleg budsjett og revidert budsjett mellom sektorar. Årsaka er at løn og pensjon opprinneleg vart budsjettert på organisasjon og utvikling. Då lønsforhandlingane var ferdige, fordelte ein lønnsendringane og pensjonen ut på de rette sektorane etter politisk fullmakt.

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Investeringar i varige driftsmidar	4,10	198 280	480 588	355 041	267 274	355 041	87 767
Tilskot til andre sine investeringar		2 878	10 647	4 339	3 175	4 339	1 164
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		6 307	6 400	6 900	6 896	6 900	4
Utlån av eigne midlar	11	0	0	0	40 000	0	-40 000
Avdrag på lån		0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter		207 465	497 635	366 280	317 344	366 280	48 936
Kompensasjon for meirverdiavgift		-17 130	-58 082	-46 854	-25 897	-46 854	-20 957
Tilskot frå andre		-20 999	-40 196	-67 307	-85 840	-67 307	18 533
Sal av varige driftsmiddel		-9 404	0	0	-47 776	0	47 776
Sal av finansielle anleggsmiddel		0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap		0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel		-2 500	-2 500	-2 500	-3 673	-2 500	1 173
Bruk av lån		-150 882	-390 457	-240 968	-143 914	-240 968	-97 054
Sum investeringsinntekter		-200 914	-491 235	-357 630	-307 100	-357 630	-50 530
Vidareutlån	10	186 518	150 000	230 000	188 581	230 000	41 419
Bruk av lån til vidareutlån		-186 518	-150 000	-200 000	-162 806	-200 000	-37 194
Avdrag på lån til vidareutlån		27 416	35 000	35 000	28 044	35 000	6 956
Mottatte avdrag på vidareutlån	10	-51 121	-35 000	-35 000	-59 317	-35 000	24 317
Netto utgifter vidareutlån		-23 705	0	30 000	-5 499	30 000	35 499
Overføring frå drift		-6 677	-6 400	-8 650	-10 370	-8 650	1 720
Avsettingar til bundne investeringsfond	8	23 705	0	0	31 273	0	-31 273
Bruk av bundne investeringsfond	8	0	0	-30 000	-25 774	-30 000	-4 226
Avsetningar til ubunde investeringsfond	8	126	0	0	126	0	-126
Bruk av ubunde investeringsfond		0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekket beløp		0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar		17 154	-6 400	-38 650	-4 745	-38 650	-33 905
Framført til inndecking i seinare år (udekt)		0	0	0	0	0	0

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
IKT og administrasjon							
Digitalisering Nordhordland		4 614	4 795	4 795	4 786	4 795	9
Diverse datautstyr, PC-er mm.		1 040	1 400	1 400	1 553	1 400	-153
Fellesanskaffingar elev-pc'ar, nettbrett og interaktive tavler skule		2 549	2 000	3 201	3 328	3 201	-127
Sjukesignalanlegg - sjukeheimar		0	10 000	500	0	500	500
IKT-utstyr møterom		326	300	434	215	434	219
Utbygging WiFi og datanett kommunale bygg		640	800	2 300	1 597	2 300	703
Digitalt kartverk		23	250	477	326	477	151
Møblement skular - investering		0	0	0	790	0	-790
Sum IKT og administrasjon		9 191	19 545	13 107	12 597	13 107	510
Administrasjonsbygg							
Investering kommunale bygg		9 766	5 000	4 694	5 322	4 694	-628
Rehabilitering tak diverse kommunale bygg		8 881	3 800	4 919	0	4 919	4 919
Skilt kommunale bygg		0	2 180	1 680	1 237	1 680	443
Rådhuset - Ombygging innbyggjarservice og formannskapssal		0	5 000	5 000	5 460	5 000	-460
FDV-prosjekt dokumentasjon		0	3 000	1 000	664	1 000	336
Inventar NAV, alver sin andel		199	0	0	0	0	0
Sum Administrasjonsbygg		18 846	18 980	17 293	12 682	17 293	4 611
Barnehagebygg							
Lindås barnehage		183	0	0	0	0	0
Bø Barnehage		875	0	0	0	0	0
Investering barnehagebygg		649	400	841	657	841	184
Samle Prestmarka barnehage i Solhall		0	23 000	4 500	1 515	4 500	2 985
Sæbø barnehage, rehabilitering		0	3 500	0	0	0	0
Sum Barnehagebygg		1 707	26 900	5 341	2 171	5 341	3 170
Skulebygg							
Ny Alversund barneskule inkl hall og infrastruktur		836	500	500	275	500	225
Knarvik ungd.sk. Uteområde		130	3 640	6 028	6 247	6 028	-219
Leikeplassutstyr		1 043	500	587	427	587	160
Investering skulebygg		5 318	3 000	4 702	4 921	4 702	-219
Ny ungdomsskule - Frekhaug-området		145	0	1 316	1 041	1 316	275
Vaskerobot Alversund skule		31	0	0	31	0	-31
Ombygging Rosslund skule		2 824	0	0	0	0	0
Mogelegheitsstudier barnehage- og skulebruksplan		0	2 000	0	0	0	0
Lindås barneskule - tilrettelegging mottaksskule		0	5 000	2 500	1 993	2 500	507
Hordabø skule - tilrettelegging mottaksskule		0	2 600	3 100	2 079	3 100	1 021
Tiltak for å oppretthalde Eikanger skule		0	6 000	1 000	584	1 000	416
Manger skule - ny paviljong		0	0	3 600	4 022	3 600	-422

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Meland ungdomsskule oppgradering - inneklima		0	0	1 500	1 054	1 500	446
Sum Skulebygg		10 329	23 240	24 833	22 676	24 833	2 157
Kultur og idrett							
Utstyr idrettsanlegg		104	300	300	241	300	59
Kommunehuset på Manger - kulturhus/ kino - rehabilitering		275	0	0	0	0	0
Tilpasning til ny forskrift kunstgrasbaner		0	0	1 495	942	1 495	553
Utstyr Kultur		315	300	300	165	300	135
Stisikring Eldsfjellet		0	0	0	130	0	-130
Etablere bibliotek i Kommunehuset på Manger		0	3 000	3 000	462	3 000	2 538
Etablere kulturskolen i Kommunehuset på Manger		317	0	3 678	361	3 678	3 317
Ombygging Biblioteket - Kommunehuset på Frekhaug		2 295	4 160	3 490	3 507	3 490	-17
Diverse BUA		129	0	131	100	131	31
Sum Kultur og idrett		3 435	7 760	12 394	5 908	12 394	6 486
Bustader							
Nye bustader rus og psykiatri		1 793	0	0	0	0	0
Investering bustader		1 532	1 000	1 000	219	1 000	781
Kjøp og sal av bustader		4 091	5 000	17 287	3 703	17 287	13 584
Mjåtveitstø Bufellesskap		7 765	32 070	27 195	26 728	27 195	467
Utbetring tak kommunale bustader		0	0	1 938	914	1 938	1 024
Sum Bustader		15 182	38 070	47 420	31 565	47 420	15 855
Institusjon og omsorgsbustader							
Investering institusjon og omsorgsbustader		703	2 000	3 287	3 642	3 287	-355
Samlokalisering omsorgsbustader pluss - habiliteringstenesta		447	0	0	0	0	0
Oppussing Kvasten avlastingsbustad, ny del		297	0	0	0	0	0
Ombygging Lindås Bu og Servicesenter		41	0	0	0	0	0
Ombygging Meland sjukeheim - dagsenter		1 519	0	181	227	181	-46
Såtabu - Ombygging til nytt pasientrom		173	0	1 427	1 422	1 427	5
RIB Manger kjøkken og anna enkel oppgradering		0	2 000	1 200	1 118	1 200	82
Nyinvestering kjøp/frys/varme		0	1 550	1 550	1 841	1 550	-291
Sum Institusjon og omsorgsbustader		3 182	5 550	7 645	8 250	7 645	-605
Kyrkjer og gravplassar							
Lindås Gravplass		216	0	0	0	0	0
Sum Kyrkjer og gravplassar		216	0	0	0	0	0
Transportmidlar og teknisk utstyr							
Ny feiarbil		1 011	0	0	0	0	0
Utskifting og behov maskinar og utstyr		197	2 000	2 268	409	2 268	1 859
Kommandobil Nordhordland brann og redning		0	0	2 082	887	2 082	1 195

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Kjøp av bil - Felles biladministrasjon		14 441	0	2 360	2 780	2 360	-420
Utskifting lyskilder og armatur		0	2 000	2 000	1 839	2 000	161
Sum Transportmidlar og teknisk utstyr		15 648	4 000	8 710	5 914	8 710	2 796
Brann og redning							
Brann- og driftstasjon Manger		2 580	36 740	26 146	22 076	26 146	4 070
Nye brannbilar		5 670	0	1 430	490	1 430	940
Diverse investeringar brann		749	500	500	220	500	280
Redningsbåt Brann		1 933	0	0	0	0	0
Sum Brann og redning		10 932	37 240	28 076	22 785	28 076	5 291
Sjølvkost Vatn							
Hestdal - Nytt vannbehandlingsanlegg		500	0	0	0	0	0
Birkeland - Hella vatn		3 712	0	300	153	300	147
Mindre tiltak vatn, 2024-2034		8 554	10 000	12 359	4 510	12 359	7 849
Bøvågen - Marøy VA-anlegg, vatn		434	22 280	469	18	469	451
Frekhaugkrysset - Sagstad skule, vassleidning (NHP) / Vatn-del		4 180	4 160	4 965	3 135	4 965	1 830
Myrvollane - Moldekleiv, VA-anlegg, vatn-del		8 624	7 550	6 376	3 311	6 376	3 065
Moldekleiv - Fosse (NHP), VA-anlegg / Vatn-del		239	1 040	1 101	415	1 101	686
Separering prosessvatn frå vassverket på Holsnøy		0	0	10 000	8 956	10 000	1 044
Knarvikplanen, VA-anlegg / Vatn-del		3 665	7 710	6 049	4 842	6 049	1 207
Rimmo - Dalen - Hilland VA-anlegg - Vatn-del		11	5 210	2 979	578	2 979	2 401
Ringledning Mongstad-Austrheim-Radøy (Ringledning nord) / Vatn		0	1 000	0	7	0	-7
Austmarka - trykkøkning mot Olsvoll / Vatn		602	21 030	11 907	5 934	11 907	5 973
Industri- og drikkevatt til Mongstad		20 280	15 620	24 206	22 105	24 206	2 101
Utgreiing av oppgradering - vassbehandling		0	1 040	0	0	0	0
Brannvassbasseng Eikanger		473	9 890	12 500	10 594	12 500	1 906
Vikebø - Fløksand - Vollo, overføring vatn og avløp / Vatn-del		96	520	520	0	520	520
Vetås - Storheim - Solheim, VA-anlegg, / Vatn-del		28	0	0	0	0	0
Manger skule VA-anlegg, vatn		925	0	0	0	0	0
Sum Sjølvkost Vatn		52 324	107 050	93 731	64 559	93 731	29 172
Sjølvkost Avlaup							
Hestdal Vannbehandlingsanlegg - Avlaup		652	0	348	0	348	348
Mongstad base, avløpsleidningar kommunal del		0	0	0	-825	0	825
Mindre tiltak avlaup 2024-2034		7 636	10 000	12 363	6 891	12 363	5 472
Bøvågen - Marøy VA-anlegg, avløp		466	8 950	506	6	506	500

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Frekhaugkrysset - Sagstad skule, vassleidning (NHP) / Avlaups-del		1 869	1 040	1 472	733	1 472	739
Myrvollane - Moldekleiv, VA-anlegg avlaupsdel		8 847	7 550	6 278	5 309	6 278	969
Moldekleiv - Fosse (NHP), VA-anlegg / Avlaups-del		331	1 040	1 040	501	1 040	539
KNARA, hovedrenseanlegg / avlaup		11 089	41 640	22 551	27 806	22 551	-5 255
KNARA, overføring i Knarvik / Avlaup		3	37 480	1 082	589	1 082	493
Knarvikplanen, VA-anlegg / Avlaups-delen		4 207	13 220	8 747	5 788	8 747	2 959
Hilland, Ikenberg, Isdalstø, Klubbstøa, avløpsanlegg (KNARA)		0	2 080	80	252	80	-172
Rimmo - Dalen - Hilland VA-anlegg, avlaup		0	5 210	2 991	544	2 991	2 447
Mongstad Base, reinseanlegg og avløpsleidning		196	3 120	4 998	2 842	4 998	2 156
Vikebø - Fløksand - Vollo, overføring vatn og avløp / Avlaups-del		101	520	520	0	520	520
Vetås - Storheim - Solheim, VA-anlegg, / Avlaups-del		18	0	0	0	0	0
Manger skole VA-anlegg		5 392	0	0	0	0	0
Sum Sjølvkost Avlaup		40 809	131 850	62 976	50 437	62 976	12 539
Veg og samferdsle							
Kommunale vegar		526	2 000	7 858	3 882	7 858	3 976
Trafikksikringstiltak		36	5 402	866	358	866	508
Veglys; Oppgradering av anlegget		0	3 232	3 232	1 871	3 232	1 361
Holme-Tveit - Veg (tilskotsfinansiert)		298	0	0	0	0	0
Veglys gangveg Mjåtveitlaten - Miljøløftet (belønningsmidlar)		0	0	0	278	0	-278
Sum Veg og samferdsle		860	10 634	11 956	6 390	11 956	5 566
Areal og anna utbygging							
Universell utforming/ særlig tilrettelegging		3 676	1 500	2 000	1 989	2 000	11
Planlegging Knarvik, nærsentra og byvekstprosjekt		1 563	2 200	2 200	2 359	2 200	-159
Knarvik - Forskottering utbygging		2 342	40 324	9 864	12 233	9 864	-2 369
Mindre tomtkjøp og -sal/ grensejusteringar		2 638	2 000	2 000	897	2 000	1 103
Offentlege pålegg		294	250	2 000	2 517	2 000	-517
Sykkelskap og sykkelparkering - miljøløftet		454	0	0	635	0	-635
Makebyte med Coop (Gjeld Gecobygget)		0	3 495	3 495	0	3 495	3 495
Sum Areal og anna utbygging		10 968	49 769	21 559	20 631	21 559	928
Diverse prosjekt							
Justeringsavt 2019 Sommerro Panorama		-172	0	0	-172	0	172
Justeringsavt 2021 Langhøyane		-236	0	0	-236	0	236

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Justeringsavtale 2019 F.G. Eiendom		-29	0	0	-29	0	29
Forsikringssak		89	0	0	0	0	0
Forsikringssak Røsvikhaugen 5 a og b		481	0	0	24	0	-24
Forsikringssak Radøyhallen		1 775	0	0	0	0	0
Forsikringssak Alverhallen		2 743	0	0	115	0	-115
Forsikringssak Lindåsvegen 131		0	0	0	789	0	-789
Forsikringssak Lindås barnehage		0	0	0	218	0	-218
Sum Diverse prosjekt		4 651	0	0	709	0	-709
Investeringar i varige driftsmidlar		198 280	480 588	355 041	267 274	355 041	87 767

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Lindås Gravplass		1 031	6 450	10	838	10	-828
Investeringsmidler kyrkjeleg fellesråd		750	1 000	1 000	1 000	1 000	0
Birkeland - Hella vatn		80	0	0	0	0	0
Frekhaugkrysset - Sagstad skule, vassleidning (NHP) / Vatn-del		15	0	0	0	0	0
Industri- og drikkevatt til Mongstad		0	0	0	421	0	-421
Myrvollane - Moldekleiv, VA- anlegg / Avlaups-del		0	0	0	12	0	-12
Knarvik - Forskottering utbygging		100	3 197	3 329	0	3 329	3 329
Justeringsavt 2019 Sommerro Panorama		298	0	0	298	0	-298
Justeringsavtale 2020 Sommerro Panorama		47	0	0	47	0	-47
Justeringsavt 2021 Langhøyane		246	0	0	246	0	-246
Justeringsavtale 2019 F.G. Eiendom		151	0	0	151	0	-151
Justeringsavtale 2022 Sommerro Panorama		161	0	0	161	0	-161
Tilskot til andre sine investeringar		2 878	10 647	4 339	3 175	4 339	1 164

3. Investeringar i aksjar og andelar

Beløp i 1000

